

Kommuneplanen sin arealdel

Bømlo kommune



Plandokument: 06.07.2026

**Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av
arealendringar etter 1. gongs høyring av planframlegget**

Innhald

1	Innleiing/ bakgrunn.....	6
2	Utgreiing og analyse	7
2.1	Konsekvensutgreiing	7
2.1.1	Kommentarar til særskilte problemstillingar	9
2.2	ROS-analyse.....	11
3	Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av enkeltareal	15
3.1	Rolfsnes	15
3.1.1	Rolfsnes 1 – gnr/bnr 75/3 – Fritidsbusetnad	15
3.1.2	Rolfsnes 2 – gnr/bnr 76/3 – Naust.....	18
3.1.3	VA-anlegg Rolvsnes	21
3.1.4	Rolvsnes, Grøntstruktur til bustad og LNF, gbnr 76/2	23
3.2	Goddo.....	26
3.2.1	Goddo 1 – gnr/bnr 75/3 – Fritidsbusetnad	26
3.2.2	Goddo 2 – gnr/bnr 71/14 og 15 – Fritidsbusetnad	29
3.3	Rubbestadneset	32
3.3.1	Rubbestadneset 1 – gnr/bnr 144/18 – Fritidsbusetnad.....	32
3.3.2	VA-anlegg Rubbestadneset.....	35
3.3.3	Bustad til uteoppholdsareal og leikeområde til bustad	37
3.4	Svortland	42
3.4.1	Stavlandsneset, gnr/bnr 108/129 – Småbåtanlegg.....	42
3.4.2	Klovøya - Fritid og turisme	45
3.4.3	VA-anlegg Urangsvåg	47
3.4.4	Straumfjorden, naust til kystfiske, gbnr 109/145	50
3.4.5	Steinsbø, Friområde til bustad	53
3.4.6	Friområde til bustad, R-16	55
3.4.7	Næring til bustad, R - 39	58
3.4.8	Jordbruk/sentralidrettsanlegg til bustad, R – 50 og KPA	60
3.5	Meling	63
3.5.1	Meling 1 – gnr/bnr 107/9 – Fritidsbusetnad.....	63
3.5.2	Meling 2 – gnr/bnr 107/112 – Næring, kystfiske	67
3.5.3	VA-anlegg Meling	70
3.5.4	Naust til næring, R-19	72
3.6	Gilje	75
3.6.1	Gilje 1a og 1b – gnr/bnr 119/3, 22 - Naust	75
3.6.2	Fylkesnes, naust til kystfiske, gbnr. 113/118	78
3.6.3	Mælandsvågen, naust til kystfiske, gbnr. 112/176	80
3.6.4	Leikeområde til bustad, R - 18	83
3.7	Foldrøy	86
3.7.1	Folderøy - Tenesteyting til bustadføre mål.....	86

3.8	Finnås	89
3.8.1	Finnås 1 – gnr/bnr 125/4 – Fritidsbusetnad	89
3.8.2	Finnås 2 – gnr/bnr 132/4, 5, 12 – Naust og småbåtanlegg	91
3.8.3	Finnås 3 – gnr/bnr 122/5, 35 – Bustad	95
3.8.4	Finnås 3a og 3b – gnr/bnr 6/1 – Naust og småbåthamn	99
3.8.5	VA-anlegg Åreiddalen	102
3.8.6	VA-anlegg Sele	105
3.9	Moster	107
3.9.1	Moster 1a og 1b – gnr/bnr 9/3, 62, 63, 64, 65, 66 – Fritidsbusetnad og naust	107
3.9.2	Moster 2a og 2b – gnr/bnr 8/3, 8 – Fritid- og turisme, småbåthamn	111
3.9.3	Moster 3a-f – gnr/bnr 11/8, 19, 64, 142, 174, 175 – Bustad og fritidsbusetnad	114
3.9.4	Moster, Totland, gnr/bnr 14/61 – Uteopphaldsareal	118
3.9.5	Moster, gnr/bnr 13/205 Bustad	120
3.9.6	VA-anlegg Moster	123
3.9.7	VA-anlegg Totland	125
3.9.8	Håvikvågen, naust til kystfiske, gbnr. 9/40	128
3.9.9	Urdaneset, bustad til kystfiske, gbnr 10/38	131
3.9.10	Kallevik, Håvik, Fritid og turismeføremål til naust	133
3.9.11	Moster - Tenesteyting til bustadføremål	135
3.9.12	Grindheim, Friområde til bustad	137
3.9.13	Idrettsanlegg Moster – til bustad	140
3.9.14	Grøntstruktur til anna bygg og anlegg (telekommunikasjonsanlegg/ høgdebasseng), R-8	142
3.10	Langevåg	145
3.10.1	Langevåg 1a og 1b – gnr/bnr 59/6 – Fritidsbusetnad og småbåthamn	145
3.10.2	VA-anlegg Eidesvik	148
3.10.3	VA-anlegg Langevåg	151
3.10.4	Langevåg - Tenesteyting – utvida areal	153
3.10.5	Bustad til leikeplass (R – 72)	156
3.11	Espevær	158
3.11.1	Espevær 1a og 1b – gnr/bnr 46/6, 55, 73, 106, 120, 121, 153, 154 – LNF spreidd bustad/næring og bustad 158	
3.11.2	Tenesteyting til fritid og turisme og uteopphaldsareal, gbnr 46/108 Espevær	161
4	Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av akvakultur-innspel	165
4.1.1	Selsfjorden	165
4.1.2	Selvågneset	168
4.1.3	Hiskholmen	172
4.1.4	Nappaholmen	176
5	Konsekvensutgreiing låssettingsplassar – innspel frå fiskarlaget	180
5.1.1	Innspel A, Barmahaugane, Straumfjorden	181
5.1.2	Innspel B, Furuholmen, Straumfjorden	182
5.1.3	Innspel C, Breivika, Straumfjorden	183


5.1.4	Innspel D, Barmen.....	184
5.1.5	Innspel E, Sakseidvågen	185
5.1.6	Innspel H, Trøytarosen/Kuleseid.....	185
5.1.7	Innspel G, Håvikvika	187
5.1.8	Innspel F, Aga	188
5.1.9	Innspel I, Vorlandsvågen	189
6	Revidert konsekvensutgreiing og ROS-analyse av enkeltareal	190
6.1	Brandasund	190
6.1.1	Brandasund 2a og 2b, gnr/bnr 151/8, 16, 24, 25 – Strandpromenade (blågrøn struktur) og naust ..	190
6.1.2	Brandasund 3, gnr./bnr. 152/1 – LNF-spreidd bustad	193
6.2	Goddo.....	197
6.2.1	Goddo 2, gnr/bnr 64/1 – Fritidsbusetnad.....	197
6.3	Rolfsnes	199
6.3.1	Rolfsnes 1b, gnr/bnr 76/2 - Bustad.....	199
6.3.2	Rolfsnes 2, gnr/bnr 76/131 – Naust.....	202
6.4	Rubbestadneset	205
6.4.1	Rubbestadneset 1, gnr./bnr. 79/9, LNF-spreidd bustad	205
6.4.2	Rubbestadneset 3b og 3c, gnr./bnr. 81/4, 5, 7, 27 - Naust og småbåtanlegg	208
6.5	Svortland	211
6.5.1	Svortland 11, gnr./bnr. 109/5, Bustad	211
6.5.2	Svortland 16, gnr./bnr. 89/6, 79, Bustad	214
6.6	Meling	217
6.6.1	Meling 1b-1c, gnr/bnr 99/2, 26, 30 – Bustad.....	217
6.6.2	Meling 3, gnr/bnr 100/27 m.fl. – Naust.....	220
6.6.3	Meling 4a – 4b, gnr/bnr 101/41 – Naust og småbåtanlegg	222
6.6.4	Meling 9, gnr/bnr 101/15 – Bustad.....	225
6.6.5	Meling 11, gnr/bnr 101/14 – LNF-spreidd bustad	227
6.6.6	Meling 5a-5c, gnr/bnr 103/1 og Meling 6 (gnr/bnr 103/98) – LNF, LNF-spreidd, bustad.....	229
6.7	Gilje	233
6.7.1	Gilje 6, 113/5 – Bustad.....	233
6.7.2	Gilje 7a-7c, gnr/bnr 113/6 mfl. – Næring, naust.....	235
6.7.3	Gilje 9 i og 9j, gnr/bnr 114/1 – Bustad	239
6.7.4	Gilje 8a, b, gnr/bnr 113/11 mfl. – LNF spreidd, småbåtanlegg	241
6.7.5	Gilje 9a,-9h, gnr/bnr 114/1 – Diverse + 10a, gnr/bnr 114/4 – bustad	244
6.8	Moster	248
6.8.1	Moster 5a – gnr/bnr 19/2 – Bustad	248
6.8.2	Moster 7, gnr/bnr 25/9 – Fritid/turisme.....	251
6.8.3	Moster 10a – 10b, gnr/bnr 14/137 – Fritidsbustad, naust	253
6.9	Finnås	256
6.9.1	Finnås 6e og 6f – gnr/bnr 122/3 og 76 - Naust, småbåtanlegg.....	256

6.9.2	Finnås 9a – 9e, gnr/bnr 135/1, fritid- og turisme, småbåthamn	259
6.9.3	Finnås 13b, gnr/bnr 141/3, naust	263
6.9.4	Finnås 16a-e, Kombinert fritid/turisme/næring, bustad, grønstruktur, småbåthamn	266
6.9.5	Finnås 11 – gnr/bnr 7/6, 12, LNF-spreidd	271
6.10	Langevåg.....	274
6.10.1	Langevåg 2a, gnr/bnr 57/34 og deler av 57/4 – Næring	274
6.10.2	Langevåg 7, gnr/bnr 62/3,4,5,7,8,10, LNF-spreidd fritid	277
6.11	Akvakultur	280
6.11.1	Sølvøyane	280

1 Innleiing/ bakgrunn

Bømlo kommune har engasjert Nordplan Stord (tidlegare ABO plan & arkitektur Stord) for å bistå med konsekvensutgreiingar knytt til arealinnspelet.

Det er gjennomført konsekvensutgreiing for arealinnspelet/merknader som kom til 1. gongs offentleg ettersyn av kommuneplanen, etter siling i politisk vedtak i Formannskapet 23.01.25 (sak PS 5/2025). Areal som er konsekvensutgreidd er delt inn i delområde/krinsar i kommunen, sjå kart under, samt eige delkapitel for føremål knytt til akvakultur og opplag. I tillegg er det gjennomført konsekvensutgreiing for nye område for VA-anlegg, eller utvidingar av eksisterande område for VA-anlegg. Desse er samla i eige kapittel. For nokre LNFS-område er det gjennomført ei justering/revisjon av opphavsleg konsekvensutgreiing, for å samkøyre metodikken for konsekvensutgreiing og for planvask for denne typen areal. Desse justeringane er også samla i eit eige kapittel. Konsekvensutgreiinga har vore til politisk handsaming i Formannskapet og der det gjort politiske endringar i forhold til den faglege tilrådinga er dette synt for den aktuelle innspelet.



Figur 1 Oversikt delområde som konsekvensutgreiinga er delt inn i.

Metodekapittelet for konsekvensutgreiing og ROS-analysar er oppdatert i dette dokumentet. Sameleis er også dei nye konsekvensutgreiingane og ROS-analysane gjennomført etter revidert metodikk. Dette gjeld i hovudsak endring i skildring under punktet «samfunnsnytte og berekraft». Konsekvensutgreiingane som vart gjennomført til førstegongs høyring av planframlegget er ikkje endra/oppdatert, men er lagt ved planframlegget. Dei konsekvensutgreiingane som er revidert er merka i dei opphavslege dokumenta, slik at ein kan finna oppdatert versjon i det nye dokumentet.

Nokre innspel til arealdelen er utarbeidd av Nordplan Stord (eller tidlegare ABO eller GØTZ). I tillegg er det innspel der Nordplan Stord har tett kontakt med tiltakshavarar som har levert inn innspel til KPA. Dette er løyst ved at Nordplan Stord har gjennomført verdivurderingane for innspela, mens sjølve konsekvensvurderinga for desse innspela er gjort av kommunen.

Samfunnsdelen til kommuneplanen er eit overordna styringsdokument som legg føringar for korleis det er ønskeleg å utvikla Bømlo framover. Samfunnsdelen dannar grunnlaget og er førande for kommuneplanen sin arealdel. I konsekvensutgreiingane som vart utarbeidd til førstegongs høyring av planframlegget var ein del av arealstrategiane frå samfunnsdelen gjengitt under punktet «samfunnsnytte og berekraft». Arealstrategiane vart ikkje vektla i KU-ane, men var meint som informasjon/bakgrunn. I reviderte og nye KU-ar er arealstrategiane ikkje tatt med.

Gjeldande samfunnsplan for Bømlo kommune ligg [her](#).

2 Utgreiing og analyse

2.1 Konsekvensutgreiing

Godkjent planprogram skildrar det metodiske. Det slår fast at det skal leggjast til grunn tilgjengeleg og relevant informasjon i konsekvensutgreiingane, i tillegg til at lokal kunnskap og fagleg skjønn vil vera ein viktig del av konsekvensutgreiinga for nokre tema.

KU-metodikken er bygd på Statens vegvesen si handbok, V712, og M-1941 frå Miljødirektoratet, men med ei tilpassing til det konkrete plannivået - kommuneplan. Storleik/omfang av arealendringa vert vurdert opp mot konsekvensar. Verdi og konsekvens er skildra med tekst, og samla konsekvens for utgreiingstema er synleggjort ved bruk av fargeskala frå raudt til grønt.

-3 Stor negativ konsekvens	-2 Negativ konsekvens	-1 Liten negativ konsekvens	0 Ingen konsekvens	+1 Liten positiv konsekvens	+2 Positiv konsekvens	+3 Stor positiv konsekvens
---	--	--	---	--	--	---

Følgjande tema er nytta i konsekvensutgreiinga, sjå tabell under:

Utgreiingstema	Delteta	Kunnskapsgrunnlag
Naturverdiar og biologisk mangfald	Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur Strandsone	Er det kjente raudlisteartar, regionalt sjeldne artar eller registrerte naturtypar, funksjonsområde for vilt i området? Verna område? Kva type markslag i området? - Naturbase - Artskart - Gytefelt/oppvekst-/beiteområde (Fiskeridirektoratet) - Vann-nett - Vassforskinga med tilhøyrande regional planar - Viltet i Bømlo (2003) - Kartlegging av kystlynghei i Hordaland 2012
Friluftsliv og rekreasjon	Rekreasjonsbruk Strandsone	Er det kjente friluftsverdiar i området? Ligg innspelet i 100-metersbeltet? - Potensielt tilgjengeleg strandsone (SSB) - Eksisterande tiltak i strandsona og privatiseringsgrad - Fylkesatlas.no

		- Turkart og www.ut.no - Kartlegging av regionale / lokale friluftsområde - Kommuneplan/reguleringsplan med friområde/ friluftsområde - Plan for idrett, friluftsliv og kulturanlegg i Sunnhordland
Landskap	Nærverknad Fjernverknad Strandsone	Er området bygd/ubygd, ope/vegetasjonskledd, godt/ lite synleg, eksponeringsgrad - Kartlegging av landskapstypar i Hordaland (HFK) og landskap NiN - INON - Hellingskart - 3d-kart for vurdering av eksponering/silhuettverknad - Flyfoto og grunnkart
Kulturminne	Kulturminne og kulturmiljø Strandsone	Er det kjente kulturminne eller kulturmiljø i området? - Askeladden - Sefrak-registeret - Fylkesatlas.no - Interkommunal strandsoneplan i Sunnhordland; Kulturminnerik strandsone - Kulturminneplan Bømlo - Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse (KULA)
Naturressursar	Jordbruk og skogbruk Naturressursar Marine naturressursar Fiskeriinteresser	Er det kjente interesser knytt til landbruk, naturressursar og marine ressursar i området? - Ar5: Dyrka mark, innmarksbeite. Skogbonitet og hogstklasse - NGU; grus og pukkførekomst, mineralressursar - Fiskeridirektoratet; Yggdrasil - Kommuneplanen sin arealdel for sjøområde (fiske) - Innspel frå lokale fiskarar - Skjelsandførekomst
Teknisk infrastruktur	Transportbehov Nærleik til teknisk infrastruktur	Er området tilrettelagt med teknisk infrastruktur, som offentleg drikkevatn, avløp, veg, elektrisitet mm.? Vil arealendringa auke belastning av tilgjengelege system? Avstand til kommunale / offentlege tenester? Vil utbygging medføre auka belastning på vegnettet? - Grunnkart - Vegkart.no - Kystverket, Kystinfo Konsekvensvurderinga for temaet skildrar i kva grad området er tilrettelagt med teknisk infrastruktur, ev kor enkelt det er å kopla seg til slik infrastruktur.
Nærmiljø og stadutvikling	Folkehelse Born og unge	Er det etablert bumiljø i området? Kva kvalitet vil nær-/bumiljøet ha? Forureining av luft, vatn, støy nær der folk bur, jobbar eller ferdast? Er det tilbod for mjuke trafikantar? Avstand til sentrum/ skule/ fritidsaktivitetar. - Kommuneplanen/reguleringsplanar - Flyfoto/grunnkart - 1,5 km avstand frå sentrumsområde/delsenter/skule
Karbonrike areal		Er det registrert karbonrike areal i området? Det er knytt størst utslepp til utbygging på myr samt på høgbonitet skog. I forhold til desse er utsleppa mindre ved utbygging på areal med skog på lågare bonitetar, dyrka mark eller beite. Konsekvensvurderinga er basert på både arealtype og storleiken på arealet. - Ar5: Myr/skog/dyrka mark (karbonrike areal)

Næringsliv og sysselsetting	Er område bygd/ubygd? Sjønært? Byggjer arealendringa opp under næring og sysselsetting i kommunen? Verdiskaping? Grøn omstilling og utvikling?
Strandsone	Arealendringa sitt forhold til Statleg planretningslinje for strandsona (SPR), regional kystsonenplan for Sunnhordland og ytre Hardanger, samt Strandsonerettleiar Vestland (digital).
Samfunnsnytte og berekraft	Kva samfunnsnytte gir arealendringa?

2.1.1 Kommenterar til særskilte problemstillingar

Utgangspunktet for konsekvensvurderingane

Nokre arealinnspele ligg i område som allereie er avsett til ulike utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan. Desse områda kan vera ferdig utbygde, dels utbygde eller ikkje utbygde. Sameleis er det innspel om omdisponering av LNF-område som er urørte i dag, og LNF-område som er heilt eller dels utbygde, og der innspelet om arealendring er meir ei stadfesting av eksisterande/utbygd situasjon.

Konsekvensutgreiinga av enkeltareal legg til grunn følgjande:

- Det er valt at konsekvensutgreiinga av enkeltinnspel på land tek utgangspunkt i eksisterande/utbygd situasjon for temaa naturverdiar/biologisk mangfald, friluftsliv og rekreasjon, landskap, kulturminne og naturressursar. Konsekvens-vurderingane vil såleis vera uavhengige av gjeldande plansituasjon i området.
- Under punktet *Samla vurdering og tilråding* vil det gjerast ei vurdering av konsekvensvurderingane på dei einskilde temaa sett i forhold til gjeldande plansituasjon.

Naturmangfald i konsekvensvurderingane

Det vart gjennomført naturtypekartlegging i Bømlo kommune i 2020, i den sørlege delen av kommunen. Store deler av den nordlege delen av kommunen er ikkje kartlagd for naturtypar. Dette betyr vurderingane i dei sørlege og nordlege delane av kommunen er gjennomført på ulikt kunnskapsgrunnlag. Når det gjeld den utvalde naturtypen kystlynghei, som det er mykje registreringar av på Bømlo, er det tatt i bruk eit eldre kunnskapsgrunnlag, rapporten «Kartlegging av kystlynghei i Hordaland» frå 2012, i dei områda der det ikkje er gjennomført naturtypekartlegging. Dersom det var registrert kystlynghei i 2012 er det eit potensiale for at det framleis er kystlynghei i området. Dette er nemnd i KU-ane, men det er ikkje vektlagt i verdivurderinga.

Strandsone i konsekvensutgreiinga

Overordna føringar slår fast at strandsona er særskilt sårbar for vidare utbygging, og at det skal takast særskilt omsyn til strandsoneverdiar i samband med utgreiing av nye tiltak i 100-metersbeltet mot sjø. Konkrete strandsoneverdiar er i hovudsak knytt til *naturmangfald, kulturminne/miljø, friluftsliv og landskap*. Dei 4 temaa er eigne utgreiingstema i KU-oppsettet der forholdet til strandsona er skildra og konsekvensvurdert. Skildring av korleis tiltaket tek i vare eller er i strid mot overordna føringar er skildra i eige punkt kalla *Strandsone*. Denne er ikkje vekta med ei talfesting av konsekvens, for slik å hindre metodisk dobbeltveking mellom dei ulike tema.

Følgjande punkt vert tillagt vekt i KU når det gjeld strandsone:

- Privatisering og okkuperande verknad. Alle tiltak har eit arealbeslag, men ulike typar tiltak og arealføremål har ulik privatiseringsgrad.
- Arealbruk i samanheng. Småbåthamn, naust/småbåtanlegg med fellesanlegg i tilknytning til anna utbyggingsføremål som t.d. bustad eller fritid, er vurdert å ha ei betre tilnærming til strandsoneverdiar enn enkeltstående naust på private eigedomar.
- Næring til sjø. SPR/kystsonenplan/retteleiar er klare på at område avsett til næring i strandsona skal vera sjørelatert. I utgangspunktet er det ikkje naudsynt at fritid/turisme ligg til sjø.
- Potensiell tilgjengeleg strandsone (SSB) er vurdert inn under tema friluftsliv i KU-en. Her er det presisert om strandsona i området er definert som tilgjengeleg, og lagt inn informasjon om hellingsgrad der det er relevant.
- Byggjegrænse mot sjø. Det er jobba med å sette byggjegrænse mot sjø parallelt med arbeidet med KU av enkeltinnspel.

Innspele om bustad og LNF-spreidd-område

Når det gjeld bustad syner notat om bustadreserve, utarbeidd av kommunen, at KP2013 har ein svært stor bustadreserve i alle delområde i kommunen. I samband med den endelege tilrådinga av enkeltinnspel for bustad og LNF-

spreidd må dette sjåast i samanheng og vurderast i eit overordna perspektiv. Også i samanheng med vurderingar av om enkelte område i eksisterande kommuneplan skal takast ut av planen.

I samband med vurdering av KU for enkeltinnspel er det i utgangspunktet ikkje teke høgde for behovsvurderingar som ein del av tilrådinga. Det enkelte innspelet er vurdert ut frå definerte KU-tema, og i enkelte tilhøve tilrådd positivt med atterhald om ei overordna behovsvurdering. Dette gjeld i utgangspunktet dei fleste arealføremål, men er særskilt viktig når det kjem til kommunen sine behov for nye bustadareal.

Planprogrammet peikar på at Bømlo er ein desentralisert kommune med livskraftig busetnad og næringsverksemd i nær heile kommunen. Sentraliseringa skal ikkje vera til hinder for busetnad utanfor eit senter. Det skal vidareførast busetnad i LNF-område for spreidd busetnad.

Innspel om fritidsbustad

Planprogrammet peikar på at fritidsbustader framleis kan ligge ved sjø, og at kartlegging av funksjonell strandsone skal vera kunnskapsgrunnlaget for kvar ein kan plassere fritidsbustader i forhold til nærleik av sjø. Planprogrammet seier vidare at tidlegare regulerte område, allereie detaljregulerte område, samt område avsett til dette føremålet i gjeldande kommuneplan skal vidareførast. I konsekvensvurderinga for arealinnspel for fritidsføremål er dei statlege planretningslinjene for strandsona og strandsonerettleiaren for Vestland fylke lagt til grunn. Nye fritidsføremål innanfor 100-metersbeltet er som hovudregel ikkje tilrådd.

Naust, småbåtanlegg og småbåthamn

I konsekvensutgreiinga for innspel på naust og småbåtanlegg er strandsonerettleiaren for Vestland og SPR lagt til grunn. I tillegg vert plassering av innspela vektlagt, dvs. nærleik til bustadområde og eksisterande infrastruktur i området. Planprogrammet seier at felles småbåtanlegg/-hamner i tilknytning til eksisterande busetnad skal prioriterast. Dette er også i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, og slike område vert tilrådd i konsekvensutgreiinga dersom dei ikkje er i vesentleg konflikt med konkrete utgreiingstema.

Næring, kystfiske

Det er ein del innspel på endring frå naustføremål til næring/kystfiske. Dette gjeld kystfiskarar som ynskjer å ha naustet/ naustområdet som base for næringsaktiviteten sin. Slike endringar vert handsama som endring frå naustføremål til næring/kystfiske. Føresegnene regulerer skilnaden på dei to føremåla. Slike innspel er i tråd med strandsonerettleiaren/SPR, for punktet at dette er arealbruk som må ligga til sjø. I tillegg vil arealendringa i stor grad regulere eksisterande situasjon. Innspela vil i hovudsak verte tilrådd positivt dersom dei ikkje er i vesentleg konflikt med konkrete utgreiingstema.

Fritid/turismeføremål

Planprogrammet peikar på at det skal leggjast til rette for næringsverksemd i form av turisme og reiseliv. Når det gjeld fritid-/turistføremål i strandsona seier strandsonerettleiaren for Vestland/SPR at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør i utgangspunktet prioriterast føre areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokalisertast til annan busetnad, og vidare at berre den delen av næring/turisme som må liggje til sjø vert etablert der. Innspela vil i hovudsak verte tilrådd positivt dersom dei ikkje er i vesentleg konflikt med konkrete utgreiingstema.

Næring

Planprogrammet peikar på at kommunen ønskjer å leggja til rette for utviding av eksisterande industriområde, og å opna for næringsareal som ligg til sjø der det kan opparbeidast djupvasskaiar. Det står vidare at tiltak som gjev grøn omstilling og utvikling i næringslivet vil bli prioritert, og at arealdelen må vera fleksibel i forhold til næringsutvikling.

Strandsonerettleiaren for Vestland/SPR peikar på at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring, men at slike tiltak bør samlast og lokalisertast i tilknytning til annan busetnad. Næringsområde i strandsona er såleis i hovudsak tilrådd positivt dersom det er tilstrekkeleg infrastruktur på plass, og innspela ikkje er i vesentleg konflikt med konkrete utgreiingstema.

Akvakultur

Planprogrammet seier at det skal planleggjast med tilstrekkeleg eigna areal for akvakultur både på land og i sjø. Det er vidare peika på at eventuelle nye areal bør vera knytt til infrastruktur, og bør helst ikkje lokalisertast nær

fiskeriinteresser, bustad-, fritidsbustad- eller naustområde, registrert naturmangfald strandsoneverdi eller verneområde.

I konsekvensvurderinga av akvakulturrinnspel i sjø er det lagt til grunn at auka areal utover kommuneplan og/eller godkjent arealbruk (ihht. akvakulturregisteret) gir grunnlag for flytting og justering av eksisterande anlegg, større anlegg og auka produksjon (MTB). Dette er tilhøve som ikkje vert regulert gjennom pbl og kommuneplanprosessen, men det må likevel gjennomførast ei overordna vurdering av desse tilhøva i konsekvensutgreiinga. Konsekvensutgreiinga er såleis «konservativ» på dette punktet, og vil gi større utslag/meir negative konsekvensar enn berre ei flytting/justering av eksisterande anlegg skulle tilseie.

2.2 ROS-analyse

Plan- og bygningslova § 3-1 syner til at planlegginga skal *”fremme samfunnssikkerhet ved å forebygge risiko for tap av liv, skade på helse, miljø og viktig infrastruktur, materielle verdier mv.”*. ROS-analyse til kommuneplanen sin arealdel skal identifisere mogleg uønska hendingar gjennom kartlegging av risiko- og sårbarheitsforhold, jf. pbl. §4-3. ROS-analysen er tilpassa det planleggingsnivået som planen representerer, innspel til kommuneplan. KMD sitt rundskriv H-5/18 «Samfunnssikkerhet i planlegging og byggesaksbehandling» peikar på at målet for kartlegginga gjennom ein ROS-analyse til kommuneplanens arealdel vil i hovudsak vera kartlegging på aktsomheitsnivå, og at det kan gjerast ei grovare kartlegging av risiko og sårbarheitsforhold på dette plannivået. Bakgrunnen for dette er at det erfaringsmessig eksisterer avgrensa kunnskap om dei konkrete tiltaka på dette plannivået, og at kunnskap på farenivå kan utdjupast på reguleringsplannivå. Rundskrivet påpeikar vidare at dersom tiltak skal kunna realiserast direkte med heimel i kommuneplanens arealdel må kommunen ha sikra at krav om kartlegging, risikovurdering og oppfølging på reguleringsplannivå er ivaretatt gjennom kommuneplanprosessen. Dette gjeld til dømes i LNF spreidd-område, der utbygging kan skje utan reguleringsplan. På bakgrunn av dette er LNFS-områda som er positivt tilrådd i konsekvensutgreiinga gjennomgått på nytt etter førstegongs høyring av planframlegget, og fleire av områda er redusert i areal, slik at arealet som ligg igjen i størst mogleg grad ligg utanfor aktsemdområde for naturfarar.

Målsetjinga med ROS-analysen er å laga ei oversikt som avdekkjer risiko som følger av arealendringa og kor sårbar arealbruken er for dei ulike risikotilhøva. Kartlegginga er ein del av kunnskapsgrunnlaget for tilråding av arealendringa, i tillegg til at det gir opplysningar for vidare detaljplanlegging. ROS-analysen er gjennomført slik at ein har sjekka innspela med omsyn til spesifikke tema og grad av risiko, sjå tabellar under. Analysen er integrert i konsekvensutgreiinga for å få eit heilskapleg bilete av situasjonen i kvart enkelt innspelsområde.

ROS-analysen vil peike på punkt og problemstillingar som må vidareførast i detaljregulering og prosjektering av tiltak. Det er ei viss usikkerheit i analysane og datakjeldene med utgangspunkt i at det er offentlege og overordna datasett som er kjeldene i analysen. Med dette som bakgrunn, kan det komme opp problemstillingar som ikkje vert fanga opp i denne analysen. I seinare plansaker må dei følgjast opp med eventuelle kartleggingar/ dokumentasjon, samt nødvendige avbøtande tiltak.

Ei risiko- og sårbarheitsanalyse er ei vurdering av:

- Moglege uønskte hendingar som kan inntreffe i framtida
- Sannsynet for at den uønskt hendinga vil inntreffe
- Sårbarheit ved systema kan påverke sannsyn og konsekvens
- Kva konsekvensar hendinga vil få
- Usikkerheita ved vurderingane

Samfunnsverdiar og konsekvenstypar er utgangspunktet for konsekvensvurderingane i ROS-analysen. I analysen har ein vurdert liv og helse, ytre miljø og materielle verdiar/samfunn. ROS-analysen følger TEK17 sikkerheitsklassar for naturpåkjenningar på bakgrunn av fare for liv og helse og/eller større materielle verdiar.

ROS-analysen tar utgangspunkt i rettleiaren «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging» frå 2017, og følgjer krav frå TEK17. Tabellane under viser sannsyn og konsekvens som det er tatt utgangspunkt i for ROS-vurderingane for enkeltareal. I vurderingane for enkeltareal er temaa økonomi og samfunn samla i «materielle verdiar/samfunn». Dette er Bømlo kommune sine vedteke akseptkriterium.

Tabell 1 Sannsyn

	Sannsyn	Frekvens	TEK 17
1	Mykje sannsynleg	Meir enn ei hending kvart 20. år	S1/F1
2	Sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 20. år, men meir enn ei hending kvart 200.år	S1/F1
3	Noko sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 200. år, men meir enn ei hending kvart 1000.år	S1/F2
4	Lite sannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 1000. år, men meir enn ei hending kvart 5000.år	S2/F2
5	Usannsynleg	Mindre enn ei hending kvart 5000. år	S3

Tabell 2 Konsekvens

	Konsekvens	Liv og helse (L)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller små personskadar. Få og små personskadar som treng medisinsk handsaming. Fråvær avgrensa til bruk av eigenmelding
2	Ein viss fare	Inntil 5 alvorlege personskadar eller mange små personskadar. Fråvær som krev sjukemelding
3	Alvorleg/farleg	Inntil 10 alvorleg skadde personar eller inntil tre dødsfall
4	Kritisk	Inntil 25 alvorleg skadde personar eller inntil ti dødsfall
5	Katastrofal	Fleire enn 25 alvorleg skadde personar eller fleire enn ti dødsfall
	Konsekvens	Materielle verdiar/økonomi (Ø)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydeleg økonomisk kostnad, inntil 1 mill. kr
2	Ein viss fare	Kortvarig skade eller tap av samfunnsverdiar, mellom 1- 10. mill. kr
3	Alvorleg/farleg	Skade eller tap av verdiar av noko varigheit, mellom 10 mill. - 90 mill. kr
4	Kritisk	Skade eller tap av verdi av lengre varigheit, mellom 90 mill. – 300 mill. kr
5	Katastrofal	Varig skade eller tap av samfunnsverdi, over 300 mill. kr
	Konsekvens	Ytre miljø (luft, vatn og grunn) (M)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Ingen eller ubetydelege miljøskadar. Utbeta av naturen sjølv etter kort tid
2	Ein viss fare	Miljøskadar, kort restitusjonstid
3	Alvorleg/farleg	Miljøskadar, < 1 års restitusjon
4	Kritisk	Alvorlege miljøskadar, > 1 års restitusjon
5	Katastrofal	Svært alvorlege miljøskadar, irreversibel skade
	Konsekvens	Samfunnsviktige funksjonar (S)
1	Ufarleg/ubetydeleg	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Ikkje trong for reservesystem
2	Ein viss fare	Systemet vert midlertidig sett ut av drift. Dersom det ikkje finst reservesystem/-alternativ kan det ha konsekvensar for liv og helse, miljø og økonomi
3	Alvorleg/farleg	Driftsstans inntil 1 veke
4	Kritisk	Systemet vert sett ut av drift i fleire veker og månader
5	Katastrofal	Hovud- og avhengige system vert sett permanent ut av drift

Risikomatrissa under viser sannsyn og konsekvens for dei tre temaa som er vurdert for enkeltareal (liv og helse, ytre miljø og materielle verdiar/samfunn). Sannsyn og konsekvens er inndelt i 5X5 og inndelinga med koding gir konsekvenskategoriane grøn, gul og raud som er vist i tabell 4 under. I ROS-analysen for enkeltareal er det berre fargekoden raud/gul/grøn som er gjengitt.

		LIV OG HELSE					ØKONOMI					YTRE MILJØ					SAMFUNN				
SANNSYN	1																				
	2																				
	3																				
	4																				
	5																				
		1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5	1	2	3	4	5
KONSEKVENSS																					

Tabell 4 Det er nytta ein fargebruk i analysen som representerer følgjande:

Høg risiko	Høg risiko gir grunnlag for å ikkje tilrå arealendringa, og dersom endra arealbruk skal tilråast positivt må det settast i verk tiltak for å redusere risiko. Grunnlag for å klassifisere arealendringa i høg risiko: - Arealet ligg i naturfaresonekartlagde område. Vurdering av sårbarheit ihht. tiltaksklasser definert i TEK17. - Arealet er knytt til vegar med særleg høg trafikkfare (dødsulykke) - Strålingsfare for bustadføre mål - Bustadområde i rødt støysone frå veg - Ny arealbruk gir uakseptabel verknad for omgjevnadane, t.d. for støy
Middels risiko	Middels risiko gir grunnlag for å tilrå arealet, men at risiko og sårbarheita for den enkelte hendinga må undersøkast nærmare i reguleringsplan, og at det då må vurderast avbøtande tiltak. Grunnlag for å klassifisere arealendringa i middels risiko: - Arealet ligg i aktsemdssone for naturfare - Arealet vil vera utsett for stormflo/havnivåstigning - Om arealet er knytt til vegar utan fortau/GS-veg eller smal/dårleg veg, for relevante arealføre mål eller for større areal der det vil vera krav om reguleringsplan - Arealet overlappar med gul støysone frå veg eller forureina grunn - Ny arealbruk kan ha verknad for omgjevnadane, men avbøtande tiltak kan gjennomførast
Ingen kjend risiko	Arealet overlappar ikkje med kjent kunnskap knytt til naturfare, forureining (grunn og støy). Analysen har ikkje avdekka hendingar som gjera at arealet er ueigna for bruk/utbygging.

ROS-analysen er gjennomført fortemaa i tabellen under, med grunnlag i desse kjeldene. Lista er utarbeidd med utgangspunkt i DSB sin rettleiar «Samfunnstryggleik i kommunen si arealplanlegging (2017).

Storulykker og tilsikta hendingar er ikkje inkludert i ROS-analysen for enkeltinnspel. Desse temaa vert ivaretekne i overordna heilskapleg ROS. Dette gjeld også lagra farlege stoff (FAST-databasen til DSB)

Det er ikkje gjort vurdering av verksemd-spesifikk risiko, då dette er utfordrande på eit overordna nivå, og arealinnspela ikkje nødvendigvis er konkretisert meir enn til ønska arealføre mål. ROS-analysen peiker på punkt og problemstillingar som må vidareførast i detaljregulering og -prosjektering av tiltak. Det er ei viss usikkerheit i analysane og datakjeldene med utgangspunkt i at det er offentlege og overordna datasett som er kjeldene i analysen. Med dette som bakgrunn, kan det komme opp problemstillingar som ikkje vert fanga opp i denne analysen. I seinare plansaker må dei følgjast opp med eventuelle kartleggingar/ dokumentasjon, samt nødvendige avbøtande tiltak.

ROS-analyse	
Fareidentifikasjon med vurdering av årsak, sannsyn, konsekvens og risiko	
Naturfare	
Skred	Nve.no
• Årsak alle type skred	


- Hendingar som vil skade bygg og tiltak, samt potensielt ta liv - Vurdering om arealet ligg i utløyising eller utløpsområde for skred - Kjelde og nivå aktsemdskart - Sikkerheitsklassar i TEK17	
Kvikkleire - Utglijding av terreng/ustabil byggegrunn som vil skade bygg og tiltak, samt potensielt ta liv - Vurdering av om arealet ligg over/under marin grense - Kjelde og nivå aktsemdskart - Sikkerheitsklassar i TEK17	Nve.no
Flaum - Årsak flaum frå elv/bekk, samt overvatn - Flaumhendingar som vil skade bygg og tiltak, samt potensielt ta liv - Vurdering av om arealet ligg innanfor aktsemdssone for flaum eller ved avrennings-linje eller lågpunkt i terrenget. - Kjelde og nivå aktsemdskart - Sikkerheitsklassar i TEK17	Nve.no,
Stormflo /havnivåstigning - Hendingar som vil skade bygg og tiltak - Vurdering av om arealet ligg ved sjø og dermed potensielt utsett for vatn inn på arealet/bygg - Kjelde og nivå aktsemdskart - Sikkerheitsklassar i TEK17	Sehavnivå.no Nve.no
Menneske og verksemdbaserte farar	
Trafikktryggleik - Årsak trafikkfarleg situasjon (dagens/ framtidig) - Hendingar som vil skade køyretøy samt potensielt ta liv - Vurdering av om arealet ligg i område med, kryssløyising til hovud-veg, eige felt for mjuke trafikantar, vegstandard, auke i trafikk vil det endre situasjonen - Kjelde og nivå; overordna vurdering	Vegkart.no Lokal kunnskap hos kommunen.
Forureina grunn - Årsak registrert som forureina grunn eller mistanke om forureina grunn - Vil arealet potensielt medføre framtidig forureining av grunnforholda - Kjelde og nivå; overordna vurdering	Miljødirektoratet, naturbase
Støy - Årsak trafikkstøy eller nærleik til næringsområde - Kontinuerleg hending som vil medføre helse-plager - Vurdering av om arealet ligg innanfor varslingskart for støy for veg, om arealet ligg i nærleiken av næringsareal, eller nytt næringsareal vil påverke eksisterande busetnad - Kjelde og nivå varslingskart - Støyretningslinje T-1442	Støyvarslingskart Statens vegvesen Grunnkart og oversikt av næringsområde og eksisterande busetnad
Stråling frå høgspenn - Årsak stråling frå høgspenn - Kontinuerleg hending som vil medføre helse-plager - Vurdering av om arealet ligg ved høgspennlinje i luftspenn - Kjelde og nivå varslingskart	Grunnkart og oversikt av eksisterande høg-spenn i luftspenn
Innsatstid og kapasitet for naudetatane Nærleik til naudetatar	Dsb.no

ROS-analysane for enkeltareal vil for mange område og hendingar hamne i gul kategori. I slike område kan reell fare/sårbarheit avklarast gjennom reguleringsplan. Det vert også for ein del tema lagt inn omsynssoner med tilhøyrande føresegner i plankartet.

3 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av enkeltareal

3.1 Rolfsnes

3.1.1 Rolfsnes 1 – gnr/bnr 75/3 – Fritidsbusetnad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk Fritidsbusetnad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1,9 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Rolfsnes. Det er i dag ikkje vegtilkomst direkte til området, som er spreitt utbygd.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone, friluftsliv

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: lomvi (CR), makrellterne (EN), ærfugl (VU), gråmake (VU), fiskemåke (VU gjøk (NT), tjeld (NT), stor-skarv (NT), stær (NT), samt ei eldre registrering av brunmyrak (NT). Markslag: lauvskog av høg bonitet, open grunnlendt fastmark.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er fleire raudlista fugleartar i området. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde i området, men like utanfor ligg det registrerte friluftslivsområdet Hisøy,	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde.	-2

	svært viktig verdi, med ganske stor brukarfrekvens. Innspeletarealet er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Det er varierende hellingsgrad. Området er tilgjengeleg frå sjøsida.	Endra føremål i frå LNF til fritidsbusetnad vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området.	
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Beskyttet indre småkupert kyst-slette. Innspelet ligg innanfor landskaps-området Fitjarskjærgården, landskap-type Indre øy, holme og skjærgårdslandskap. Verdi 4 – stor verdi. Innspelet ligg på Rolfsnes. Strandsona og området er kupert, med etablerte fritidsbustader og naust med tilhøyrande anlegg langs sjø. Området er skogkledd. Sjå 3D-kart: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i strandsona er sårbart for tett utbygging. Arealet ligg i ein liten og skjerma våg der det i frå før er inngrep. Nye tiltak vil vera godt synleg og eksponert for dei nære områda. Fjernverknaden er noko avgrensa ettersom arealet ligg i ein våg. Innspelet opnar for inngrep i eit bratt område i strandsona, noko som vil gi negative verknadar for landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK- bygningar innanfor innspelet. Næraste bygningen er SEFRAK-registrert, og lenger nord ligg KULA-området Fitjarøyane registrert med lyngheilandskap, maktsete og handel i leia. Området er registrert som kulturminnerik strandsona.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne, kulturmiljø eller KULA registreringa. Utvida areal er i retning frå KULA området, og er av mindre omfang. Verknaden vil vera avgrensa for kulturlandskapet.	0/-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet overlappar med lauvskog av høg bonitet (0,4 daa).	Avgrensa konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det går ikkje veg fram til området. Innspelet ligg tett på spreidd utbygd område, og det vil truleg vera enkelt å kopla seg på etablert infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje sentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspelet vil føye seg inn i etablert bygningsstruktur i nærområdet.		0
Karbonrike areal	Det er eit avgrensa område med lauvskog (høg bonitet) i området. Det er ikkje registrert myr eller andre særskilt karbonrike areal.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsona	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritidsbusetnad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokalisast til annan busetnad. Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for fritidsbusetnad i strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Fritidsbustad vil vere positivt for kommunens attraktivitet og kan styrkje grunnlaget for lokale tilbod. Det vil elles ha avgrensa samfunnsnytte utover den positive verknaden for den einskilde brukaren av området. Vidare utbygging av området vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		

ROS-analyse

Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar med aktsemdområde for skred (jord og flaumskred).		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Registrert lausmasstype i området er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 9 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-2	0/-1	0	+1	0	0	X

Innspelet har negative verknadar for naturmangfald, friluftsliv og landskap. Arealet omfattar innspel om fritidsføremål i urørt strandsone – eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

3.1.2 Rolfsnes 2 – gnr/bnr 76/3 – Naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Fiske (KL)	Arealendring 
Planlagt arealbruk Naust Ønskjer å byggje tre naust.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2,5 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Rolfsnes. Det er ikkje vegtilkomst til området, som ikkje er utbygd. Det er etablert tiltak (kai, murar) på nordre del av arealet.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone, friluftsliv

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. 500 meter lenger nordvest ligg Koløy naturreservat (hekkande sjøfugl). Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: lomvi (CR), makrellterne (EN), ærfugl (VU), gråmake (VU), fiskemåke (VU) gjøk (NT), tjeld (NT), stor-skarv (NT), stær (NT), samt ei eldre registrering av brunmyrak (NT). Markslag: open grunnlendt- og jorddekt fastmark. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Gytefelt (torsk) like utanfor innspelsarealet.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er fleire raudlista fugleartar i området. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.

Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde i området. Innspelsarealet er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Det er varierende hellingsgrad. Området er tilgjengeleg frå sjøsida.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Endra føremål i frå LNF til naust vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette. Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Selsfjorden-Goddosen, landskap-type Småfjord- og storsundlandskap. Verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg innanfor arealsone Sjø og vassdrag generelt, eks. AK, der areal like nord er synt som Grønstruktur: Landskapsområde, i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela ligg på Rolfsnes. Strandsona og området er kupert, med nokre etablerte bustader lenger bak, som ligg høgare i terrenget. Lenger nord er det etablert nokre få naust med tilhøyrande anlegg. Området er ope, med mykje berg i dagen. Sjå 3D-kart: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i strandsona er sårbart for tett utbygging. Arealet ligg i Goddosen, i ein liten klove ned mot sjø. Det er i frå før inngrep på aktuelt areal, der terrenget stig bratt bak. Nye tiltak vil ikkje vera særleg synleg og eksponert for dei nære områda, men det vil vera fjernverknad. Innspela opnar for inngrep i eit bratt område i strandsona, noko som vil gi negative verknadar for landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK- bygningar innanfor innspelet, eller i nærleiken. Området er registrert som kulturminnerik strandsona.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar på land. Innspelet overlappar med kaste- og låssettingsplass Koløya sør, som er lite brukt til låssetting, 5 lokale fiskefartøy.	Innspelet vil avgrense bruksmogelegheiter knytt til registrert kaste- og låssettingsplass.	-1
Teknisk infrastruktur	Det går ikkje veg fram til området. Det er ingen bygde område i nærleiken, og det er truleg ikkje etablert infrastruktur i området.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspela ligg i nærleiken av anna busetnad, og det er regulert naust nord for innspelsarealet.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert myr eller andre særskilt karbonrike areal.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsona	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Strandsonerettleiaren		


	seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Rettleiaren gir råd om at fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då naustarealet ikkje ligg tilknytt annan busetnad og er tiltak i urørt område.
Samfunnsnytte og berekraft	Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. I eit berekraftperspektiv er det betre å vidareutvikla område som allereie er dels bygd ut, enn å ta i bruk nye, urørte område.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Registrert lausmasstype i området er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 9 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-2	0	-1	-1	0	0	X
Det er negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskap. Arealet omfattar innspel om naust i strandsona - eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området. ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding								

3.1.3 VA-anlegg Rolvsnes

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Sikringssone H110_6 Nedslagsfelt drikkevann	Arealendring 
Planlagt arealbruk VA - reinseanlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	6,8 daa (utvidinga)
Skildring av området	Innspelet er ei utviding av eksisterande VA-område ved Hollandsvatnet på Rolvsnes.
Aktuelle problemstillingar	Urørt natur

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert, potensiale for kystlynghei. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Open fastmark, barskog Innspelet grensar til Hollandsvatnet, og ligg tett på Store Klubbevatnet.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Tiltak tett på Hollandsvatnet og Store Klubbevatnet vil kunne påverke vassførekomstane negativt.	-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ikkje kjent at området vert nytta til friluftsliv.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype Kystheiene, med verdi 2.	Landskapet i området er relativt ope, og sårbart for tiltak; men innspelet ligg som ei utviding av eksisterande bygg og føremål, og konsekvensen er såleis avgrensa.	-1

	Innspelet er ei utviding av eksisterande reinseanlegg, og ligg langs Rolvsnesvegen, mellom Hollandsvatnet og Stora Klubbevatnet. Det er ikkje etablerte tiltak innanfor sjølve innspelet, men det er etablert reinseanlegg på eksisterande VA-føremål. https://3d.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ei utviding av eksisterande reinseanlegg, som ligg tett på vegen, og som truleg er tilrettelagt med nødvendig infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, og ligg relativt langt frå andre tiltak.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet, som t.d. myr eller større skogområde.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		0
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ei utviding av eksisterande reinseanlegg. Arealet er urørt i dag, og ei utbygging vil vera negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. BVA har spela inn at det er behov for arealet for å ha høve til utviding av eksisterande reinseanlegg, noko som vil vera samfunnsnyttig.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ei høgspentlinje like aust for innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 5 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	0	+1	0	0	0
Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald og landskap, men desse konsekvensane er ikkje vurdert til å vera vesentlege. Innspelet legg til rette for ei utviding av eksisterande reinseanlegg, noko som vil ha stor samfunnsnytte. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd. ROS-analyse: Kvikkleire, flaum Fagleg vurdering: Positiv tilråding								

3.1.4 Rolvsnes, Grøntstruktur til bustad og LNF, gbnr 76/2

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Grøntstruktur Planlagt arealbruk Bustad på eigedom gbnr 76/2; LNF på resten.	Arealendring 
Arealstorleik planlagt arealbruk	8,8 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Rolfsnes, i eit område som består av spreidd busetnad og jordbruksareal. Området er ikkje utbygd.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
---------------------	-------	------------

Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: : Ikkje registrert, men det er potensiale for kystlynghei (ikkje kartlagt) Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Det er registrert gråspett, stær (NT), bergirisk, grønnefink (VU) like utanfor innspelet Markslag: Lauvskog, open fastmark, innmarksbeite/myr	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1/-2
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ikkje kjent at området vert nytta til friluftsliv.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapstypen Kystheiene, med verdi 2 – vanleg forekomande landskap. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Innspelet ligg i eit område med spreidde bustader. Ei utbygging i området vil ikkje ha vesentleg negative verknader for landskap.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRABYGG i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRABYGG-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert innmarksbeite innanfor innspelet (om lag 2,8 daa).	Innspelet vil medføre tap av innmarksbeite	-1
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert infrastruktur i området, men det er tilgrensande bustadområde som ein truleg kan kopla seg til. Det er truleg relativt enkelt å etablere vegtilkomst, då Rolvsnesvegen grensar til innspelet.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknytning til spreidd busetnad, og sentralt plassert på Rolvsnes. Næraste definerte lokalsenter i kommunen er Rubbestadneset, som ligg om lag 7 km frå innspelet i luftlinje.		+1
Karbonrike areal	På grunnkartet er det vist myr innanfor innspelet, men dette området er registrert som innmarksbeite/open fastmark i AR5.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil vera ei fortetting av eksisterande bustadområde, og er gunstig med omsyn til at det er lett tilgjengeleg infrastruktur i området. Arealet består av urørt skogområde og innmarksbeite/myr og vil medføre nedbygging av dyrka mark, noko som vil vera negativt i eit miljøperspektiv. Innspelet ligg ikkje sentralt plassert i forhold til sentrumsområde i kommunen.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		

Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegframføring til områda via Rolvsnesvegen. Vegen har fortau/GS-veg på deler av strekninga. Tilhøve knytt til trafikktryggleik må avklarast i reguleringsplan.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor gul støysone frå Rolvsnesvegen.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennlinjer i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 7-8 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	0	-1	0	-1	+1	+1	-1	X

Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, landskap og naturressursar. Innspelet ligg tilknytt spreidd busetnad, men området ligg ikkje i tilknytning til definerte senterområde i kommunen, og det er ein del ledig bustadareal i området. Arealet består av urørt skogområde og innmarksbeite/myr og vil medføre nedbygging av dyrka mark, noko som vil vera negativt i eit miljøperspektiv. På bakgrunn av dette vert deler av innspelet, som ligg utanfor dyrka mark/myrområde positivt tilrådd. Dette samsvarer med arealet som vart positivt tilrådd til førstegongs høyring av kommuneplanen. Resten av området avsett til grøntstruktur vert tilrådd endra til LNF, i samsvar med gjennomført planvask.




ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy

Fagleg vurdering: Justert positiv tilråding

3.2 Goddo

3.2.1 Goddo 1 – gnr/bnr 75/3 – Fritidsbusetnad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk Fritidsbusetnad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	3,5 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Helgeplass, sør på Goddo. Det er etablert ein fritidsbustad innanfor arealet. Området er spreidd utbygd med bustader, fritidsbustader og naust. Det er vegtilkomst til området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone


Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: Fiskemåke (VU), ærfugl (VU), grønnfink (VU). Markslag: bebygd, uproduktiv barskog (impediment).	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er fleire raudlista fugleartar i området. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor innspelet. Like nord ligg det kartlagde området Goddo, eit svært viktig friluftslivsområde med stor brukarfrekvens. Like sør ligg det kartlagde området Sørvest for Goddo, eit viktig friluftslivsområde med noko brukarfrekvens.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Endra føremål i frå LNF til fritidsbusetnad vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsone i området.	-1/-2

	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og er i all hovudsak klassifisert som inngrepsnære areal av SSB. Området er svært kupert, og er ikkje tilgjengeleg frå sjøsida.		
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Svært bølgeeksponert småkupert kystslettelandskap på ytre kyst. Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Øklandsosen-Kvernosen, landskapstype Indre øy-, holme og skjærgårdslandskap. Begge har verdi 3 – middels verdi. Innspelet ligg sør på Goddo. Det er etablert ein fritidsbustad innanfor arealet. Området er spreidd utbygd med bustader, fritidsbustader og naust. Strandsona er særskilt kupert. Det er mykje ope berg i dagen og lite vegetasjon i området. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i strandsona er sårbart for tett utbygging. Arealet ligg litt opp i terrenget og vil kunne bli godt synleg for området rundt. Grunna plasseringa inne i ein våg vil fjernverknaden bli meir avgrensa. Innspelet opnar for utbygging i overkant av bratt terreng ned til sjø, noko som vil gi negative verknadar for landskapet.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen SEFRAK-registrerte bygg, kulturminne eller kulturmiljø innanfor, eller i nærleiken av innspel-et.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det går veg fram til området. Innspelet ligg tett på utbygd område, og det vil truleg vera enkelt å kopla seg på etablert infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje sentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspelet ligg i nærleiken av anna utbygd areal, med bustad, fritidsbustad og naust.		0
Karbonrike areal	Det er barskog (impediment) i området. Det er ikkje registrert myr eller andre særskilt karbonrike areal.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritidsbusetnad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokalisert til anna busetnad. Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for fritidsbusetnad i strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Fritidsbustad vil vere positivt for kommunens attraktivitet og kan styrkje grunnlaget for lokale tilbod. Det vil elles ha avgrensa samfunnsnytte utover den positive verknaden for den einskilde brukaren av området. Vidare utbygging av området vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Lausmassane i området er registrert som Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Arealet ligg ikkje direkte tilknytt sjø.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 4,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1/-2	-2	0	0	+1	0	0	X
Det er ein eksisterande fritidsbustad innanfor innspelet. Det er negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskap. Arealet er i eit område som er sårbart for inngrep og inngrep vil auke privatisering av området. ROS-analyse: Kvikkleire								



3.2.2 Goddo 2 – gnr/bnr 71/14 og 15 – Fritidsbusetnad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring
Planlagt arealbruk Fritidsbusetnad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2,6 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Skorene, Skinnhueneset, nord på Goddo. Det er i dag ikkje direkte vegtilkomst til området, som er lite utbygd.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert.	Tiltaket vil medføre arealbe- slag, og nedbygging av eit om-	-1

	Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: makrellterne (EN), gråmake (VU), ærfugl (VU), grønnfink (VU), gjøk (NT), storskarv (NT), gråspurv (NT), tjeld (NT). Markslag: open grunnlendt fastmark.	råde som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er fleire raudlista fuglearter i området. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde i området. Innspelsarealet er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Det er varierende hellingsgrad. Området er tilgjengeleg frå sjøsida.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Endra føremål i frå LNF til fritidsbusetnad vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området.	-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette. Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Kassosen-Ylvesøyvågen, landskapstype Våg- og smalsundlandskap. Verdi 4 – stor verdi. Innspelet ligg på Skorene, Skinnhueset, nord på Goddo. Strandsona og området er kupert, med få etablerte tiltak i området. Området er ope med lite vegetasjon. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i strandsona er sårbart for tett utbygging. Arealet ligg i eit ope område, der nye tiltak potensielt kan gi større nær- og fjernverknadar. Innspelet opnar for inngrep i eit bratt område i strandsona, som vil gi negative verknadar for landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte SEFRAC- bygningar, kulturminne eller kulturmiljø i området.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det går ikkje direkte veg fram til området, men Katlavegen ligg like i nærleiken. Det er ingen bygde område i nærleiken, og det er truleg ikkje etablert infrastruktur i området.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje sentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Det er få inngrep i området.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert myr eller andre særskilt karbonrike areal.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritidsbusetnad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokalisast til annan busetnad. Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for fritidsbusetnad i strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Fritidsbustad vil være positivt for kommunens attraktivitet og kan styrkje grunnlaget for lokale tilbod. Det vil elles ha avgrensa samfunnsnytte utover den		

	positive verknaden for den einiskilde brukaren av området. Vidare utbygging av området vil vere negativt i eit miljøperspektiv.
--	---

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Registrert lausmasstype i området er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje direkte til sjø.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst i området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspennlinjer i området.		
Innsatstid brann	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 9 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-2	0	0	-1	-1	0	X


Innspelet har negative verknadar for naturmangfald, friluftsliv og landskap. Arealet omfattar innspel om fritidsføremål i strandsona i eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området.

ROS-analyse: Kvikkleire.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

3.3 Rubbestadneset

3.3.1 Rubbestadneset 1 – gnr/bnr 144/18 – Fritidsbusetnad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk Fritidsbusetnad Det fråflytta småbruket (1955) vert i dag nytta som fritidsbustad. Ønsker å etablere tot. tre fritidsbustader på øya utanfor 100-metersbeltet. I følge grunneigar er det tre grunnmurar, der det tidlegare har stått løe, uto, lembehus. Politisk vedtak i Formannskapet 23.01.25; « <i>Positiv til bygg på eksisterande mur/ bygg</i> ». Det vert her gjort KU på politisk vedtak. Grunnmur til lembstove/løe ligg like utanfor avgrensa areal i figur, men er gjort KU på.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	17,2 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Stora Klakksøy, nord for Rubbestadneset. Garden som tidlegare var drive på øya vart fråflytta i 1955, og har etter det vore nytta som fritidsbustad. I følge eldre flyfoto var det to gardsbygningar i tillegg til våningshuset på aktuelt areal. Det er i dag ikkje vegtilkomst til området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: Ikkje registrert. Markslag: Open skrin fastmark, uproduktiv skog, lauvskog av høg bonitet.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Øya er lita, og strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Avgrensa areal ligg utanfor 100-metersbeltet, men deler/heile grunnmur til lembstove/løe ligg innanfor. Dette arealet er klassifi-	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Endra føremål i frå LNF til fritidsbusetnad vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området.	-2

	sert som inngrepsnære areal av SSB. Resterande areal på øya er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Det er varierende hellingsgrad. Området er tilgjengeleg frå sjøsida.		
Landskap	Innspelet ligg i all hovudsak innanfor NiN-område Beskyttet indre småkupert kystslette med tettsted. Innspelet ligg innanfor landskapsområda Innværfjorden-N og Stokksund, landskapstypar Indre øy-, holme og skjærgårdslandskap, og Brede fjordløp og åpne fjordmunninger. Begge har verdi 2 – vanlig førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg innanfor arealsone Sjø og vassdrag generelt – med og utan akvakultur i Regional Kystsonenplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet ligg på Stora Klakksøy, nord for Rubbestadneset. Det er etablerte tiltak med våningshus samt grunnmurar i frå tidlegare gardsrelaterte bygningar, samt lendingsplassar og ei brygge. Strandsona og øya er kupert og dei etablerte tiltaka er i det området det er relativt flatt. Det er spreidd fritidsbusetnad på Vedøy, sør for innspelet. Det er mykje oppe berg i dagen og lite vegetasjon i området. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i strandsona er sårbart for tett utbygging. Arealet ligg i eit lite og relativt skjerma søkk der det i frå før er etablert bygning. Det er avgrensa innsyn til området då det er skjerma av nærliggande øyar. Området i og ved innspelet er tett vegetert, men kan bli sårbart for inngrep ved fjerning av all vegetasjon.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspelet. Eksisterande våningshus er SEFRAK-registrert (raud kategori), og løa er synt med gul kategori. Denne er beskrive som ruin.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet overlappar såvidt med lauvskog av høg bonitet. Ingen registreringar i sjø.	Avgrensa konsekvens.	0
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert infrastruktur i området, og det er heller ingen andre tiltak som ein kan kopla seg til i området.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i tilknytning til eller i nærleiken av etablerte senter i kommunen. Innspelet ligg relativt skjerma frå annan busetnad. Konsekvensen av ei vidareutvikling av området på gamle tufter er vurdert til å vera relativt liten.		0

Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet, som t.d. myr eller større skogområde.	0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.	X
Strandsone	Innspelet ligg dels innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritidsbusetnad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for fritidsbusetnad i strandsona.	
Samfunnsnytte og berekraft	Fritidsbustad vil være positivt for kommunens attraktivitet og kan styrkje grunnlaget for lokale tilbod. Det vil elles ha avgrensa samfunnsnytte utover den positive verknaden for den einskilde brukaren av området. Vidare utbygging av området vil vere negativt i eit miljøperspektiv.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Registrert lausmassestype i området er Bart fjell, stadvis tynt lausmassedekke.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går to mindre bekkar i området. Det er ikkje registrert aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Arealet ligg ikkje direkte tilknytt sjø.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 7 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-1	0	0	-1	0	0	X
Innspelet ligg i eit område med tiltak, der ein opnar for reetablering av eldre bygningsstruktur på gamle tufter. Ved endra arealføremål i frå LNF til fritidsbusetnad vil ei utbygging ha negative konsekvensar, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap og landskap.								

Innspelet ligg dels i strandsona, men på ei lita øy. Ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak i strandsona, der SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokaliserast til annan busetnad.


ROS-analyse: Kvikkleire.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

Politisk endring: Ta inn. Eksisterande bygg og tidlegare bygg. Opne for bygging på eksisterande grunnmur.

3.3.2 VA-anlegg Rubbestadneset

Skildring av arealendringa:

Gjeldande arealbruk Reguleringsplan for Industriområde Rubbestadneset, kombinert føremål	Arealendring 
Planlagt arealbruk VA-anlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1,7 daa
Skildring av området	Innspelet ligg dels innanfor reguleringsplan for Rubbestadneset næringsområde. Det er satt opp to permanente brakkar i området.
Aktuelle problemstillingar	Aktuell bruk i området

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Skog, open fastmark, bebygd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1

Friluftsliv	Ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ikkje kjent at området vert nytta til friluftsliv.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap, med verdi 2. Innspelet ligg i eit område med ein del næringsverksemd, og ligg i eit lite dalsøkk, med relativt lite innsyn. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Landskapet i området er småkupert, og innspelet ligg relativt skjerma for innsyn. Tiltak i området vil likevel medføre terrenginngrep, og vil medføre negative landskapsmessige konsekvensar.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspela. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspela.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspela	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i eit område med ein del næringsverksemd. Det er vegtilkomst til området i dag, og truleg enkel tilgang på infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i nærleiken av Rubbestadneset, og i eit område med ein del næringsverksemd tett på.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		X
Strandsone	Innspelet ligg i 100 meterbeltet mot sjø, og ønska arealbruk er VA-anlegg. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, som til dømes næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. VA-anlegg er ikkje å rekna som eit reint næringstiltak, men er nødvendig infrastruktur. Dette er ikkje føremål som nødvendigvis treng å ligga i strandsona, men dette innspelet ligg noko skjerma plassert, og dels i bakkant av eksisterande bygg.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet består dels av urørt areal, dels av areal som er i bruk til brakker i dag. Utbygging i urørte område vil vera negativt i eit miljøperspektiv. BVA har spela inn at det er behov for arealet noko som vil vera samfunnsnyttig		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg dels innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		

Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i eit område med ein del næringsverksemd, som kan medføre støy. Innspelet vil ikkje vera følsomt for støy.		
Stråling frå høgspenst	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrerte høgspenstliner i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 6 km frå innspelet i luftlinie.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	0	+1	0	0	X

Det er nokre negative konsekvensar av innspela, mellom anna for tema naturmangfald og landskap, men desse konsekvensane er ikkje vurdert til å vera vesentlege. Innspelet legg til rette for VA-anlegg, noko som vil ha samfunnsnytte. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd.

Det er etablert brakker i området i dag, og vidare bruk av området må avklarast med grunneigar.

ROS-analyse: Kvikkleire

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

3.3.3 Bustad til uteoppholdsareal og leikeområde til bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bustad (1) og leikeområde (2)	Arealendring
Planlagt arealbruk Uteoppholdsareal (1) og bustad (2)	

	 
Arealstorleik planlagt arealbruk	Innspel 1: 4,4 daa Innspel 2: 4,3 daa
Skildring av området	Innspela ligg tett på Rubbestadneset sentrum, og er del av reguleringsplanen R-68 Rubbestadneset sentrum. Innspelet omfattar endring av området B13 i reguleringsplanen til uteoppholdsareal, og endring av området F4 i reguleringsplanen til bustadføre mål.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag:	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1

	1: Fulldyrka mark, skog, bebygd 2: Overflatedyrka mark, innmarksbeite, skog, bebygd.		
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspela. Innspela ligg dels i 100-metersbeltet til sjø. Områda kan ha ein viktig funksjon som leikeområde for ungar som bur i bustadfeltet eller i nærleiken.	Endring til bustadføremål vil medføre privatisering av eit område som dels kan vera tilgjengeleg for leik og rekreasjon i dag. Endring til uteoppholdsareal kan vera positivt for friluftsliv.	1: +1 2: -1
Landskap	Innspela ligg innanfor Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse (NiN). Innspela ligg innanfor Kystbygdene på Vestlandet, landskapslandskapstypen Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap, med verdi 2. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Terrenget er relativt flatt innanfor begge innspela. Områda kring er i stor grad utbygd, og innspela vil ikkje ha vesentlege negative konsekvensar, sjølv om det er negativt med omsyn til landskap å byggje ut område som fungerer som grøntområde i bustadfeltet i dag.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspel 1. Innspel 2 overlappar med kulturminnet <i>Rubbestadneset, samlingsplass, besøksstad og bustadområde - Romanifolkets kulturminne, Tradisjonslokalitet</i> , som er ein tradisjonslokalitet utan vern Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg innanfor innspelet.	Innspel 2 grensar til Haldorsens sjøhus, som er viktig del av romanifolkets kulturminne. Innspelet kan medføre negative konsekvensar for kulturminnet.	1: 0 2: -1/-2
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert dyrka mark innanfor begge innspela (innspel 1: om lag 2,7 daa fulldyrka mark. innspel 2: om lag 1,3 daa overflatedyrka mark og om lag 2 daa innmarksbeite).	Innspela vil medføre tap av registrert dyrka mark	-2
Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til området. Områda kring innspela er i stor grad bygd ut, og det er truleg mogleg å kopla seg på infrastruktur i området, sjølv om det ikkje er tilrettelagt innanfor innspela.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg tett på Rubbestadneset sentrum, og ligg i eit område med mykje bustader.		+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike område i form av dyrka mark innanfor innspela.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspela ligg innanfor 100 meterbeltet mot sjø. For innspel 1 er det etablert både bustader og naust mellom innspelet og sjøen, for innspel to ligg hovuddelen av innspelet i bakkant av eksisterande busetnad. Strandsoneretleiarer for Vestland peikar på at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal		

	til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspela er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren og SPR.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela ligg sentrumsnært, og ligg i eit område med lett tilgjengeleg infrastruktur, og med etablerte bustader. Areal fungerer som grøntområde i bustadfeltet i dag, og vil medføre nedbygging av dyrka mark, noko som vil vera negativt i eit miljøperspektiv.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspel 2 ligg innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspel 2 vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til områda. Innspel 2 vil kunna endra tilhøve knytt til framkome og trafikktryggleik. Dette må avklarast nærare.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspel 1 ligg innanfor gul støysone frå Rubbvegen.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenteleidningar innanfor innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, om lag 5,5 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	1: +1 2: -1	-1	0 -1/-2	-2	+1	+2	-1	X
Det er nokre negative konsekvensar av innspela, til dømes for naturmangfald, landskap og naturressursar. Innspela ligg sentrumsnært, og ligg i eit område med lett tilgjengeleg infrastruktur, og med etablerte bustader. Innspel 2 grensar til sjø, og er i konflikt med registrert kulturminne i området. Begge innspela består av registrert dyrka mark, sjølv om areala ikkje er del av større, samanhengande jordbruksareal. Areal ligg sentrumsnært og på bakgrunn av dette er innspel 1 tilrådd positivt og innspel 2 positiv justert.								




ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy

Fagleg vurdering: Innspel 1 = positiv tilrådd

Fagleg vurdering: Innspel 2 = positivt justert tilrådd

3.4 Svortland

3.4.1 Stavlandsneset, gnr/bnr 108/129 – Småbåtanlegg

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Reguleringsplan. Friområde på land i reguleringsplan R-88 (Stavlandsneset) Brygge- naust i sjø Planlagt arealbruk Småbåtanlegg	Arealendring  
Arealstorleik planlagt arealbruk	Areal 1: 47 m ² Areal 2: 51 m ²
Skildring av området	Innspelet ligg på Stavlandsneset, sørvest for Svortland sentrum. Innspelet ligg innanfor reguleringsplanen Stavlandsneset, og i reguleringsplanen er dei to areala vist som friområde på land, og brygge – naust i sjø.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
---------------------	-------	------------

Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: Ikkje registrert Markslag: Areal 1: Bebyggd og sjø Areal 2: Open fastmark og sjø	Tiltaket vil medføre arealbe-slag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjon-ar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmang-faldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde i området. Innspela ligg i strandsona i tilknytning til eksisterande busetnad, og området vert truleg brukt til rekreasjon for dei som bur i området. Ved innspel 1 er det svært bratt frå bustadane ned til sjøen, mens det er slakkare og meir tilgjengeleg ved innspel 2.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Endra føremål frå friområde til småbåtanlegg kan medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området.	-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg innanfor landskaps-område Kystbygdene på Vestlandet, landskaps-type Våg- og smalsundlandskap. Verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspela ligg ved Straumfjorden, sørvest for Svortland. Strandsona i området er kupert, og særleg ved innspel 1 er det bratt og relativt utilgjengeleg terreng. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Landskapet i strandsona er sårbart for utbygging. Dei to innspela ligg tett på nærliggande bustadfelt, og det er også etablert tiltak i den nære strandsona og i sjøområda kring. Innspela vil medføre terrenginngrep i relativt kuperte/bratte område i strandsona, noko som vil gi negative verknadar for landskap.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne innanfor innspela. Det ligg automatisk freda kulturminne like bak innspel 2, og nokre SEFRAK-registrerte naust vest for innspel 2.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert naturressursar innanfor innspela.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i tilknytning til bustadfelt, med infrastruktur.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg sentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og sentralt plassert i forhold til bustadfelt.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspela.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er småbåtanlegg. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Etablering av småbåtanlegg er dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om område med eksisterande busetnad.		

Samfunnsnytte og berekraft	Høve til private småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. Når det gjeld berekraft er det uheldig å ta i bruk urørte område i strandsona til utbyggingsføremål.
-----------------------------------	--

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspele overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspele 1 ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspele ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspele vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenst	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspenstlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, litt over ein km frå innspele i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-1	0	0	0	0	0	X


Innspele har negative verknadar for naturmangfald, friluftsliv og landskap. Areala omfattar innspele om private småbåtanlegg i område som er sårbart for inngrep. Det er etablert småbåthamn like aust for innspele, som høyrer til bustadfeltet. På bakgrunn av dette vert innspele ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

Politisk endring: Ta inn. Positive til tiltak som gir fleire båtplassar til eksisterande bustadfelt. Fellesanlegg.

3.4.2 Klovøya - Fritid og turisme

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Næring	
Planlagt arealbruk Fritid og turistføremål	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 12 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på nordsida av Klovøya, og består av urørt strandsone. Sæverudsøyvegen går forbi området, men det er ikkje etablert vegtilkomst ned til området.
Aktuelle problemstillingar	Urørt strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Mogleg område for kystlynghei, jf rapport 2012. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Innspelet overlappar med funksjonsområde for hortulan (kritisk trua). Arter: Ikkje registrert Markslag: Skog, open fastmark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er registrert raudlista fugleart i området. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Strandsone er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Det er varierende hellingsgrad. Området er tilgjengeleg frå sjøsida.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Fritid- og turismeføremål vil medføre arealbeslag og privatisering av strandsone, i eit område som elles vil vera tilgjengeleg for ålmenta.	-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslättelandskap.	Landskapet i strandsone er sårbart for utbygging. Arealet ligg i urørt strandsone, og innspelet vil gi negative verknadar for landskap.	-2

	Innspelet ligg innanfor landskaps-område Kystbygdene på Vestlandet, verdi 3. Innspelet ligg på nedsida av Sæverudsøyvegen, og terrenget heller frå 18 m.o.h ned til sjøen. Strandsona i området er utan tiltak. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspellet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert tilkomstveg i området, og heller ingen tiltak i nærområdet som ny utbygging kan kople seg til.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspelet ligg i eit ubygd område		-1
Karbonrike areal	Utbygging av urørt natur er generelt negativt med omsyn til klima og energi, men det er ikkje registrert spesielt karbonrike areal innanfor innspelet		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealendring er frå næringsføremål til fritid- og turisme. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsoneretleiar for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Når det gjeld reiselivsanlegg peikar strandsoneretleiar for Vestland på at det er positivt i reiselivssamheng å sikre allemannsretten og tilgang til friluftsområde. Det er difor også viktig for reiselivsnæringa at dei nære sjøområde får liten utbygging og at berre dei delane av næringstiltaket som må ligge til sjø vert etablert der. Strandsoneretleiar seier vidare at i sone 3 skal behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, til dømes satsing på reiseliv og turisme, tilleggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet.		
Samfunnsnytte og berekraft	Fritid- og turismeføremålet kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det også kunna medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Arealet er i dag urørt strandsone, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn


	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje etablert vegtilkomst til området. Innspelet kan medføre auka trafikk på den kommunale vegen, som ikkje har eit tilbod til mjuke trafikantar.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennlinjer i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 3,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-2	0	0	-1	-1	0	+1
Det er negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap, teknisk infrastruktur og nærmiljø/stadutvikling. Ei utbygging i området vil medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Arealet er i dag urørt strandsone, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv i eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området. ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding								

3.4.3 VA-anlegg Urangsvåg

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn Planlagt arealbruk 1 – VA -anlegg 2 – vegtrasé som samferdselslinje (det er lagt ein buffer kring tenkt vegtrasé for å ta høgde for justeringar).	Arealendring

	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1; 1.1 daa 2: Traseen er om lag 350 meter lang.
Skildring av området	Området ligg ved Haldorsvatnet, mellom Urangsvåg og Klovøya, og omfattar eksisterande pumpestasjon, samt areal for utviding av dette.
Aktuelle problemstillingar	Urørt natur

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Potensiale for kystlynghei (Rapport 2012) Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspelet ligg innanfor funksjonsområde for hortulan (kritisk trua) Arter: Ikkje registrert Markslag: Område 1: I hovudsak barskog Område 2: Open fastmark Innspelet 1 grensar til Haldorsvatnet.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Tiltak i området kan verke negativt for den registrerte hortulanen. Området har potensiale for kystlynghei, og er markert i rapporten kartlegging av kystlynghei i Hordaland frå 2012. Tiltak tett på vatnet vil kunne påverke vassførekomsten negativt.	-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ikkje kjent at området vert nytta til friluftsliv.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap.	Landskapet i området er småkupert, og innspelet ligg noko skjerma i den sørlege delen av Haldorsvatnet, med høgare terreng i områda rundt.	-2

	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap, med verdi 3. Innspelet er ei utviding av eksisterande reinseanlegg, og ligg ved Haldorvatnet, i eit område utan andre tiltak eller vegtilkomst. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com	Tiltak i området vil likevel medføre terrenginngrep, og vil medføre negative landskapsmessige konsekvensar, spesielt vegtilkomst i urørt naturområde.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspela. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspela.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspela	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Det er ikkje vegtilkomst til området i dag, og ukjent kva som elles finst av infrastruktur i området.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, og ligg relativt langt frå andre tiltak.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet, som t.d. myr eller større skogområde.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Arealet er urørt i dag, og ei utbygging vil vera negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. BVA har spela inn at det er behov for arealet for å ha høve til utviding av eksisterande pumpestasjon, noko som vil vera samfunnsnyttig.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspele overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspele ligg ikkje innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspele overlappar med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspela vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Det er ikkje registrerte høgspenteledarar i nærleiken av innspelet.
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 2,5 km frå innspelet i luftlinje

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	0	-2	0	0	-1	0	0	X

Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, landskap og teknisk infrastruktur, men desse konsekvensane er ikkje vurdert til å vera vesentlege. Innspelet legg til rette for ei utviding av eksisterande pumpestasjon, noko som vil ha stor samfunnsnytte. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd.

ROS-analyse: Flaum

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

3.4.4 Straumfjorden, naust til kystfiske, gbnr 109/145

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Innspelet ligg innanfor reguleringsplan R – 50 og regulert til naustføremål	Arealendring 
Planlagt arealbruk Næring, kystfiske	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2,9 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Litlaneset, i Straumfjorden, sør for Svortland sentrum. Området er i stor grad utbygd med naust, flytebrygger og naust. Området ligg innanfor reguleringsplan for Bremnes sentrum.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
---------------------	-------	------------

Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Open fastmark, bebygd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø, og arealet er ikkje registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone. Store deler av nærområdet til innspelet er utbygd/opparbeida.	Innspelet kan medføre arealbeslag og privatisering av område ikkje har tiltak i dag, og som kan fungere som område med tilgang til sjøen.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype Våg -og smalsundlandskap, verdi 2. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Området er i stor grad planert, men nokre deler av området er utan tiltak. Det er ein bratt skråning i den søraustlege delen av innspelet, sør for tilkomstvegen. Tiltak i denne delen av innspelet vil medføre vesentlege terrenginngrep.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet, og det er ikkje registrert marine ressursar i sjøområda utanfor.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til innspelet, og det er truleg tilrettelagt med nødvendig infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg relativt tett på Svortland sentrum, og nærområdet består i stor grad av naust og flytebrygger.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting.		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er næring, kystfiske, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspelet er såleis i stor grad i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og innspelet ligg i eit område som allereie i stor grad er utbygd.		
Samfunnsnytte og berekraft	Areal til sjørelatert næring, kystfiske, er positivt med omsyn til samfunnsnytte. Store deler av innspelet er allereie planert; det er positivt i eit miljøperspektiv å nytte slike område til utbygging, framfor å ta i bruk urørte område.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 1 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	0	+1	+1	0	X

Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, friluftsliv og landskap. Innspelet legg til rette for utbygging i eit område som i stor grad er planert, og store delar av kringliggande areal er allereie utbygd. Det er bratt terreng i den austlege delen av innspelet, og ein mindre del av arealet i sør består av urørt strandsone. På bakgrunn av dette er innspelet justert positivt tilrådd, til dei delane av innspelet som er planert, og som ikkje omfattar tilkomstveg til andre eigedomar.



ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Justert positiv tilråding

3.4.5 Steinsbø, Friområde til bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Friområde	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bustadføre mål	
Arealstorleik planlagt arealbruk	6,7 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i eit bustadområde på Steinsbø, og arealet er i hovudsak registrert som dyrka mark.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspelet ligg innanfor funksjonsområde for hortulan (kritisk trua). Arter: Ikkje registrert Markslag: Open fastmark, overflatedyrka mark og fulldyrka mark.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Området kan ha ein viktig funksjon som leikeområde for ungar som bur i bustadfeltet eller i nærleiken.	Ei endring til bustadføre mål vil medføre privatisering av eit område som dels kan vera tilgjengeleg for leik og rekreasjon i dag.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Skjernet indre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse.	Terrenget i området er relativt flatt, og vil truleg vera enkelt å byggja ut utan store terrenginngrep. Det vil likevel vera negative landskaps-messige	-1

	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype Kystheiene, med verdi 3. Sjå 3d-kart her: 3d.kommunekart.com/	konsekvensar av å byggje ut eit område som fungerer som eit grøntområde i bustadfeltet i dag.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet består av fulldyrka mark (om lag 2,3 daa) og overflatedyrka mark (om lag 2,6 daa).	Innspelet vil medføre nedbygging av dyrka mark. Dette er inneklemt areal utan samband med større jordbruksareal.	-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i eit etablert bustadområde, og nødvendig infrastruktur vil truleg vera lett tilgjengeleg i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg relativt tett på kommunesenteret, og ligg i eit etablert bustadområde. Innspelet er såleis gunstig plassert som bustadføre mål, men vil også medføre at eit grøntområde i bustadfeltet vert bygd ned, noko som kan vera negativt for nærmiljøet.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike område i form av dyrka mark innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil vera ei fortetting av eksisterande bustadområde, og er gunstig med omsyn til at infrastruktur allereie er etablert i området. Arealet fungerer som eit grøntområde i bustadfeltet i dag, og vil medføre nedbygging av dyrka mark, noko som vil vera negativt i eit miljøperspektiv.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Trafikktryggleik må avklarast vidare.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennlinjer innanfor eller tett på innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 1,3 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	-2	+1	0	-1	X

Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, for tema naturmangfald, friluftsliv, landskap, naturressursar og karbonrike areal, samstundes som det er positive konsekvensar for tema teknisk infrastruktur. Innspelet legg til rette for ei fortetting av eksisterande bustadområde, og området er hensiktsmessig plassert også i forhold til senterstruktur.


Området er vist som friområde i gjeldande kommuneplan, og er truleg tenkt nytta som eit grøntområde eller leikeareal i bustadfeltet. Innspelet består av landbruksareal i form av fulldyrka og overflatedyrka mark, og ei utbygging i området vil vera negativt i form av tap av landbruksjord, enten det er til bustadbygging, eller til opparbeiding av leikeareal eller liknande. På bakgrunn av dette er innspelet tilrådd endra til LNF-føremål.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Negativ tilråding, tilrådd endra til LNF

Politisk endring: Ta inn. Fortetting.

3.4.6 Friområde til bustad, R-16

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Friområde i reguleringsplan (R – 16)	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	7,4 daa
Skildring av området	Innspelet ligg innanfor reguleringsplanen R – 16, Leite Aust frå 1988. Området ligg sentralt på Svortland, og planen er ferdig utbygd. Innspelet omfattar område avsett til friområde i reguleringsplanen.

Aktuelle problemstillingar	
-----------------------------------	--

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Open fastmark, barskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Området kan ha ein viktig funksjon som leikeområde for ungar som bur i bustadfeltet eller i nærleiken.	Ei endring til bustadføremål vil medføre privatisering av eit område som dels kan vera tilgjengeleg for lek og rekreasjon i dag.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype Kystheiene, med verdi 2. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Terrenget i området er relativt flatt, og vil truleg vera enkelt å byggja ut utan store terrenginngrep. Det vil likevel vera negative landskaps-messige konsekvensar av å byggje ut eit område som fungerer som eit grøntområde i bustadfeltet i dag.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspela. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspela.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspela	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i eit etablert bustadområde, og nødvendig infrastruktur vil truleg vera lett tilgjengeleg i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på kommunesenteret, og ligg i eit etablert bustadområde. Innspelet er såleis gunstig plassert som bustadføremål, men vil også medføre at eit grøntområde i bustadfeltet vert bygd ned, noko som kan vera negativt for nærmiljøet.		0
Karbonrike areal	Det er registrert noko skog av høg bonitet innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		X
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil vera ei fortetting av eksisterande bustadområde, og er gunstig med omsyn til at området er sentrumsnært, og infrastruktur allereie er etablert i området. Arealet fungerer som eit grøntområde i bustadfeltet i dag.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		

Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Trafikktryggleik må avklarast vidare.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Næringsområdet i Hollundsdaalen ligg om lag 200 meter aust for innspelet		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennlinjer innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, om lag 700 m frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	0	+1	0	-1	X
Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, friluftsliv og landskap. samstundes som det er positive konsekvensar for tema teknisk infrastruktur. Innspelet legg til rette for ei fortetting av eksisterande bustadområde, og området er hensiktsmessig plassert også i forhold til senterstruktur. Området er vist som friområde i reguleringsplanen, og er truleg tenkt nytta som eit grøntområde eller leikeareal i bustadfeltet. Ei utbygging i området vil vera negativt i form av tap av eit grønt-/leikeareal i feltet. På bakgrunn av dette er innspelet negativt tilrådd. ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding								
Politisk endring: Ta inn.								

3.4.7 Næring til bustad, R - 39

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Næring i reguleringsplan R-39	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2,1 daa
Skildring av området	Innspelet ligg tett på Svortland sentrum, og grensar til Storavatnet. Innspelet var del av reguleringsplan R-39, og var regulert til næringsføremål. Området er planert.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspelet grensar til Storavatnet, som er registrert som funksjonsområde for andefuglar. Arter: Ikkje registrert Markslag: Bebyggd/open fastmark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt, men arealet er allereie planert og arealendringa vil ha avgrensa konsekvens for naturmangfald.	-1
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg i strandsona.	Innspelet vil medføre arealbeslag og auka grad av privatisering i eit område som er utan tiltak i dag, sjølv om arealet er planert.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse (NiN). Innspelet ligg innanfor Kystbygdene på Vestlandet, landskapslandskapstypen Vågsvatn, med verdi 3 – middels verdi.	Innspelet vil medføre terrenginngrep i strandsona mot Storavatnet i eit område som er utan tiltak i dag. Strandsona kring innspelet er allereie utbygd, og området er planert, verknaden er såleis avgrensa.	-1

	Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til området. Det er truleg mogleg å kopla seg på infrastruktur i området, sjølv om det ikkje er tilrettelagt innanfor innspelet.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på Svortland sentrum, og ligg i eit område med mykje bustader. Arealet grenser til areal avsett til næring, i dag nytta som lager/verkstad. Arealet ligg på eig lågare nivå enn næringsområdet. Arealet ligg tett på fylkesvegen , på same nivå.		+2
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet mot sjø, men grensar til Storavatnet.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg sentrumsnært, og ligg i eit område med lett tilgjengeleg infrastruktur, og med etablerte bustader. Området er allereie planert, og det er positivt å ta i bruk slike område til utbyggingsføremål.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Innspelet vil kunna endra tilhøve knytt til framkome og trafikktryggleik, og dette må avklarast nærare i regulering-splan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor gul og raud støysone frå Stavlandsvegen. Dette må avklarast nærare i reguleringsplan for området.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennleidningar innanfor innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, om lag 700 meter frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	0	+1	+2	0	X


Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, for tema naturmangfald, friluftsliv og landskap, men desse er ikkje vurdert til å vera vesentlege. Innspelet ligg sentrumsnært, og ligg i eit område med lett tilgjengeleg infrastruktur, og med etablerte bustader. Området er allereie planert, og det er positivt å ta i bruk slike område til utbyggingsføremål. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik, støy

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

3.4.8 Jordbruk/sentralidrettsanlegg til bustad, R – 50 og KPA

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Jordbruk (J3) og sentralidrettsanlegg (F12) i reguleringsplan R-50. Areal utanfor er i KPA vist som LNF. Planlagt arealbruk Bustad	Arealendring 

	
Arealstorleik planlagt arealbruk	53,5 daa
Skildring av området	Innspelet ligg tett på Svortland sentrum, og grensar til etablerte bustadfelt. Innspelet var del av reguleringsplan R-50, og var regulert til jordbruks- og idrettsføremål. Området er i dag ubyggd. Det er både naturskog og sitkatre i området.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Skog, innmarksbeite og fulldyrka jord	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Aust for arealet er det opparbeida turløyper i samband med idrettsparkering. Det er etablert gangveg mellom bustadfeltet sør og nord for innspelet (Røss-lyngvegen og Varhaugvegen).	Innspelet vil medføre arealbeslag og auka grad av privatisering i eit område som er utan tiltak i dag, sjølv om arealet er planert. Etablert gangveg vert påverka.	-1/-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse (NiN). Innspelet ligg innanfor Kystbygdene på Vestlandet, landskapslandskapstypen Straumfjorden og Vardafjell, begge verdi 2 – vanleg førekommande. Sjå 3d-kart her .	Innspelet vil medføre terreng-inngrep i område som er kupert og er utan tiltak i dag. Areal sør og nord for innspelet er allereie utbygd. Det vil likevel vera negative landskapsmessige konsekvensar av å byggje ut eit område som fungerer som eit grøntområde mellom bustadfelt i dag.	-1/-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert dyrka mark innanfor innspelet; Innmarksbeite (ca. 15,6 daa) og fulldyrka jord (ca. 7,3 daa).	Innspelet vil medføre tap av innmarksbeite og fulldyrka jord	-2

Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til området. Det er truleg mogleg å kopla seg på infrastruktur i området, sjølv om det ikkje er tilrettelagt innanfor innspelet.	+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på Svortland sentrum, og ligg i eit område med mykje bustader.	+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike område i form av dyrka mark og skog innanfor innspelet.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.	X
Strandsone	Innspelet ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet mot sjø.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg sentrumsnært, og ligg i eit område med lett tilgjengeleg infrastruktur, og med etablerte bustader. Det er kort avstand til skule og idrettsanlegg. Arealet fungerer som eit grøntområde mellom bustadfelt, og vil medføre nedbygging av dyrka mark, noko som vil vera negativt i eit miljø-perspektiv.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Deler av innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området gjennom etablerte bustadfelt. Innspelet vil kunna endra tilhøve knytt til framkome og trafikktryggleik, og dette må avklarast nærare i reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor gul og raud støysone frå fylkesveg.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennleidningar innanfor innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland med kort avstand frå innspelet.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1/-2	-1/-2	0	-2	+1	+2	-1	X

Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, for tema jordbruk, naturmangfald, friluftsliv og landskap. Innspelet ligg sentrumsnært, og ligg i eit område med lett tilgjengeleg infrastruktur og med etablerte bustader. Innmarka i området ligg inneklemmt mellom etablerte bustadfelt. I nordvest er store deler av innmarksbeitet som ligg utanfor innspelet, vidareført som bustadføre mål i planvask av R-50 (gnr. 109/10). Attverande innmarksbeite innanfor innspelet er såleis avgrensa. På bakgrunn av dette og at arealet er sentrumsnært er nordvestre del av innspelet tilrådd som bustadføre mål. Den delen av innspelet som ligg i aust omfattar også dyrka mark; areala

nærmast etablert bustadfelt i sør. Ei endring av føremål vil medføre nedbygging av dyrka mark, og på bakgrunn av dette vert den delen av innspelet som ikkje er dyrka mark tilrådd som bustadføremål.




ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Positiv justert tilråding

3.5 Meling

3.5.1 Meling 1 – gnr/bnr 107/9 – Fritidsbusetnad

Skildring av arealendringa:

Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring
Planlagt arealbruk Fritidsbusetnad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Hallaråker, sørvest for Svortland. Det er i dag vegtilkomst til området, som er spreitt utbygd.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
---------------------	-------	------------

Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: i området rundt er det registrert vipe (CR), lomvi (CR), makrellterne (EN), sjøorre (VU), svartand (VU), grønnefink (VU), brushane (VU), fiskemåke (VU), gråmake (VU), ærfugl (VU), stær (NT), tjeld (NT), stor-skarv (NT), rødstilk (NT), heilo (NT), tårnseiler (NT), gjøk (NT), tyrkerdue (NT). Markslog: lauvskog (impediment). Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Gytefelt.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er fleire raudlista fugle-arter i området. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde i området. Sjøolve innspelsarealet er klassifisert som inngrepsnære areal av SSB. Det er varierende hellingsgrad. Området er tilgjengeleg frå sjøsida.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Endra føremål i frå LNF til fritidsbusetnad vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området, men området er relativt lite tilgjengelege i eit friluftlivsperspektiv i dag.	-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Svært bølgeeksponert småkupert kystlettelandskap på ytre kyst med høyt jordbrukspreg. Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Straumfjorden, landskaps-type Våg- og smalsundlandskap. Verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Sjøområdet utanfor innspelet ligg innanfor Sjø og vassdrag generelt, eks. AK i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet ligg i Sjørgardsvika på Hallaråker, sørvest for Svortland. Strandsona og området er kupert, med etablerte naust med tilhøyrande anlegg langs sjø, og busetnad på ryggen ovanfor. Området er skogkledd, med svaberg mot sjø. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i strandsona er sårbart for tett utbygging. Arealet ligg i eit lite og relativt skjerma søkk der det i frå før er etablert bygningar. Innspelet opnar for inngrep i eit bratt område i strandsona, som vil gi negative verknadar for landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i området. Like nord ligg det fire SEFRAK-registrerte bygningar. Det er ikkje registrert kulturmiljø i området, som er registrert som kulturminnerik strandsona.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar	Lauvskog (impediment).	Ingen kjende konsekvensar.	0

Landbruk Marine ressursar			
Teknisk infrastruktur	Det går veg fram til området. Innspelet ligg tett på utbygd område, og det vil truleg vera enkelt å kopla seg på etablert infrastruktur i området.	+1	
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje sentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrums-områda i kommunen. Innspelet vil føye seg inn i etablert bygningsstruktur i nærområdet.	0	
Karbonrike areal	Det er lauvskog (impediment) i området, med grunnlendte grunnforhold. Det er ikkje registrert myr eller andre særskilt karbonrike areal.	0	
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.	X	
Strandsone	Innspelet ligg dels innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritidsbusetnad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for fritidsbusetnad i strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Fritidsbustad vil være positivt for kommunens attraktivitet og kan styrkje grunnlaget for lokale tilbod. Det vil elles ha avgrensa samfunnsnytte utover den positive verknaden for den einskilde brukaren av området. Vidare utbygging av området vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, men det er ikkje synt aktsemd kvikkleire. Lausmassane består av Hav-, fjord- og strandavsetning, usammenhengende eller tynt dekke over berggrunnen		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspennlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-2	0	0	+1	0	0	X

Innspelet har negative verknadar for naturmangfald, friluftsliv og landskap. Arealet omfattar innspel om fritidsføremål i strandsona i eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området.


ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

Politisk endring: Delvis inn. Utviding av eksisterande område.



3.5.2 Meling 2 – gnr/bnr 107/112 – Næring, kystfiske

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Reguleringsplan skal fortsatt gjelde (Naust i R-83 Hallaråker, gnr 107 bnr 2 og 10).	Arealendring 
Planlagt arealbruk Næring, kystfiske	
Arealstorleik planlagt arealbruk	0,05 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Hallaråker, sørvest for Svortland. Det er i dag vegtilkomst til området, som er spreitt utbygd.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone, næring

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: i området rundt er det registrert vipe (CR), lomvi (CR), makrellterne (EN), sjøorre (VU), svartand (VU), grønnpink (VU), brushane (VU), fiskemåke (VU), gråmake (VU), ærfugl (VU), stær (NT), tjeld (NT), stor-skarv (NT), rødstilk (NT), heilo (NT), tårnseiler (NT), gjøk (NT), tyrkerdue (NT). Markslag: open grunnlendt fastmark. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Gytefelt.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Aktuelt areal er i dag planert, og avsett til naust. Ei endring av arealføremål til næring, kystfiske, vil ikkje medføre vesentlege endringar for naturmangfaldet i området. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone og i sjø er generelt sårbar for inngrep og arealbeslag.	0
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde i området.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde.	-1

	Innspelsarealet er klassifisert som potensielt tilgjengeleg av SSB. Det er liten hellingsgrad. Området er tilgjengeleg frå sjøsida.	Eit endra utbyggingsføremål knytt til næring, kystfiske, vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området.	
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Svært bølgeeksponert småkupert kystslettelandskap på ytre kyst med høyt jordbrukspreg. Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Straumfjorden, landskaps-type Våg- og smalsundlandskap. Verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Sjøområdet utanfor innspelet ligg innanfor Sjø og vassdrag generelt, eks. AK i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela ligg i Sjørgardsvika på Hallaråker, sørvest for Svortland. Strandsona og området er kupert, med etablerte naust med tilhøyrande anlegg langs sjø, og busetnad på ryggen ovanfor. Området er skogkledd, med svaberg mot sjø. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i strandsona er sårbart for tett utbygging. Det er etablert naust og kai i nærområdet. Ny utbygging vil ikkje medføre store inngrep, silhuettverknad eller vesentleg fjernverknad. Områda nærmast som vert bygd på kan vert endra, men omfanget er liten.	0/-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i området. Like nord ligg det fire SEFRAK-registrerte bygningar. Ingen registrerte kulturmiljø i området, som er registrert som kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det går veg fram til området. Innspelet ligg tett på utbygd område, og det vil truleg vera enkelt å kople seg på etablert infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Føremålet med innspelet er å leggja til rette for næringsverksemd knytt til kystfiske. Endring til næringsføremål kan likevel potensielt medføre meir støy, som kan vera sjenerande for nærliggande naust.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for etablering av næringsareal knytt til fiskeri, og bygge opp under fiskeriet i kommunen.		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust, kystfiske, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland syner til at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjørette næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad, og vidare at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Innspelet er i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjørette, og tiltaka er lokalisert i tilknytning til eksisterande naust og kai-område.		

Samfunnsnytte og berekraft	Areal til sjørelatert næring er positivt med omsyn til samfunnsnytte. Utbygging i strandsone utan tiltak vil vere negativt i eit miljøperspektiv.
-----------------------------------	---


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, men det er ikkje synt aktsemd kvikk-leire. Registrert lausmasstype i området er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
0	-1	0/-1	0	0	+1	+1	0	+1
Endring til næringsfremål, kystfiske, vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting. Det er ingen vesentlege endringar i konsekvens i høve til dagens arealstatus. Innspelet er i tråd med strandsonerettleiaren for Vestland og SPR, då det er snakk om tilrettelegging for næring som må liggja tilknytt sjø. På bakgrunn av dette vert innspelet tilrådd.								
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning.								
Fagleg vurdering: Positiv tilråding								

3.5.3 VA-anlegg Meling

Skildring av arealendringa:

Gjeldande arealbruk LNF LNF-spreidd	Arealendring 
Planlagt arealbruk VA – reinseanlegg Utviding – markert med gult Området markert med grønt - endring til LNF	
Arealstorleik planlagt arealbruk	6,6 daa
Skildring av området	Området ligg ved Skipavik på Meling. Det er etablert eit reinseanlegg i området, og det er behov for utviding av arealet. Området grensar til LNF-spreidd-område i sør, og LNF-område i nord.
Aktuelle problemstillingar	Urørt natur

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Open fastmark, fulldyrka jord, innmarksbeite	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Arealet består av urørt natur, som er viktig for lokalt naturmangfald. Det er ikkje registrert naturmangfald i området, men området er heller ikkje undersøkt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ikkje kjent at området vert nytta til friluftsliv.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype våg- og smalsundlandskap, med verdi 2.	Landskapet i området er småkupert, og terrenget ligg noko høgare enn eksisterande tiltak. Tiltak i området vil medføre terrenginngrep, og vil medføre negative landskapsmessige konsekvensar.	-1

	Innspelet er ei utviding av eksisterande reinseanlegg, i eit område utan andre tiltak. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet. Det ligg eit automatisk freda kulturminne like sørvest for eksisterande reinseanlegg.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet overlappar med fulldyrka mark og innmarksbeite	Innspelet vil medføre tap av om lag 1,7 daa registrert fulldyrka jord, og om lag 1,5 daa registrert innmarksbeite.	-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Det er vegtilkomst til området i dag, og ei utviding av anlegget vil truleg kunna kopla seg på eksisterande infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, og ligg relativt langt frå andre tiltak.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike område i form av dyrka mark innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg så vidt innanfor grensa for 100-meterbeltet mot sjø og ønska arealbruk er VA-anlegg. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, som til dømes næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisast i tilknytning til annan busetnad. VA-anlegg er ikkje å rekna som eit reint næringstiltak, men er nødvendig infrastruktur. Dette er ikkje føremål som treng å ligga i strandsona, men det er etablert anlegg på staden i dag og det er ein svært liten del av innspelet som overlappar med 100-metersbeltet. Difor er innspelet ikkje vurdert å medføre vesentlege negative konsekvensar for strandsoneverdiane i området.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Arealet er urørt i dag, og ei utbygging vil vera negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. BVA har spela inn at det er behov for arealet for å ha høve til utviding av eksisterande reinseanlegg, noko som vil vera samfunnsnyttig		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrerte høgspennlinjer i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 3 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	-2	+1	0	-1	x


Det er nokre negative konsekvensar av innspelet (utvidinga nordaustover), mellom anna for tema naturmangfald, landskap, naturressursar og karbonrike areal, men desse konsekvensane er ikkje vurdert til å vera vesentlege. Innspelet legg til rette for ei utviding av eksisterande reinseanlegg, noko som vil ha stor samfunnsnytte. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd.

Den sørvestlege delen av innspelet (markert med grønt i kartet over) er tilrådd endra til LNF, då det er stor grad av overlapp med fulldyrka mark og innmarksbeite, og det ikkje er behov for dette arealet som VA-anlegg.

ROS-analyse: Kvikkleire

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

3.5.4 Naust til næring, R-19

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Naust i reguleringsplan R-19	Arealendring 
Planlagt arealbruk Næring	
Arealstorleik planlagt arealbruk	0,2 daa

Skildring av området	Innspelet ligg på Sjøbuholmen ved Øklandsvågen, og området er regulert til naustføremål. Innspelet ligg på eit nes som er utan tiltak i dag.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: : Innspelet overlappar med funksjonsområde for gråmåke (VU), storskarv (NT), lappspove (LC) og havørn (LC) Arter: Fleire fugleartar registrert i nærområda. Markslag: Bebyggd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Innspelet kan medføre negative konsekvensar for registrerte raudlista fugleartar på Sjøbuholmen og i Kvernavika, på grunn av forstyrringar og tap av areal.	-1/-2
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg i strandsona.	Innspelet vil medføre arealbeslag og auka grad av privatisering i ei strandsone som er utan tiltak i dag.	-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Innspelet ligg innanfor Kystbygdene på Vestlandet, landskapslandskapstypen Indre øy-, holme og skjærgårdslandskap, med verdi 3 – middels verdi. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Innspelet vil medføre terrenginngrep i strandsona i eit område som er utan tiltak i dag, sjølv om strandsona kring innspelet i stor grad er utbygd. Innspelet er på eit nes, og tiltak i området vil såleis vera godt synlege.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg innanfor innspelet. Det ligg to kulturminne i nærleiken av innspelet; Kulturmiljøet Handelsstad Øklandsvågen med bustadhus og sjøhuset «Gamlebutikken» er definert som eit Statlig listeført kulturminne. Øklandsvågen er registrert som Samlingsplass – romanifolkets kulturminne, Ankringsplass, men er utan vern.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg. Ei vidare utbygging i Øklandsvågen kan vera negativt med omsyn til kulturmiljøet kring handelsstaden Øklands-vågen. Konsekvensane er likevel avgrensa, då miljøet i vågen allereie er vesentleg endra, og påverka av eksisterande nærings-verksemd.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til området. Det er truleg mogleg å kopla seg på infrastruktur i området, sjølv om det ikkje er tilrettelagt innanfor innspelet.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, men det ligg fleire naust i nærområdet og det er etablert næringsareal nord, sør og aust for innspelet.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet.		0

Næringsliv og sysselsetting	Innspelet kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting.	+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er næring. Strandsoneretleiarer for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiarer peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsoneretleiarer.	
Samfunnsnytte og berekraft	Areal til sjørelatert næring er positivt med omsyn til samfunnsnytte. Utbygging i strandsone utan tiltak vil vere negativt i eit miljøperspektiv.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Støy kan vera ein generell problemstilling i eit næringsområde med kringliggjande bustadområde		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennleidningar innanfor innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 2 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	-2	-2	-1	0	+1	0	0	+1


Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, for tema naturmangfald, friluftsliv, landskap, kulturminne. Innspelet er på eit nes, og tiltak i området vil såleis vera godt synlege, sjølv om det er fleire tiltak i nærområdet. Areal til sjørelatert næring er positivt med omsyn til samfunnsnytte, men utbygging i strandsone utan tiltak vil vere negativt i eit miljøperspektiv. Arealet vil vera ei buffersone mellom næringsaktivitet i nord og nærliggjande naustrekkje i vest. På bakgrunn av dette er innspelet negativt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, støy

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

3.6 Gilje

3.6.1 Gilje 1a og 1b – gnr/bnr 119/3, 22 - Naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk Naust	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1a: 0,3 daa 1b: 1,1 daa
Skildring av området	Innspele ligg i Gjerdevågen, nord for Sakseid. Det er i dag vegtilkomst til området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: ærfugl (VU), gråmåke (VU), fiskemåke (VU), granmeis (VU), tjeld (NT), storskarv (NT), gjøk (NT). Markslag: 1a: bebygd areal 1b: Open fastmark Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: ikkje registrert.	Det er i frå før etablerte tiltak i aktuelt område. Tiltaket vil medføre ytterlegare arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er registrert fleire truga fugleartar i området. Innspele gir grunnlag for tiltak i sjøområdet (utfylling og kaiområde). Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1


Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspela. 1a: klassifisert som inngrepsnære areal av SSB. 1b: klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Det er varierende hellingsgrad. Begge områda er tilgjengelege frå sjøsida.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Utvida utbyggingsføremål knytt til naust vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området.	-1
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Beskyttet indre småkupert kyst-slette. Innspela ligg innanfor landskaps-området Litlahiskjo-Lindøya, land-skapstype Indre øy-, holme og skjærgårdslandskap. Verdi 3 – middels verdi. Innspela ligg innanfor arealsone Sjø og vassdrag generelt – eks. AK i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela ligg i Gjerdavågen, nord for Sakseid. Området er dominert av settefiskanlegg inst i vågen. Det er etablert ein veg og nokre naust med tilhøyrande kai/flytebrygger i området. Strandsona er elles bratt i området. Det er mykje ope berg i dagen og lite vegetasjon i området. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i strandsona er sårbart for tett utbygging. Arealet ligg i ein liten og skjerma våg der det i frå før er inngrep. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda. Fjernverknaden er noko avgrensa etter-som arealet ligg i ein våg. Innspela opnar for inngrep i eit bratt område i strandsona, som òg vil medføre utfylling i sjø for å få etablert tiltaka, noko som vil gi negative verknadar for landskap.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturmiljø innanfor eller i nærleiken av innspela. Ingen registrerte kulturminne innanfor innspela, men det ligg eit automatisk freda busettingsminne på andre sida av vågen. Ingen registrerte SEFRAK- bygg innanfor innspela, men det ligg fire SEFRAK-bygg i området.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	1a: bebygd areal 1b: Open fastmark Ingen registreringar i sjø.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det er veg fram til innspela, og området er i frå før bebygd. Det vil truleg vera enkelt å kopla seg på etablert infrastruktur i området		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspela ligg i nærleik til eit spreitt utbygd område, der det elles i frå før er etablert naust og andre tiltak. Innspelet vil vera ei naturleg vidareføring av føremåla, og det er i frå før etablert tiltak på aktuelle areal.		0

Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet, som t.d. myr eller større skogområde.	0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.	X
Strandsone	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust. Strandsone-rettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Strandsone-rettleiaren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Rettleiaren gir råd om at fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsone-rettleiaren.	
Samfunnsnytte og berekraft	Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. I eit berekraftperspektiv er det betre å vidareutvikla område som allereie er dels bygd ut, enn å ta i bruk nye, urørte område.	


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Registrert lausmassestype i området er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	1a: Innspelet overlappar ikkje med fareområde for flaum, men det er synt aktsemdområde for flaum. 1b: Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspela vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspennlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 4,7 km frå innspela i luftlinie.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
---------------	-------------	----------	----------------------------	----------------	-----------------------	---------------------------	------------------	-----------------------------

-1	-1	-1	0	0	+1	0	0	X
Det er etablert to naust og kaiar/flytebrygger i området i frå før, samt tilkomstveg. Innsjelsareala er i all hovudsak bygd ned i frå før, og slike område kan byggjast ut utan like negative konsekvensar som ved urørte område. Innsjels 1b er tilrådd positivt, med føresetnad om at ein ikkje gjer terrenginngrep i skråning som ligg aust for etablert veg. Det er mykje ledig naustareal i nærområdet, som bør byggjast ut før ein legg inn nye areal. Det må utarbeidast reguleringsplan for området, der ein ser på naustområda i vågen i ein heilskap og legg inn grønne føremål mellom naustområda. ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, stormflo/havnivåstigning								
Fagleg vurdering: Positiv tilråding innsjels 1a								
Fagleg vurdering: Positiv tilråding med justering innsjels 1b, til areal som ikkje går inn i skrent mot aust								
								

3.6.2 Fylkesnes, naust til kystfiske, gbnr. 113/118

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Naust	Arealendring 
Planlagt arealbruk Næring, kystfiske	

Arealstorleik planlagt arealbruk	0,6 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på austsida av Mælandsvågen, og er del av eit naustføremål, men området er utan tiltak i dag. Det er etablerte tiltak på begge sider av innspelet.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Skog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø, men arealet er ikkje registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone, på grunn av einebustader som ligg tett på i bakkant av innspelet.	Innspelet vil medføre arealbeslag og privatisering av eit område som er utan tiltak i dag.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype Våg -og smalsundlandskap, med verdi 3. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Området er skogkledd, og består av urørt strandsone. Terrenget i området er småkupert, og tiltak vil medføre terrenginngrep i ei strandsone som er utan tiltak i dag. Det er tiltak både i bakkant og på begge sider av innspelet.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar for naturressursar	0
Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til området, og det er truleg tilrettelagt med nødvendig infrastruktur i nærområdet.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, men det ligg naust og bustader i nærområdet.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting.		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er næring, kystfiske, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, men innspelet ligg i ubygd strandsone, sjølv om det er tiltak på begge sider av området.		

Samfunnsnytte og berekraft	Areal til sjørelatert næring, kystfiske, er positivt med omsyn til samfunnsnytte. Utbygging i strandsone utan tiltak vil vere negativt i eit miljøperspektiv.
-----------------------------------	---


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennlinjer i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 3,4 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	0	+1	0	0	+1
Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, friluftsliv og landskap. Innspelet legg til rette for utbyggingsføremål i ubygd strandsone, på eit areal som er utan tiltak i dag, sjølv om det er ein del tiltak i områda rundt. Ei endring til føremål næring, kystfiske vil vera positivt med omsyn til næringsutvikling og tilrettelegging av sjønært næringsareal. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd.								
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning								
Fagleg vurdering: Positiv tilråding								

3.6.3 Mælandsvågen, naust til kystfiske, gbnr. 112/176

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Innspelet er vist som naust i reguleringsplan R – 18 Mælandsvågen	Arealendring

Planlagt arealbruk Næring, kystfiske	
Arealstorleik planlagt arealbruk	0,1 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på eit nes i Mølleåvågen; Mølleåvågen. Heile nærområdet er utbygd med naust og flytebrygger. Det er ikkje etablert bygg innanfor innspelet, men eigedomen er planert, og etablert med kai.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Sjøområda utanfor innspelet er omfatta av naturtypen bløtbunnsområder i strandsonen, registrert med verdi Viktig. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Bebyggd	Området er ferdig planert og er eit grått areal. Arealendringa vil ikkje medføre endringar for naturmangfald.	0
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø, men arealet er ikkje registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone.	Innspelet er eit grått areal i dag, og har liten verdi for friluftsliv.	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Skjernet indre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse.	Området er planert, og etablert med kaifront. Det er også tiltak på begge sider av innspelet. Ei føremålsendring vil ikkje	0

	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype Våg -og smalsundlandskap, med verdi 3. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	medføre konsekvensar for landskap.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Arealet er planert, og det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet.	Ingen konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Området er tilrettelagt med vegframføring og nødvendig infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, men det ligg fleire naust i nærområdet.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike område innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting.		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er næring, kystfiske, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspelet er såleis i stor grad i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og innspelet ligg i eit område som allereie i stor grad er utbygd.		
Samfunnsnytte og berekraft	Areal til sjørelatert næring, kystfiske, er positivt med omsyn til samfunnsnytte. Arealet er allereie planert; og det er positivt i eit miljøperspektiv å nytte slike område til utbygging, framfor å ta i bruk urørte område.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspen	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenlinjer i nærleiken av innspelet.		

Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 3 km frå innspelet i luftlinje
------------------	---

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
0	0	0	0	0	+1	+1	0	+1
Det er fleire positive konsekvensar ved innspelet, sidan arealet allereie er planert og tilrettelagt, og ligg i eit område som er tett utbygd. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd.								
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning								
Fagleg vurdering: Positiv tilråding								

3.6.4 Leikeområde til bustad, R - 18

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Leikeområde i reguleringsplan R - 18	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i Mælandsvågen, innanfor reguleringsplanen R – 18, Mælandsvågen frå 1982. Arealet er regulert til leikeplass i planen. Deler av innspelet i nordaust er opparbeidd/planert areal, resten av innspelet er utan tiltak.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
---------------------	-------	------------

Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Bebygd, open fastmark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Området kan ha ein viktig funksjon som leikeområde for ungar som bur i bustadfeltet eller i nærleiken.	Ei endring til bustadføremål vil medføre privatisering av eit område som dels kan vera tilgjengeleg for lek og rekreasjon i dag.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype Våg- og smalsundlandskap, med verdi 3. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Området er i hovudsak utan tiltak i dag, men det er etablert bustader i områda rundt. Det er relativt bratt terreng i området, og tiltak vil kunne medføre terrenginngrep.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i eit etablert bustadområde, og nødvendig infrastruktur vil truleg vera lett tilgjengeleg i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i tilknytning til eit senterområde i kommunen, men ligg i eit etablert bustadområde. Innspelet vil medføre at eit grøntområde i bustadfeltet vert bygd ned, noko som kan vera negativt for nærmiljøet.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet, som t.d. myr eller større skogområde.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100 meterbeltet mot sjø, men det er etablert både bustader og naust mellom innspelet og sjøen. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren og SPR.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil vera ei fortetting av eksisterande bustadområde, og er gunstig med omsyn til at området er sentrumsnært, og infrastruktur allereie er etablert i området. Arealet fungerer som eit grøntområde i bustadfeltet i dag.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn


	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenteleidningar innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 3 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	0	+1	-1	0	X
Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, for tema naturmangfald, friluftsliv, landskap og nærmiljø/stadutvikling, samstundes som det er positive konsekvensar for tema teknisk infrastruktur. Innspelet legg til rette for ei fortetting av eksisterande bustadområde. Området er vist som leikeområde i gjeldande reguleringsplan, og ei endring til bustadføremål området vil vera negativt i form av tap av eit grønt-/leikeareal i feltet. På bakgrunn av dette er innspelet negativt tilrådd. ROS-analyse: Kvikkleire								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding								
Politisk endring: Ta inn.								

3.7 Foldrøy

3.7.1 Folderøy - Tenesteyting til bustadføremål

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Tenesteyting	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	7,6 daa
Skildring av området	Området ligg i tilknytning til Foldrøy skule, som vart nedlagt i 2025. Det er planar om å starte opp Montessoriskule i lokala. Innanfor innspelet, som grensar mot skuleområdet, er det i dag etablert tre einebustader (den eine ligg dels innanfor føremålet. Innspelet grensar til bustadføremål i aust, sør og vest.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Bebyggd og lauvskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Området er dels skogkledd i dag, og ligg tett på skulebygget og busetnaden rundt. Området er såleis truleg eit viktig nærfriluftsområde for ungar som bur og ferdast i området	Endring til bustadføremål kan medføre ei vidare utbygging i området, og dermed eit tap av område som kan nyttast av ålmenta i dag.	-1
Landskap	Innspelet ligg i hovudsak innanfor NiN- område Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse, og dels innanfor NiN-område Relativt	Innspelet ligg i eit område som er prega av utbygging, både knytt til skuleområdet, og busetnaden kring. Det er allereie etablert 3 einebustader i	-1

	åpent fjordlandskap med bebygde områder . Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Middels brede fjordløp, med verdi 2. Terrenget innanfor innspelet er skogkledd og småkupert, og utan tydelege landskaps-element. Sjå 3d-kart her: 3d.kommunekart.com/	området. Ei føremålsending vil ikkje medføre vesentlege negative landskapsmessige konsekvensar.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRABYGG i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRABYGG-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet. Området er klassifisert som lauvskog og bebygd areal.	Innspelet har ingen verknad for jordbruksinteresser, og avgrensa for skogbruk då arealet er lite i som ein driftsressurs.	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i eit område med vegtilkomst og busetnad på fleire sider. Området er såleis truleg tilrettelagt med nødvendig infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området, og vil bygge opp under Foldrøy, sjølv om Foldrøy ikkje er definert som eit lokalsenter i kommunen.		+1
Karbonrike areal	Deler av innspelet består av lauvskog av høg bonitet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Ein mindre del av innspelet ligg i 100 meterbeltet mot sjø, men denne delen er i stor grad utbygd allereie (bustadhus i aust). Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren og SPR.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i eit område med etablert infrastruktur, og er ei naturleg utviding av bustadområda som ligg kring innspelet. Innspelet ligg tett på annan busetnad, og kan såleis vektast positivt der fortetting og utviding er gode plangrep. Deler av området er i dag skogområde, og ei utbygging vil vera negativt i eit miljøperspektiv..		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn


	Det er vegtilkomst til området. Trafikktryggleik må avklarast vidare.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennlinjer innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 7 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	0	+1	+1	-1	X
Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, friluftsliv og landskap, men desse konsekvensane er ikkje vurdert til å vera vesentlege. Innspelet legg til rette for ei utviding av eksisterande bustadområde, og infrastruktur er i stor grad på plass i området. Deler av området er også allereie i bruk som bustadområde. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd. ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik Fagleg vurdering: Positiv tilråding								

3.8 Finnås

3.8.1 Finnås 1 – gnr/bnr 125/4 – Fritidsbusetnad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk Fritidsbusetnad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	6 daa
Skildring av området	Innspela ligg i Selvågen, sørvest for Kulleseid på Finnås. Det er i dag ikkje direkte vegtilkomst til området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Utvalt naturtype kyst-lyngei, registrert med låg kvalitet og svært stor verdi. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: gråmåke (VU), grønnfink (VU), ærfugl (VU), granmeis (VU), storskarv (NT). Markslag: open grunnlendt fastmark. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: ikkje registrert.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område med utvald naturtype, der det òg er registrert raudlista fugleartar i området. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbar for inngrep og arealbeslag.	-3
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspela.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde.	-1

	Strandsona er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Det er varierende hellingsgrad. Områda er tilgjengelege frå sjøsida.	Ei endring i frå LNF og fritidsbusetnad vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området.	
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette. Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Hiskosen-Ådnesosen, landskapstype Brede fjordløp og åpne fjordmunninger. Verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg innanfor arealsone Akvakultur i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet ligg i Selvågen, sørvest for Kulleseid på Finnås. Det er i dag ikkje direkte vegtilkomst til området. Strandsona er kupert, med lite vegetasjon og ope berg i dagen. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i strandsona er sårbart for tett utbygging. Arealet ligg i eit ope landskap, på eit ubygde nesområde der det i frå før er inngrep på begge sider av neset. Innspelet opnar for inngrep i eit kupert område i strandsona, som vil gi negative verknadar for landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen kulturminne eller kulturmiljø innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det ligg fire SEFRAK-registrerte bygg like aust.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med SEFRAK-registrerte bygg, registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det går veg fram til området, men ikkje heilt fram til innspelsarealet. Innspelet ligg i nærleiken av utbygd område, og det vil truleg vera enkelt å kopla seg på etablert infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje sentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspela vil ikkje føye seg inn i etablert bygningsstruktur i nærområdet.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet, som t.d. myr eller større skogområde.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsona	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritidsbusetnad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for fritidsbusetnad i strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Fritidsbustad vil være positivt for kommunens attraktivitet og kan styrkje grunnlaget for lokale tilbod. Det vil elles ha avgrensa samfunnsnytte utover den positive verknaden for den einskilde brukaren av området. Vidare utbygging av området vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		

ROS-analyse
Naturfare


Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, men det er ikkje synt aktsemd kvikk-leire. Lausmassane i området er registrert som bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje direkte vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 6 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-3	-1	-2	0	0	+1	-1	0	X
Det er negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskap. Arealet omfattar innspel om fritidsføremål i strand-sona i eit område med registrert utvald naturtype, i eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området. ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning Fagleg vurdering: Negativ tilråding								

3.8.2 Finnås 2 – gnr/bnr 132/4, 5, 12 – Naust og småbåtanlegg

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Omsynssone bevaring kulturmiljø (H570_28)	Arealendring

Planlagt arealbruk Naust (tre areal) Det er samstundes teke KU på tilhøyrande småbåt-anlegg i sjø	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Naust og småbåt-anlegg: Om lag 9 daa
Skildring av området	Innspela ligg på Geitung, vest for Lykling. Det er i dag ikkje vegtilkomst til området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone, kulturmiljø

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: naturbeitemark, registrert med Stor verdi. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: laks (NT), busttjernaks (NT, 1921), krykkje (EN), svartstrupe (EN), grønnfink (VU), vannrikse (VU), fiskemåke (VU), gråmåke (VU), rødstilk (NT), tjeld (NT), stær (NT), rosenfink (NT), sanglerke (NT), heilo (NT), storskarv (NT), gjøk (NT), havert (VU) I sjø er det registrert Større kamskjellforekomster, registrert med verdi Viktig og Skjellsand, registrert med verdi Viktig. Markslag: open fastmark, mindre deler overlappar med innmarksbeite Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: ikkje registrert.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er i tillegg registrert fleire raudlista artar, samt naturtype med stor verdi på land, og med verdi viktig i sjø. Innspela gir grunnlag for tiltak i sjøområdet (utfylling og kai-område). Innspelsområda ligg i urørt natur i strandsona. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-2/-3
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspela.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Utvida utbyggingsføremål knytt til naust vil medføre ei auka grad	-2

	Klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Det er varierende hellingsgrad. Området er tilgjengelege frå sjøsida.	av arealbeslag og privatisering av strandsona i området.	
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Ekstremt bølgeeksponert, småkupert kystslette på ytterste kyst. Innspela ligg innanfor landskapsområdet Nautøya, landskapstype Ytre skjærgård. Verdi 4 – stor verdi. Innspela ligg innanfor arealsone Sjø og vassdrag generelt – utvida omre. med akvakultur i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela ligg på Geitung, vest for Lykling. På øya er det bygningar og andre spor etter har vore eit fiskevær og handelstad. Handelen vart lagt ned på 80-talet og skulen i 1966. Strandsona og øya er kupert og dei etablerte tiltaka er i det området det er relativt flatt. Kringliggjande øyer er ubygde. Det er mykje ope berg i dagen og lite vegetasjon i området. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet er vurdert med stor verdi, og ligg i urørt strandsona på ei lita øy. Strandsona er sårbar for tett utbygging. Arealet ligg i ein liten og skjerma våg der det i frå før er inngrep. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda. Fjernverknaden er noko avgrensa ettersom arealet ligg i ein våg.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte SEFRAK-bygg eller kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspela. I Bømlo kommune sin KDP for kulturminne er Geitung eit prioritert kulturminne – sjøbruksmiljø, klasse A. Retningslinjene gir at større tiltak som fører til endringar av landskapskarakter eller terrengprofil er ikkje tillate. Ev. nye bygningar skal underordnast og tilpassast det eksisterande kulturmiljøet.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med SEFRAK-registrerte bygg eller registrerte kulturminne. Tiltaket vil kunne vera i strid med retningslinjene for kulturmiljø klasse A.	-2/-3
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspela overlappar noko (0,3 daa) med innmarksbeite. Ingen registreringar i sjø.	Innspela overlappar noko med innmarksbeite.	0/-1
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje veg fram til innspela, som ligg på ei øy. Det er få tiltak i nærområdet som ny utbygging truleg kan kople seg til.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen.		0

	Innspela ligg i nærleik til eit spreitt utbygd område, der det elles i frå før er etablert naust og andre tiltak. Innspelet vil vera ei naturleg vidareføring av føremåla.	
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet, som t.d. myr eller større skogområde.	0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.	X
Strandsone	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust med tilhøyrande småbåtanlegg. Strandsoneretleiarer for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Strandsoneretleiarer seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Rettleiarer gir råd om at fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsoneretleiarer.	
Samfunnsnytte og berekraft	Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. I eit berekraftperspektiv er det betre å vidareutvikla område som allereie er dels bygd ut, enn å ta i bruk nye, urørte område.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg under marin grense, men det er ikkje synt aktsemd kvikkleire. Registrert lausmasstype i området er Bart fjell, stadvis tynt lausmassedekke.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspela vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspennlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Langevåg/Espevær, som ligg om lag 10 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2/-3	-2	-2	-2/-3	0/-1	-1	0	0	X

Behovet for naust og lendingsplass (småbåtanlegg) er større på øyer med busetnad utan vegtilkomst. Det er negative konsekvensar av innspela, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturmiljø. Arealet omfattar innspel om fritidsføremål og naust i strandsona i eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning


Fagleg vurdering: Negativ tilråding

Politisk endring: Delvis inn. Behov for meir naust/båtplassar på Geitung.



3.8.3 Finnås 3 – gnr/bnr 122/5, 35 – Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Naust Omsynssone bevaring kulturmiljø (H570_21)	Arealendring
Planlagt arealbruk Bustad (eks.)	

	
Arealstorleik planlagt arealbruk	0,7 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i Storafjæra, like sør for Kulleseid, langs Kulleseidkanalen. Gjeld etablert bustad. Det er i dag vegtilkomst til området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone, kulturmiljø

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Like nordvest er det registrert Kantkratt, lokalt viktig. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: trollnype (VU), vestlandsvikke (NT). Lomvi (CR), hettemåke (CR), dvergdykker (EN), gråmåke (VU), grønnskalle (VU), ærfugl (VU), fiskemåke (VU), storskarv (NT), gråspurv (NT), tjeld (NT). Markslag: bebygd, uproduktiv skog Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: ikkje registrert.	Ei endring i frå LNF og naust til bustad vil medføre ei auka grad av arealbeslag og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er i dag etablert ein bustad på innspelsarealet og ei endring av føremål vil ha mindre konsekvensar for naturmangfald. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	0
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor innspelet. Like utanfor ligg det svært viktige friluftslivsområdet Kanalane og sjøareal i nærleiken. Området er registrert med stor brukarfrekvens.	Ei endring i frå LNF og naust til bustad vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området, men det er i dag etablert ein bustad på innspelsarealet og arealet er i frå før definert som inngrepsnært.	-1

	Strandsona er klassifisert som inngrepsnære areal av SSB. Det er varierende hellingsgrad. Området er berre tilgjengeleg frå sjøsida til etablert kai.		
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette. Innspela ligg innanfor landskapsområdet Steinvågen, landskaps-type Våg- og smalsundlandskap. Verdi 3 – middels verdi. Innspelet ligg innanfor arealsone Grønstruktur, landskapsområde, i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet ligg i Stora fjøra, ein liten våg sør for Kulleseid, langs Kulleseidkanalen. Gjeld etablert bustad, som ligg i eit spreidd utbygd område med naust, bustader og fritidsbustader. Strandsona er kupert. Det er noko vegetasjon, samt ope berg i dagen. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i strandsona er sårbart for tett utbygging. Arealet ligg i ein liten og relativt skjerma våg der det i frå før er etablert bygningar og anlegg. Det er i dag etablert ein bustad på innspelsarealet, og ei endring av føremål vil ikkje endra konsekvensen for landskap.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Eksisterande bygning i innspelsarealet er SEFRAK-registrert. Det er ingen kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspelet. Like vest for innspelet er kulturminnet Kulleseidkanalen avgrensa, som er utan vern. I Bømlo kommune sin KDP for kulturminne er Kulleseidkanalen eit prioritert kulturminne – kommunikasjon og samferdsle, klasse A.	Eksisterande bustad er eit SEFRAK-registrert bygg. Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det går veg fram til området. Innspelet ligg tett på utbygd område, og det er i dag etablert ein bustad på arealet, som truleg er kopla på etablert infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg relativt sentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspelet vil føye seg inn i etablert bygningsstruktur i nærområdet.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet, som t.d. myr eller større skogområde.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsona	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er bustad. Det er etablert ein bustad på aktuelt areal i dag. Strandsoneretleiar for Vestland peikar på at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit		


	utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsoneretteleiaren og SPR.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet omfattar ein bustad som allereie er bygd, og arealendringa vil såleis ikkje medføre endringar knytt til bruk av området.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Lausmassane i området er registrert som forvittringsmateriale, ikkje inndelt etter mektigheit.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 7 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
0	-1	0	0	0	+1	+1	0	X
Området er allereie i bruk som bustadområde. Det er såleis ikkje vesentlege konflikthar knytt til ei føremålsendring, men innspelet er av prinsipiell karakter. Innspelet ligg i strandsona, og Strandsoneretteleiaren for Vestland peikar på at nye område for bustad og fritid som hovudregel ikkje skal leggast i strandsona. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsoneretteleiaren og SPR.								
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning								
Fagleg vurdering: Positiv tilråding								

3.8.4 Finnås 3a og 3b – gnr/bnr 6/1 – Naust og småbåthamn

Skildring av arealendringa:			
Gjeldande arealbruk LNF Bruk og vern av sjø og vassdrag Planlagt arealbruk 3a: Naust 3b: Småbåthamn	Arealendring 		
	Arealstorleik planlagt arealbruk 3a: 4,9 daa 3b: 5,4 daa		
Skildring av området	Innspela ligg i Skjeljarvika, aust for Finnås. Det er i dag ikkje direkte vegtilkomst til området. Det går ein sti ned til sjø i frå fv. 4996, og det er etablert ei flyte-brygge i sjø. Elles er det ingen andre inngrep i innspelsområda.		
Aktuelle problemstillingar	Strandsone		
Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: hare (NT), makrellterne (EN), gråmåke (VU), granmeis (VU), tjeld (NT), fiskemåke (VU), storskarv (NT), storskarv (NT). Markslag: barskog av særskilt høg bonitet. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: ikkje registrert.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er i tillegg registrert fleire raudlista artar. Innspela gir grunnlag for tiltak i sjøområdet (utfylling og kaiområde). Innspelsområda ligg i urørt natur i strandsona. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor innspela. Like i nærleiken ligg det svært viktige friluftslivsområdet Kanalane og sjøareal i nærleiken. Området er registrert med stor brukarfrekvens. Like utanfor innspela er det i gjeldande KPA regulert omsynssone friluftsliv.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Endra føremål til utbygging knytt til naust og småbåthamn vil medføre auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området.	-2

	Areala innanfor innspela er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Det er varierende hellingsgrad. Områda er tilgjengelege frå sjø-sida.		
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur. Innspela ligg innanfor landskapsområdet Børøysundet/Finnåsvika, landskapstype Småfjord- og storsundlandskap. Verdi 4 – stor verdi. Innspela ligg innanfor arealsone Grønstruktur: Landskapsområde i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela ligg i Skjeljarvika, aust for Finnås. Strandsona er kupert og skogkledd. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet er vurdert med stor verdi, og ligg i urørt strandsona. Strandsona er sårbar for tett utbygging. Det er ingen permanente inngrep i området i frå før, og det er innsyn til området i frå Finnås. Arealet er kupert slik at det vil kunne krevje inngrep for å skape areal for bygningar. Dette vil gi negative verknadar for landskap. Fjernverknaden er vurdert å vera stor, då arealet ligg eksponert mot vest.	-2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte SEFRÅK-bygg, kulturminne, eller kulturmiljø innanfor, eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspel 3a overlappar med barskog av særskild høg bonitet (4,9 daa). Ingen registreringar innanfor innspel 3b i sjø, men like utanfor er det registrerte fiskeplassar med passive og aktive reiskap.	Innspel 3a overlappar med barskog av særskild høg bonitet, og innspel 3b kan ha påverknad for registrerte fiskeplassar like utanfor innspelsarealet.	-1
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje veg fram til innspela, og det er få tiltak i nærområdet som ny utbygging truleg kan kople seg til. Innspel 3b: det er ikkje mykje busetnad i området som kan gi grunnlag for båtplassar.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspela ligg ikkje tett på annan busetnad i området, og det er ikkje regulert naust og småbåthamn elles i området.		-1
Karbonrike areal	3a: Det er registrert skog med særskild høg bonitet (4.9 daa).		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsona	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust med tilhøyrande småbåthamn. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Strandsonerettleiaren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Rettleiaren gir råd om at fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Innspelet er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då naustarealet ikkje ligg tilknytt annan busetnad og er tiltak i urørt område.		


Samfunnsnytte og berekraft	Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. I eit berekraftperspektiv er det betre å vidareutvikla område som allereie er dels bygd ut, enn å ta i bruk nye, urørte område.
-----------------------------------	--

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fareområde, men det er synt aktsemd-område for skred (snøskred, steinsprang, jord- og flaumskred).		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg under marin grense, men det er ikkje synt aktsemd kvikkleire. Registrert lausmasstype i området er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspela vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer i området.		
Innsatstid brann	Innspela ligg om lag midt mellom brannstasjonane på Svortland og Moster, som ligg om lag 8 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-2/-3	0	-1	-1	-1	-1	X
Det er negative konsekvensar av innspela, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap og naturressursar. Arealet omfattar innspel om naust og småbåthamn i urørt strandsona - eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området.								
ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding innspel 3a og 3b								

3.8.5 VA-anlegg Åreiddalen

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk KPA: friområde, omsynssone friluftsliv Innspelet grensar til reguleringsplan for høydebasseng og ny vannledning Åreiddalen.	Arealendring 
Planlagt arealbruk VA-anlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1,1 daa
Skildring av området	Eksisterande VA-område er eit høgdebasseng i Åreiddalen. Det er etablert eit høgdebasseng i området, og det er behov for utviding av arealet. Området ligg innanfor friområde i gjeldande kommuneplan.
Aktuelle problemstillingar	Urørt natur

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Det er registrert elvemusling i vassdraget. Markslag: ferskvatn, barskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Registrert elvemusling vil kunne verte negativt påverka av ny aktivitet i området. Arealet omfattar bekk/elv, som potensielt er viktig for naturmangfald. Arealet omfattar også kantsoner til bekk/elv, som også generelt har stor verdi for naturmangfald. Tiltak så tett på vassdraget vil kunne medføre negativ påverknad.	-2
Friluftsliv	Innspelet er del av det Statleg sikra friluftslivområdet Åreiddalen, som er registrert som Viktig. Området er skildra på følgjande måte: <i>Åreiddalen er et godt</i>	Nye tiltak innanfor friluftsliv-området vil vera negativt for utøving av friluftsliv i området, men innspelet ligg i ytterkant, og omfattar i følge skildringa av området ikkje dei mest brukt	-2

	<i>utgangspunkt om du til topps på Siggjo (474 m.o.h.), et av de fineste utsiktspunkta og mest kjente seilingsmerkene langs kysten. Her finner du kai, badestrand og grasslette, grillsteder og toalett, samt fine forhold for fiske og bærplukking.</i>	delane av friluftslivområdet. Innspelet vil likevel medføre negativ konsekvens for friluftsliv i området.	
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Relativt åpent fjordlandskap med bebygde områder. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Småfjord- og storsundlandskap, med verdi 4. Innspelet er ei utviding av eksisterande høgdebasseng, og ligg i eit dalsøkk og langs eit vassdrag i Åreiddalen. Innspelet grensar mot vegtilkomst på begge sider. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Innspelet ligg i eit tydeleg dalsøkk, mellom to vegar. Tiltak i området vil medføre terreng-inngrep, men området er relativt skjerma, med høgdedrag på begge sider, og tiltak i området vil ikkje medføre vesentlege negative landskapsmessige konsekvensar.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspela. Det er ikkje registrert SEFRABYGG i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRABYGG-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Det er vegtilkomst til området i dag, og truleg er det relativt enkelt å kopla seg på eksisterande infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, og ligg relativt langt frå andre tiltak.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike område innanfor innspelet i form av barskog av særskild høg bonitet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Arealet er urørt i dag, og ei utbygging vil vera negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. BVA har spela inn at det er behov for arealet for å ha høve til utviding av eksisterande anlegg, noko som vil vera samfunnsnyttig.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Innspelet overlappar med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrerte høgspennlinjer i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 7 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-1	0	0	+1	0	-1	X

Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, friluftsliv, landskap og karbonrike areal, men desse konsekvensane er ikkje vurdert til å vera vesentlege. Innspelet legg til rette for ei utviding av eksisterande reinseanlegg, noko som vil ha stor samfunnsnytte. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd.

ROS-analyse: skred, kvikkleire, flaum

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

3.8.6 VA-anlegg Sele

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn	Arealendring 
Planlagt arealbruk VA-anlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	4,4 daa
Skildring av området	Området ligg ved Sele, sør for Lykling. Det er etablert eit høgdebasseng med bygning for vassforsyning og etablert tilkomstveg i området, og det er behov for utviding av arealet. Området grensar til LNF-område, og overlappar med sikringssone nedslagsfelt for drikkevatn.
Aktuelle problemstillingar	Urørt natur

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med den utvalde naturtypen kystlynghei, registrert med høg kvalitet og moderat tilstand, og svært stor verdi. Innspelet er del av eit større område med denne naturtypen. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Open grunnlendt fastmark, barskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Området er registrert som kystlynghei med svært stor verdi, og innspelet vil såleis medføre stor negativ konsekvens, ved at den registrerte naturtypen vert nedbygd i området.	-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ikkje kjent at området vert nytta til friluftsliv.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap.	Landskapet i området er småkupert, og det vil vera lite innsyn til terrenget som er omfatta av innspelet som ikkje	-1

	Innspelet ligg innanfor 2 ulike landskapsområde; Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype brede fjordløp og opne fjordmunningsar, med verdi 3; og Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Vestlandets skogsåser, med verdi 4. Innspelet er ei utviding av eksisterande høgdebasseng, og det er etablert vegtilkomst i området. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com/	omfattar toppar/kollar. Tiltak i området vil likevel medføre terrenginngrep, og vil medføre negative landskapsmessige konsekvensar.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Det er vegtilkomst til området i dag, og innspelet kan truleg kopla seg på eksisterande infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, og ligg relativt langt frå andre tiltak.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av kystlynghei i området.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Arealet er urørt i dag, og ei utbygging vil vera negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. BVA har spela inn at det er behov for arealet for å ha høve til utviding av eksisterande reinseanlegg, noko som vil vera samfunnsnyttig.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		

Stråling frå høgspenst	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Det er registrert høgspenstline aust for innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, som ligg om lag 10 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	0	-1	0	0	+1	0	-1	x

Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, særleg gjeld dette for tema naturmangfald, då heile det aktuelle arealet ligg innanfor registrert kystlynghei. Sjølv om innspelet legg til rette for ei utviding av eksisterande anlegg, noko som vil vera samfunnsnyttig, er innspelet difor negativt tilrådd.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

3.9 Moster

3.9.1 Moster 1a og 1b – gnr/bnr 9/3, 62, 63, 64, 65, 66 – Fritidsbusetnad og naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk 1a: fritidsbusetnad 1b: naust	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1a: 25,2 daa 1b: 2,9 daa

Skildring av området	Innspela ligg på Kallevik, i Håvikosen. Det er i dag vegtilkomst til området, som er spreidd utbygd.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone, friluftsliv

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: 1a overlappar dels med registrert naturtype Rik edellauvskog, verdi svært viktig. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: alm (EN), ask (EN), barlind (VU), hjertegras (NT), heistarr (NT), fargerrogn (NT), lind (NT), purpurlyng (NT), lomvi (CR), gråmåke (VU), storskarv (NT), Markslag: lauvskog (impediment), myr, fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Lokalt viktig gytefelt (torsk) i Håvikosen, utanfor områda.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er registrert naturtype og raudlista fugleartar i området, samt nokre eldre registreringar av truga karplanter. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	1a: -2 1b: -1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor innspela. Like utanfor ligg det svært viktige friluftslivsområdet Kanalane og sjøareal i nærleiken. Området er registrert med stor brukarfrekvens. 1a: Deler av arealet i 100-metersbeltet er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. 1b: Arealet innanfor innspelet er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Det er varierende hellingsgrad i området. Områda er tilgjengelege frå sjøsida.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Utvida utbyggingsføremål knytt til naust og fritidsbustader vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området.	-2
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Beskyttet indre småkupert kystlette. Innspela ligg innanfor landskapsområde Trøytarosen-Håvikosen, landskapstype Våg- og smalsundlandskap. Verdi 3 – middels verdi. Innspela ligg innanfor Grønstruktur, landskapsområde i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela ligg i Kallevik i Håvikosen. Strandsona og området er kupert. Området er skogkledd, med enk-	1a: Området er dels utbygd i frå før. Landskapet i strandsona er sårbart for tett utbygging. 1b: eit ubygd nesområde der det i frå før er inngrep på begge sider av neset. Innspelet opnar for inngrep i eit bratt område i strandsona, som vil gi negative verknadar for landskap.	-2

	elte myrlendte parti og svaberg mot sjø. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	1a: Det ligg to SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelsarealet. Det ligg eit automatisk freda busettings- og aktivitetsområde innanfor innspelsarealet, samt eit som ligg like utanfor i aust. 1b: Ingen SEFRAK-registrerte bygningar, kulturminne eller kulturmiljø. Ingen registrerte kulturmiljø innanfor innspela. Lenger sør er det registrert kulturminnerik strandsona.	1a: Innspelet er i direkte konflikt med SEFRAK-registrerte bygg og registrerte kulturminne. Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kulturmiljø. 1b: Innspelet er ikkje i direkte konflikt med SEFRAK-registrerte bygg, registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	1a: -3 1b: -1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	1a: lauvskog (impediment), myr, fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite. 1b: lauvskog (impediment).	1a: Innspelet overlappar med fulldyrka jord (3,5 daa), overflatedyrka jord (1,8 daa) og innmarksbeite (2,9 daa). 1b: Ingen kjende konsekvensar.	1a: -3 1b: 0
Teknisk infrastruktur	Det går veg fram til området, som i frå før dels er bebygd. Det vil truleg vera enkelt å kopla seg på etablert infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspela ligg i eit spreitt utbygd område, der det elles i frå før er etablert bustader, fritidsbustader, naust og andre tiltak.		+1
Karbonrike areal	1a: lauvskog (impediment), fulldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite, i tillegg til at det er registrert ei djup myr i området (3,2 daa). 1b: lauvskog (impediment).		1a: -2 1b: 0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspela ligg dels innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust og fritidsbusetnad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Innspel 1a er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for fritidsbusetnad i strandsona. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Strandsonerettleiaren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskeriskap. Rettleiaren gir råd om at fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Innspel 1b er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren.		
Samfunnsnytte og berekraft	Høve til fritidsbustadar og naust vil være positivt for kommunens attraktivitet og kan styrkje grunnlaget for lokale tilbod. Det vil elles ha avgrensa samfunnsnytte utover den positive verknaden for den einskilde brukaren av området. Vidare utbygging av området vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	1a: Innspelet overlappar ikkje med fareområde for skred, men det er synt aktsemdsområde for snøskred på eit mindre areal. 1b: Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdsområde for skred.
Kvikkleire	Liv og helse Ytre Miljø Mat. verdiar/samfunn
	2a: Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. 2b: Innspelet ligg under marin grense, men det er ikkje synt aktsemd kvikkleire. Lausmassane i området består av Marin strandavsetning, sammenhengende dekke og Bart fjell.
Flaum	Liv og helse Ytre Miljø Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdsområde for flaum.
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse Ytre Miljø Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning
Menneske- og verksemdbaserte farar	
Trafikktryggleik	Liv og helse Ytre Miljø Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspela vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.
Forureina grunn	Liv og helse Ytre Miljø Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.
Støy	Liv og helse Ytre Miljø Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.
Stråling frå høgspent	Liv og helse Ytre Miljø Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer i området.
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, om lag 5 km frå innspela i luftlinje.

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
1a: -2	-2	-2	1a: -3	1a: -3	0	0	-2	X
1b: -1			1b: -1	1b: 0			0	
Det er negative konsekvensar av innspela, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap, kulturminne og naturressursar. Arealet omfattar innspel om fritidsføremål og naust i strandsona i eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området.								
ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding innspel 1a og 1b								
Politisk endring: Delvis fritidsbustad. Endre til fritidsbustad og bustad på utbygde tomter i tråd med eksisterande bruk.								

3.9.2 Moster 2a og 2b – gnr/bnr 8/3, 8 – Fritid- og turisme, småbåthamn

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Fiske (KL)	Arealendring 
Planlagt arealbruk 2a: fritid- og turisme 2b: småbåthamn	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2a: 147 daa 2b: 3,3 daa
Skildring av området	Innspela ligg på Tungeneset, i Håvika. Det er i dag vegtilkomst til området, som er spreitt utbygd.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone, friluftsliv, turisme

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: makrellterne (EN), granmeis (VU), storskarv (NT), purpurlyng (NT). Markslag: barskog med låg bonitet. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Lokalt viktig gytefelt (torsk) rundt heile neset/halvøya.	2a: Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit større urørt område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	2a: -1/-2 2b: -1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor innspela. Like i nærleiken ligg det svært viktige friluftslivsområdet Kanalane og sjøareal i nærleiken. Området er registrert med stor brukarfrekvens. Areal innanfor innspela er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Det er varierende hellingsgrad. Områda er tilgjengelege frå sjøside.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. 2a: Innspelet ligg heilt ned til sjø. Innspelet vil hindre direkte tilkomst til sjøen. Fritid- og turisme som føremål i strandsone kan vera noko mindre privatiserte enn reint fritidsføremål. Det er ikkje tiltak innanfor arealet i dag, utover ein mindre veg.	2a: -2 2b: -1

Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Beskyttet indre småkupert kyst-slette. 1a: innspela ligg innanfor landskapsområdet Børøyfjorden, landskapsstype Middels breie fjordløp. Verdi 3 – middels verdi. 1b: innspelet ligg innanfor landskapsområdet Trøytarosen-Håvik-osen, landskapsstype Våg- og smalsundlandskap. Verdi 3 – middels verdi. 2a ligg innanfor Grønstruktur, landskapsområde i Regional kyst-soneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. 2b ligg innanfor Sjø og vassdrag generelt, eks. AK. Innspela ligg på Tungeneset, eit nes/halvøy på Håvik. Strandsona og området er kupert og dei etablerte tiltaka er i det området det er relativt flatt. Området er skogkledd, med enkelte myrlendte parti og svaberg mot sjø. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	2a: Det er i all hovudsak ikkje etablert tiltak i, eller i nærleiken av innspelet. Det er plassert på eit nes/halvøy. Arealet er kupert slik at det vil kunne krevje ein del inngrep for å skape areal for bygningar. Dette vil gi negative verknadar for landskap. Fjernverknaden er vurdert å vera stor, då arealet ligg eksponert mot sørvest. 2b: Arealet ligg tilknytt etablert naustområde, men det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelsområdet, som ligg i ei lita vik/strand. Innspelsområdet har innsyn i frå fritidsbusetnad på Tunge, Arevik og Kallevik.	2a: -2 2b: -1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne innanfor innspela. Ved Stolvika i sør ligg det automatisk freda gravminne. Lenger aust ligg det to SEFRAK-registrerte bygningar. Ingen registrerte kulturmiljø innanfor innspela. Nord på Tunge ligg det omsynssone kulturmiljø knytt til ei gamal notahenge/barkebu. Lenger aust er det registrert kulturminnerik strandsona.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med SEFRAK-registrerte bygg, registrerte kulturminne eller kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	2a: barskog med låg bonitet. 2b: overlappar med låssettingsplassen Tungebarmen. Den er beskrivve som mykje brukt K/L-plass 10 lokale f.fartøy. Historisk landnotplass.	2a: Innspelet får negativ verknad grunna storleik på arealet. 2b: Innspelet får negative verknadar for registrert kaste- og låssettingsplass.	2a: -1 2b: -2
Teknisk infrastruktur	Det går veg fram til området, men få tiltak i nærområdet som ny utbygging truleg kan kople seg til. 2b: Innspelet er ikkje sentralt plassert i kommunen, og det er ikkje mykje busetnad i området som kan gi grunnlag for båtplassar. Det er noko avstand til etablerte tiltak som ny utbygging truleg kan kople seg til. Potensiale i samband med nytt areal for fritid- og turisme lenger sør.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen.		-1

	Innspelet ligg ikkje tett på annan busetnad i området, og det er ikkje regulert fritidsføremål og småbåthamn elles i området. Ei utvikling av områda til fritid- og turisme og småbåthamn kan medføre ulemper for busetnad og fritidsbustadar i området.	
Karbonrike areal	Det er barskog i området, med låg bonitet og grunnlendte grunnforhold. Det er ikkje registrert myr.	0
Næringsliv og sysselsetting	Endring frå LNF til fritid- og turisme gir grunnlag for næringsutvikling.	+1
Strandsone	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealendring er frå LNF til fritid- og turisme og småbåthamn i sjø. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Når det gjeld reiselivsbygg peikar strandsonerettleiaren for Vestland på at det er positivt i reiselivssamheng å sikre allemannsretten og tilgang til friluftsområde. Det er difor også viktig for reiselivsnæringa at dei nære sjøområde får liten utbygging og at berre dei delane av næringstiltaket som må ligge til sjø vert etablert der. Strandsonerettleiaren seier vidare at i sone 3 skal behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, til dømes satsing på reiseliv og turisme, tilleggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad, og at felles brygger og naust bør prioriterast. Innspel 2b er dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om felles anlegg (småbåthamn), men området for utbygging ligg i urørt strandsone.	
Samfunnsnytte og berekraft	Fritid- og turismeføremålet kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det også kunna medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Areal er i dag urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	2a: Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Lausmassane i området består av Forvittringsmateriale, ikkje inndelt etter mektigheit.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Dersom det vert opna for fritid- og turisme vil dette kunne endre tilhøve knytt til framkome og trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspenning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspenninglinjer i området.		

Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, om lag 4,5 km frå innspela i luftlinje.
------------------	--

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	-2	-2	0	-1	-1	-1	0	+1
-1	-1	-1		-2				


Innspel 2a er positivt ved at det gir grunnlag for næringsutvikling (fritid- og turisme). Innspel 2b er positivt ved at det gir båtplassar gjennom fleire fellesanlegg. Innspelsområda i dag er avsett til LNF, og ligg i urørt strandsone, som er sårbart for ny utbygging. Det er negative konsekvensar av innspela, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap, naturressursar, samt teknisk infrastruktur. I tillegg bygg det ikkje oppunder stadutvikling i kommunen.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding innspel 2a og 2b

Politisk endring: Ta inn. Prioritert område for utvikling.

3.9.3 Moster 3a-f – gnr/bnr 11/8, 19, 64, 142, 174, 175 – Bustad og fritidsbusetnad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Naust (framtidig)	Arealendring 
Planlagt arealbruk 3a: Bustad 3b: Bustad 3c: Bustad 3d: Fritidsbusetnad 3e: Fritidsbusetnad 3f: Fritidsbusetnad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	3a: 9,2 daa 3b: 2,7 daa 3c: 30,4 daa 3d: 1,2 daa 3e: 3 daa 3f: 21,6 daa

Skildring av området	Innspela ligg mellom nordre og søre Naustbakken, nord for Serklau og Moster. På andre sida av Mostravegen ligg Moster skule, ein kombinert barne og ungdomsskule med SFO, skulebibliotek og stor fleirbrukshall. Det er i dag vegtilkomst til området, som er spreitt utbygd. Det er i dag ingen tiltak innanfor 3a, 3c eller 3f.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone, naturressursar

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: ask (EN), gråmåke (VU), fiskemåke (VU), Båndkorsnebb (VU), ærfugl (VU), Granmeis (VU), grønnefink (VU), tjeld (NT), storskarv (NT), stær (NT). Framande artar: platanlønn (SE), Boersvineblom (SE). Markslag: Barskog av middels bonitet, myr, bebygd, open fastmark, innmarksbeite.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er registrert ask og raudlista fugleartar i området. Det er i dag ingen tiltak innanfor 3a, 3c eller 3f. 3c ligg i sin heilskap utanfor 100-metersbeltet. Deler av 3a, 3d og 3f ligg innanfor 100-metersbeltet, medan 3b og 3e ligg innanfor 100-metersbeltet: Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbar for inngrep og arealbeslag.	3a: -1 3b: -1/-2 3c: -1 3d: -1 3e: -1/-2 3f: -1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor, eller i nærleiken av innspela. I all hovudsak er arealet i 100-metersbeltet klassifisert som inngrepsnære areal av SSB. Det er varierende hellingsgrad. Området er tilgjengeleg frå sjøsida, men strandsone er tett utbygd med naust, kai og brygger.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Endra arealføremål i frå LNF til utbyggingsføremål knytt til bustader og fritidsbustader vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsone i området.	3a: 0 3b: -2 3c: 0 3d: 0 3e: -2 3f: 0
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Beskyttet indre småkupert kyst-slette. Innspela ligg innanfor landskapsområde Spissøysundet-Otterøysundet, landskapstype Middels bredde fjordløp. Verdi 3 – middels verdi. Innspela ligg mellom nordre og søre Naustbakken, nord for Moster. Strandsone og området er kupert. Området er skogkledd, med enkelte myrparti og svaberg mot sjø. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Det er i dag ingen tiltak innanfor 3a, 3c eller 3f. 3c ligg i sin heilskap utanfor 100-metersbeltet. Deler av 3a, 3d og 3f ligg innanfor 100-metersbeltet, medan 3b og 3e ligg innanfor 100-metersbeltet: Landskapet i strandsone er sårbar for tett utbygging. 3e opnar for inngrep i eit bratt område i strandsone, som vil gi negative verknadar for landskap. 3a opnar for inngrep på ein haug, som vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda, i tillegg til å gi fjernverknad.	3a: -2 3b: -1 3c: -1 3d: -1 3e: -2 3f: -1

Kulturminne og kulturmiljø	3d: Det ligg eit SEFRAK-registrert bygg innanfor innspelsarealet. Ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspela.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	3a: Barskog av middels bonitet, mindre del djup myr 3b: Bebygd, open fastmark, mindre deler barskog av høg bonitet og innmarksbeite. 3c: djup myr og myr med ukjent djupne, barskog av høg bonitet. 3d: Open fastmark, mindre deler barskog av høg bonitet. 3e: Bebygd, barskog av høg bonitet og innmarksbeite. 3f: Barskog av høg bonitet.	3a: overlappar med barskog av middels bonitet (9,1 daa). 3b: overlappar med ein mindre del barskog av høg bonitet (0,1 daa) og innmarksbeite (0,1 daa). 3c: overlappar med barskog av middels bonitet (23 daa). 3d: overlappar med ein mindre del barskog av høg bonitet. 3e: overlappar med ein mindre del barskog av høg bonitet (0,8 daa) og innmarksbeite (0,3 daa). 3f: overlappar med barskog av høg bonitet (21,6 daa).	3a: -1/-2 3b: 0 3c: -2 3d: 0 3e: -1/-2 3f: -2
Teknisk infrastruktur	Det går veg fram til området, som i frå før dels er bebygd. Det vil truleg vera enkelt å kopla seg på etablert infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg relativt sentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspela ligg i eit spreitt utbygd område, der det elles i frå før er etablert bustader, fritidsbustader, naust og andre tiltak.		+1
Karbonrike areal	3a: overlappar med barskog av middels bonitet (9,1 daa), samt ein liten del myr. 3b: overlappar med ein mindre del barskog av høg bonitet og innmarksbeite. 3c: overlappar med barskog av middels bonitet (23 daa) samt myr. 3d: overlappar med ein mindre del barskog av høg bonitet. 3e: overlappar med ein mindre del barskog av høg bonitet (0,8 daa) og innmarksbeite (0,3 daa). 3f: overlappar med barskog av høg bonitet (21,6 daa).		3a: -1/-2 3b: 0 3c: -2 3d: 0 3e: 0 3f: -2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	3c ligg i sin heilskap utanfor 100-metersbeltet. Deler av 3a, 3d og 3f ligg innanfor 100-metersbeltet, medan 3b og 3e ligg innanfor 100-metersbeltet. Ønska arealbruk er bustad og fritidsbustad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Innspel 3d, 3e og 3f (fritidsbustad) er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for fritidsbustad i strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Når det gjeld fritidsbustad vil dette vera positivt for kommunens attraktivitet og kan styrkje grunnlaget for lokale tilbod. Det vil elles ha avgrensa samfunnsnytte utover den positive verknaden for den einskilde brukaren av området. Innspela ligg i eit område med infrastruktur i nærleiken, områda ligg relativt tett på annan bustad, ligg relativt tett på sentrumsområde. Areal er i dag dels urørte område, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdsområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Innspela ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Lausmassane i området består av Forvitrimsmateriale, ikke inndelt etter mektigheit.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspel 3e ligg direkte tilknytt sjø, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspela vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, om lag 2 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Annex 1: Fagleg vurdering og tilråding.								
Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
3a: -1 3c: -1 3d: -1 3f: -1	3a: 0 3c: 0 3d: 0 3f: 0	3b: -1 3c: -1 3d: -1 3f: -1	0	3a: -1/-2 3e: -1/-2	+1	+1	3a: -1/-2	X
				3b: 0 3d: 0			3b: 0 3d: 0 3e: 0	
3b: -1/-2 3e: -1/-2	3b: -2 3e: -2	3a: -2 3e: -2		3c: -2 3f: -2			3c: -2 3f: -2	
Det er negative konsekvensar av innspela, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap og naturressursar. Areala omfattar innspel om bustad og fritidsføremål i dels ubygde areal og dels i strandsona. Strandsona er eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området.								
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding								
Politisk endring: Ta inn 3a-d og f. Bustad nær til skule og utviding av eksisterande fritidsbustad.								

3.9.4 Moster, Totland, gnr/bnr 14/61 – Uteoppshaldsareal

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bustad	Arealendring
Planlagt arealbruk Uteoppshaldsareal	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Areal 1: Om lag 1,8 daa Areal 2: Om lag 1,5 daa
Skildring av området	Innspela ligg i eit etablert bustadområde på Totland, der det er ønske om etablering av leikeplass.
Aktuelle problemstillingar	Dyrka mark

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Areal 1 grensar til naturtypane naturbeitemark og hule eiker. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: Ikkje registrert Markslag: Fulldyrka mark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Innspela er registrert som fulldyrka mark, og har truleg liten verdi som friluftslivområde i dag.	0
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse. Innspela ligg innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Vestlandets skogsåser, med verdi 4, stor verdi.	Innspela vil ikkje medføre vesentlege landskapsmessige konsekvensar.	-1

	Innspela ligg i eit etablert bustadfelt. Det er relativt flatt terreng i området. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne innanfor eller i nærleiken av innspel-et.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspela består av fulldyrka mark	Innspela vil medføre tap av fulldyrka mark. Areal1 (på nordsida av Grindheimsvegen, heng saman med innmarksbeite i aust. Areal 2 er eit avgrensa areal.	-2
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i eit etablert bustadfelt.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i eit etablert bustadfelt, og vil vera positive for nærmiljø og stadutvikling.		+1
Karbonrike areal	Innspela omfattar karbonrike areal i form av fulldyrka mark.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Leikeområde vil vera positivt for nærmiljøet i bustadfeltet. Innspela vil medføre tap av fulldyrka mark, noko som vil vera negativt for jordbruksinteressene.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo eller havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg på begge sider av Grindheimsvegen. Dette er ein fylkesveg med ÅDT på 1200 (tal frå 2024). Plassering av leikeareal på begge sidene av vegen kan vera utfordrande med omsyn til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela. Innspela ligg innanfor gul støysone frå fylkesvegen.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennleidning innanfor eller tett på innspela.		
Innsatstid brann	Ikkje relevant		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	-2	+1	+1	-1	X

Innspela vil vera positive for bustadfeltet og nærmiljøet, då det legg til rette for etablering av leikeplass, noko som er positivt for barn og unge og i eit folkehelseperspektiv. Det er negative konsekvensar av innspela, særleg med omsyn til naturressursar, då innspelet vil medføre tap av fulldyrka mark. Areal 1 (på nordsida av Grindheimsvegen) heng saman med innmarksbeite i aust, og dette området ligg også tett på fleire naturtyperegistreringar. Areal 2 er eit avgrensa areal, som truleg ikkje har ein stor reell verdi som jordbruksareal. Det kan vera uheldig med omsyn til trafikktryggleik å etablere leikeplass på begge sider av tilkomstvegen, då dette kan medføre at ungane spring over veggen. På bakgrunn av dette er areal 1 negativt tilrådd, areal 2 er positivt tilrådd.

ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy


Fagleg vurdering, areal 1 (nordsida av veggen): Negativ tilråding

Fagleg vurdering areal 2 (sørsida av veggen): Positiv tilråding

3.9.5 Moster, gnr/bnr 13/205 Bustad

NB! Dette arealet inngår i KU til førstegongs høyring, sjå under, der heile denne KU-en er gjengitt uendra.

Moster 15, gnr./bnr. 13/15 – Bustad

Gjeldande arealbruk LNF LNF-spreidd Planlagt arealbruk Bustad	Arealendring 
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 37 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Totland, sør for eksisterande bustadområde. Det ligg ein bustad innanfor innspelet i dag, innanfor området sett av til LNF-spreidd.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering knytt til bustadareal i kommunen og delområdet.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med naturtypane kystlynghei med svært låg kvalitet og middels verdi, naturbeitemark med låg kvalitet og stor verdi, og hule eiker med høg kvalitet og svært stor verdi Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Fagerrogn (NT) og framandarten sitkagran (svært høg risiko) er registrert innanfor innspelet. Markslag: Open fastmark, barskog, bebygd, innmarksbeite, overflatedyrka jord, fulldyrka jord, ferskvatn.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er registrert fleire naturtypar innanfor innspelet, som vil verte påverka av ei føremålsendring.	-2
Friluftsliv	Det går ein sti gjennom innspelet, registrert som kyststi; Totlandsskogen – Mosterhamn. Ein mindre del av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Deler av dette arealet er registrert som potensielt tilgjengeleg i friluftsperspektiv	Ei utbygging i området vil medføre negative konsekvensar for registrert kyststi, og dels for allmenn ferdsel i strandsona.	-1
Landskap	Innspelet er ein del av Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse (NiN). Innspelet ligg i hovudsak innanfor landskapstype Brede fjordløp og fjordmøter, med verdi 3 – middels verdi. Landskapet er småkupert lyngheilandskap, og arealet ligg i tilknyting til eksisterande utbygd bustadområde, med noko dyrka mark. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging i området vil ikkje medføre vesentlege negative landskapsmessige konsekvensar, då terrenget er relativt flatt i området, og innspelet ligg i tilknyting til utbygde areal. Det vil likevel vera ei nedbygging av urørte område, relativt tett på 100-metersbeltet.	-1/-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor område registrert som kulturminnerik strandsona.	Ingen kjende konsekvensar	0

Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert innmarksbeite samt overflatedyrka og fulldyrka jord i den nordlege delen av innspelet.	Ei utbygging i området vil medføre nedbygging av dyrka mark	-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i nærleiken av utbygde område, og det er truleg mogleg å kopla seg på eksisterande infrastruktur relativt enkelt.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknytning til eksisterande busetnad. Innspelet ligg i underkant av 2 km frå Moster i luftlinje. Moster er definert som eit lokalsenter i kommunen. Det er om lag 2,5 km i luftlinje til Moster skule, som er næraste grunnskule.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av dyrka mark innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Ein mindre del av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø. Strandsoneretteleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsoneretteleiaren. Det må likevel presiserast at det berre er ein mindre del av innspelet som ligg i strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, næring- og friluftsområde. Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Deler av innspelet ligg under marin grense		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Trafikktryggleik må avklarast som ein del av reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar så vidt med gul støysone frå Totlandsvegen.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje høgspennlinjer innanfor eller tett på innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, i underkant av 2 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-1	-1/-2	0	-2	+1	+1	-1	x
Innspelet er i vesentleg konflikt med naturmangfald og naturressursar, og vert ikkje tilrådd.								
ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding.								
Politisk endring: Ta inn. Utviding av eksisterande bustadområde.								

3.9.6 VA-anlegg Moster

Skildring av arealendringa:

Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk VA-anlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 1 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i Notlandsvågen, i bakkant av etablert naustrekke på vestsida av vågen. Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg, reinseanlegg, og det er etablert vegtilkomst til området.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Lauvskog av særskilt høg bonitet, veg	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1

Friluftsliv	Ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ikkje kjent at området vert nytta til friluftsliv.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Brede fjordløp og fjordmøter, med verdi 3. Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg, og ligg i eit område med relativt tett bebyggelse, av bustader og naust. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com	Landskapet i prega av stor grad av utbygging, og innspelet ligg plassert slik at det er tiltak som vegar og bygg på alle kantar. Innspelet ligg i strandsona, som i utgangspunktet er sårbart for nye tiltak, men det er allereie etablert naustrekke i framkant av innspelet mot sjø. Tiltak i området vil medføre negative landskapsmessige konsekvensar, men desse er ikkje vurdert til å vera vesentlege.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRABYGG i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRABYGG-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Det er vegtilkomst til området i dag, og nye tiltak kan truleg koplast på eksisterande infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje tett på definerte senter i kommunen, men ligg nært etablerte bustader og naust.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av skog av høg bonitet innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		X
Strandsone	Innspelet ligg i 100 meterbeltet mot sjø, og ønska arealbruk er VA-anlegg. Strandsoneretleiarar for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, som til dømes næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. VA-anlegg er ikkje å rekna som eit reint næringstiltak, men er nødvendig infrastruktur. Dette er ikkje føremål som nødvendigvis treng å ligga i strandsona, men dette er ei utviding av eksisterande anlegg, og utvidinga er plassert i bakkant av eksisterande bygg.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Arealet er dels urørt i dag, og ei utbygging vil vera negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. BVA har spela inn at det er behov for arealet for å ha høve til utviding av eksisterande reinseanlegg, noko som vil vera samfunnsnyttig.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet kan vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrerte høgspennlinjer i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, i underkant av 1 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	0	+1	0	-1	X

Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald og landskap, men desse konsekvensane er ikkje vurdert til å vera vesentlege. Innspelet ligg i strandsona, noko som er uheldig i forhold til strandsoneverdiane i området. Innspelet er også plassert tett på bustadhus og naust. Innspelet legg til rette for ei utviding av eksisterande anlegg, noko som vil ha stor samfunnsnytte. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

3.9.7 VA-anlegg Totland

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF, Bustad	Arealendring
Planlagt arealbruk VA-anlegg	

Arealstorleik planlagt arealbruk	5,6 daa
Skildring av området	Innspelet ligg langs Totlandsvegen, og ligg ikkje i direkte tilknytning til eksisterande VA-anlegg i dag. Arealet består i hovudsak av fulldyrka mark.
Aktuelle problemstillingar	Omdisponering av dyrka mark, strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Fulldyrka mark, innmarksbeite	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Arealet er i bruk som fulldyrka mark og innmarksbeite.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ikkje kjent at området vert nytta til friluftsliv.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslette-landskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg dels innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Brede fjordløp og fjordmøter, med verdi 3, og dels innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Vestlandets skogsåser med verdi 4. Innspelet ligg i eit søkk i terrenget tett på Totlandsvegen, og består av fulldyrka mark. Det ligg ein del	Innspelet ligg i eit søkk i terrenget, med høgare kollar rundt. Området er såleis relativt skjerma, sjølv om det er ope ut mot sjøen. Tiltak i området vil medføre terrenginngrep, og negative landskapsmessige konsekvensar, men desse er ikkje vurdert til å vera vesentlege.	-1

	bustadhus i nærleiken, men ikkje som grensar direkte til innspelet. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet består hovudsakleg av fulldyrka mark, og noko innmarksbeite.	Innspelet vil medføre nedbygging av fulldyrka mark og innmarksbeite	-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg langs Totlandsvegen, og det er busetnad i områda kring. Det er truleg mogleg å kopla seg på infrastruktur i området, sjølv om det ikkje er tilrettelagt innanfor innspelet.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, og ligg i ein viss avstand og med ein høgdeforskjell til bustadane rundt.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike område i form av fulldyrka mark og innmarksbeite innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		X
Strandsone	Innspelet ligg dels i 100 meterbeltet mot sjø, og ønska arealbruk er VA-anlegg. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, som til dømes næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. VA-anlegg er ikkje å rekna som eit reint næringstiltak, men er nødvendig infrastruktur. Dette er ikkje føremål som nødvendigvis treng å ligga i strandsona, og dette arealet ligg ikkje i direkte tilknytning til eksisterande anlegg. Innspelet ligg i bakkant av Totlandsvegen, men tiltak i området vil likevel vera godt synleg frå sjøen.		
Samfunnsnytte og berekraft	Arealet er i bruk som fulldyrka mark i dag, og ei utbygging vil vera negativt i eit miljø- og landbruksperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. BVA har spela inn at det er behov for arealet til VA-anlegg, noko som vil vera samfunnsnyttig.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet kan vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenst	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrerte høgspenstliner i nærleiken av innspelet.		

Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, som ligg i underkant av 1 km frå innspelet i luftlinje.
------------------	--

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	-2	-1	0	-1	X

Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, landskap, naturressursar, teknisk infrastruktur og karbonrike areal. Innspelet legg til rette for etablering av VA-anlegg, noko som vil ha samfunnsnytte. Det er ikkje etablerte VA-anlegg i direkte tilknytning til området i dag, innspelet ligg i strandsona, og består i dag i hovudsak av fulldyrka mark, og vil medføre ei omdisponering av denne. På bakgrunn av dette er innspelet negativt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

3.9.8 Håvikvågen, naust til kystfiske, gbnr. 9/40

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Naust I planvask er arealet tilrådd endra til LNF.	Arealendring 
Planlagt arealbruk Næring, kystfiske	
Arealstorleik planlagt arealbruk	0,6 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på nordvestsida av Håvikvågen, i eit område vist som naustføremål. Det er ingen tiltak innanfor innspelet, men det er etablert tiltak på begge sider av eigedomen. Finnåsvegen går like i bakkant av innspelet.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Bebygd, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø, men arealet er ikkje registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone.	Innspelet vil medføre arealbeslag og privatisering av ein område som er utan tiltak i dag.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Våg -og smalsundlandskap, verdi 3. Finnåsvegen ligg på 7-8 m.o.h., og innspelet går frå vegen ned til sjøen. Det er såleis relativt bratt terreng i området. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Området er utan tiltak i dag. Det er relativt bratt terreng i området, og tiltak, både nye bygg og vegframføring, vil medføre vesentlege terrenginngrep i ei strandsone som er utan tiltak i dag.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet. Håvikvågen er registrert som låssettingsplass som er mykje brukt.	Vidare utbygging i området kan vera noko negativt for registrert låssettingsplass.	-1
Teknisk infrastruktur	Finnåsvegen går i bakkant av innspelet, men det er ikkje avkøyring til innspelet. Det er etablert tiltak i nærleiken av innspelet, og det er truleg tilrettelagt med nødvendig infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, men det ligg fleire naust i nærområdet.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting.		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er næring, kystfiske, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, men innspelet ligg i urørt strandsone, sjølv om det er tiltak på begge sider av området.		

Samfunnsnytte og berekraft	Areal til sjørelatert næring, kystfiske, er positivt med omsyn til samfunnsnytte. Utbygging i strandsone utan tiltak vil vere negativt i eit miljøperspektiv.
-----------------------------------	---

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for snøskred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje etablert avkøyring til område, men innspelet ligg tett på Finnåsvegen. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennlinjer i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Mosterhamn, som ligg om lag 5,6 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-2	0	-1	+1	+1	0	+1
Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, friluftsliv, landskap og naturressursar (fiskeri). Ei endring til føremål næring, kystfiske vil vera positivt med omsyn til næringsutvikling og tilrettelegging av sjønært næringsareal. Ei utbygging i området vil medføre vesentlege terrenginngrep i strandsona i eit område som er utan tiltak i dag, sjølv om det er ein del tiltak i områda rundt. På bakgrunn av dette er innspelet negativt tilrådd, og såleis vil arealet bli tilrådd endra til LNF, jf. planvask.								
ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding								
Politisk endring: Ta inn.								

3.9.9 Urdaneset, bustad til kystfiske, gbnr 10/38

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bustad	Arealendring 
Planlagt arealbruk Næring, kystfiske	
Arealstorleik planlagt arealbruk	0,1 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i strandsona på Urdaneset, Mosterhamn, og grensar til reguleringsplan R-76 for Anglevik. Innspelet er utan tiltak, og har ikkje vegframføring.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Lauvskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø, men arealet er ikkje registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone.	Innspelet vil medføre arealbeslag og privatisering av eit område som er utan tiltak i dag.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Våg -og smalsundlandskap, verdi 3. Det er svært bratt terreng innanfor innspelet, det høgaste punktet på tomta ligg 8 moh. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Området er utan tiltak i dag. Det er relativt bratt terreng i området, og tiltak, både nye bygg og vegframføring, vil medføre vesentlege terrenginngrep i ei strandsone som er utan tiltak i dag.	-2

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAX-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAX-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje vegframføring til området. Det er truleg mogleg å kopla seg på infrastruktur i området, sjølv om det ikkje er tilrettelagt innanfor innspelet.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, men det ligg fleire naust, fritidsbustader og bustader i nærområdet.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting.		+1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er næring, kystfiske, altså sjørelatert næring. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, men innspelet ligg i urørt strandsone.		
Samfunnsnytte og berekraft	Areal til sjørelatert næring, kystfiske, er positivt med omsyn til samfunnsnytte. Utbygging i strandsone utan tiltak vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspentlinjer i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Mosterhamn, som ligg om lag 3 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-2	0	0	-1	0	0	+1

Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, friluftsliv og landskap. Ei endring til føremål næring, kystfiske vil vera positivt med omsyn til næringsutvikling og tilrettelegging av sjønært næringsareal. Ei utbygging i området vil medføre vesentlege terrenginngrep i strandsona i eit område som er utan tiltak i dag, sjølv om det er ein del tiltak i områda rundt. Det er heller ikkje vegtilkomst til området. På bakgrunn av dette er innspelet negativt tilrådd.

ROS-analyse: Stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

Politisk endring: Ta inn.

3.9.10 Kallevik, Håvik, Fritid og turismeføremål til naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Fritid og turismeføremål, den vestlege delen av føremålet er føreslått endra til LNF og bruk/vern av sjø og vassdrag i planvask.	Arealendring 
Planlagt arealbruk Naustføremål	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 0,4 daa
Skildring av området	Området ligg på austsida av Håvikvågen. Landarealet er i ei vik med vegetasjon og ei flytebrygge, samt tilkomstveg i bakkant. Det er planerte og bygde område både på austsida, vestsida og i bakkant.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område	-1

	Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Bebyggd	som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsliv-område innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø, men arealet er ikkje registrert som potensielt tilgjengeleg strandsone.	Innspelet vil medføre arealbeslag og auka privatisering av området.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Våg -og smalsundlandskap, verdi 3. Sjå 3d-kart her: 3d.kommunekart.com/	Området er skogkledd i dag, men det er tiltak på alle sider. Tiltak i området vil medføre terrenginngrep, men det er ikkje vurdert at konsekvensane vil vera vesentlege negative.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRABYGG i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRABYGG-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet. Håvikvågen er registrert som låssettingsplass som er mykje brukt.	Det er allereie fleire tiltak i vågen, og innspelet vil ikkje ha vesentlege konsekvensar for låssettingsplassen.	0
Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til området, og det er truleg tilrettelagt med nødvendig infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, men det ligg fleire naust i nærområdet.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då innspelet ligg i nærleiken av eksisterande bygde område, men området er utan bygningar på landsida i dag.		
Samfunnsnytte og berekraft	Høve til private naust og småbåtanlegg vil vera positivt for attraktiviteten til kommunen. Slike føremål har elles lite samfunnsnytte, utover at det er positivt for den einskilde brukaren av områda. I eit berekraftperspektiv er det bra å vidareutvikla område som allereie er dels bygd ut.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil vera utsett for risiko knytt til stormflo og havnivåstigning.		

Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennlinjer i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Mosterhamn , som ligg om lag 5,5 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1		-1	+1	+1	0	X

Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, friluftsliv, landskap og naturressursar, men desse konsekvensane er ikkje vurdert til å vera vesentlege. Innspelet legg til rette naustføremål i eit område som i stor grad er utbygd, sjølv om det ikkje er tiltak på landsida i dag innanfor innspelet. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

3.9.11 Moster - Tenesteyting til bustadføremål

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Tenesteyting	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bustadføremål	
Arealstorleik planlagt arealbruk	4,4 daa

Skildring av området	Området ligg sentralt plassert på Moster, og er ferdig utbygd med rekkehus.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Bebygd	Området er ferdig utbygd, og ei endring i arealføremål vil ikkje medføre endring i påverknad eller konsekvens.	0
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Området vert ikkje nytta til friluftsliv, då det er ferdig utbygd.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Vestlandets skogsåser, med verdi 4. Sjå 3d-kart her: 3d.kommunekart.com/	Området er ferdig utbygd, og ei endring i arealføremål vil ikkje medføre endring i påverknad eller konsekvens.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspela	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ferdig utbygd, og nødvendig infrastruktur er såleis allereie på plass.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er allereie utbygd med rekkehus. Området ligg sentralt plassert på Moster.		+1
Karbonrike areal	Området er ferdig utbygd, og det er ikkje registrert karbonrike område innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er allereie utbygd, og ei føremålsendring vil stadfeste dagens bruk av området.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		

Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Ei føremålsending vil ikkje endra tilhøve knytt til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg dels innanfor gul støysone frå fylkesvegen. Det er ikkje registrert støyande verksemd i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ei høgspennlinje like søraust for innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, om lag 100 meter frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
0	0	0	0	0	+1	+1	0	X

Området er allereie utbygd, og føremålsendinga vil stadfesta bygd situasjon. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, støy

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

3.9.12 Grindheim, Friområde til bustad

Skildring av arealendinga:	
Gjeldande arealbruk Friområde	Arealending 
Planlagt arealbruk Bustadføremål	

Arealstorleik planlagt arealbruk	3,2 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i eit bustadområde på Grindheim, Moster. Arealet er registrert som skog, innmarksbeite og myrområde. Arealet er ikkje opparbeidd som leikeplass eller friområde.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Dei framande artane sitkagran og platanlønn er registrert i området. Markslag: Lauvskog, innmarksbeite, myr.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1/-2
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Området kan ha ein viktig funksjon som leikeområde for ungar som bur i bustadfeltet eller i nærleiken.	Ei endring til bustadføremål vil medføre privatisering av eit område som dels kan vera tilgjengeleg for leik og rekreasjon i dag.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Vestlandets skogsåser, med verdi 4. Sjå 3d-kart her: 3d.kommunekart.com	Terrenget i området er relativt flatt, og vil truleg vera enkelt å byggja ut utan store terrenginngrep. Det vil likevel vera negative landskaps-messige konsekvensar av å byggje ut eit område som fungerer som eit grøntområde i bustadfeltet i dag.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert dyrka mark i form av innmarksbeite (om lag 1,4 daa) innanfor innspelet.	Innspelet vil medføre nedbygging av registrert innmarksbeite.	-1
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i eit etablert bustadområde, og nødvendig infrastruktur vil truleg vera lett tilgjengeleg i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg relativt tett på Moster sentrum, og ligg i eit etablert bustadområde. Innspelet er såleis gunstig plassert som bustadføremål, men vil også medføre at eit grøntområde i bustadfeltet vert bygd ned, noko som kan vera negativt for nærmiljøet.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike område i form av myr og innmarksbeite innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		X


Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil vera ei fortetting av eksisterande bustadområde, og er gunstig med omsyn til at infrastruktur allereie er etablert i området. Arealet fungerer som eit grøntområde i bustadfeltet i dag, og vil medføre nedbygging av dyrka mark, noko som vil vera negativt i eit miljøperspektiv.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Trafikktryggleik må avklarast vidare.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennlinjer i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, om lag 1,6 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	-1	+1	0	-1	X
Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, for tema naturmangfald, friluftsliv, landskap, naturressursar og karbonrike areal, samstundes som det er positive konsekvensar for tema teknisk infrastruktur. Innspelet legg til rette for ei fortetting av eksisterande bustadområde, og området er hensiktsmessig plassert også i forhold til senterstruktur. Området er vist som friområde i gjeldande kommuneplan, og er truleg tenkt nytta som eit grøntområde eller leikeareal i bustadfeltet. Ei utbygging i området vil vera negativt i form av tap av landbruksjord og myrområde, enten det er til bustadbygging, eller til opparbeiding av leikeareal eller liknande. På bakgrunn av dette er innspelet tilrådd endra til LNF. ROS-analyse: Trafikktryggleik								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding, tilrådd endra til LNF								
Politisk endring: Ta inn. Fortetting.								

3.9.13 Idrettsanlegg Moster – til bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Idrettsanlegg	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 89 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Totland, Moster, og består i stor grad av dyrka mark og myrområde. Det ligg ein del bustadområde kring innspelet. Det er ingen tiltak innanfor innspelet, utanom eit bygg registrert som Hus for dyr/landbruk, lager/silo.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Naturbeitemark registrert med stor verdi Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Funksjonsområde for storspove. Arter: Ikkje registrert Markslag: Myr, fulldyrka mark, overflatedyrka mark, innmarksbeite.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Arealet er stort, har fleire store myrområde, og er også i konflikt med naturtype og funksjonsområde for storspove (sterkt trua).	-2
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er etablerte bustadområde på fleire sider av innspelet, og deler av området kan ha ein viktig funksjon som leike-område for ungar som bur i nærleiken.	Ei endring til bustadføremål vil medføre privatisering av eit område som dels kan vera tilgjengeleg for leik og rekreasjon i dag.	-1

Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslottelandskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Vestlandets skogsåser, med verdi 4. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Terrenget i området er relativt flatt, og ei utbygging i området vil ikkje medføre vesentlege terrenginngrep. Det vil likevel vera negative landskapsmessige konsekvensar av å byggje ut eit område som fungerer som eit grøntområde mellom bustadområda i dag.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspela. Det er to SEFRAK-registreringar innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Store deler av innspelet består av dyrka mark, både fulldyrka, overflatedyrka og innmarksbeite.	Innspelet vil medføre tap av dyrka mark, og vil medføre vesentleg negative konsekvensar for naturressursar.	-3
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert infrastruktur i området, men det er tilgrensande bustadområde som ein truleg kan kopla seg til. Det er truleg relativt enkelt å etablere vegtilkomst		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknytning til bustadfelt, og relativt sentralt plassert på Totland/Grindheim. Næraste definerte lokalsenter i kommunen er Moster, som ligg om lag 1,8 km frå innspelet i luftlinje.		+1
Karbonrike areal	Heile innspelet er registrert som karbonrike område i form av dyrka mark og myrområde.		-3
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil vera ei naturleg utviding av eksisterande bustadområde, og er gunstig med omsyn til at det er lett tilgjengeleg infrastruktur i området, og området ligg relativt tett på Moster sentrum. Arealet er i all hovudsak i bruk som dyrka mark, og består elles av store myrområde, og arealet er også viktig med omsyn på naturmangfald. Ei utbygging i området vil såleis vera svært negativt, både i eit miljøperspektiv og med omsyn til jordbruks-interesser.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil kunna endra tilhøve knytt til framkome og trafikktryggleik, og dette må avklarast nærare i reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Deler av innspelet overlappar med gul støysone frå Totlandsvegen og Grindheimsvegen.		
Stråling frå høgspenst	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Det går høgspenstlinjer gjennom området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, om lag 1,5 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-3	-1	-1	0	-3	+1	+1	-3	X

Det er vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald, naturressursar og karbonrike areal av innspelet. Arealet er i all hovudsak i bruk som dyrka mark, og består elles av store myrområde, og arealet er også viktig med omsyn på naturmangfald. Ei utbygging i området vil såleis vera svært negativt, både i eit miljøperspektiv og med omsyn til landbruksinteresser. På bakgrunn av dette er innspelet negativt tilrådd og endra til LNF-føremål.

ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspenst.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding, tilrådd endra til LNF

3.9.14 Grøntstruktur til anna bygg og anlegg (telekommunikasjonsanlegg/ høgdebasseng), R-8

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Grøntstruktur/ friareal i reguleringsplan R - 8 Planlagt arealbruk Anna bebyggelse og anlegg (telekommunikasjonsanlegg / høgdebasseng)	Arealendring 
Arealstorleik planlagt arealbruk	1,6 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Grindheim, Moster, innanfor reguleringsplanen Åsen frå 1974. Det ligg eit bygg for vassforsyning innanfor innspelet, og eit bygg registrert som uthus. Telenor har ei telemast der i dag og Telia har søkt om ei til. Innspelet grensar til VA-føremål og vassforsyningsbygg i vest.

Aktuelle problemstillinger	
-----------------------------------	--

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Open fastmark, bebygd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsliv-område innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ikkje kjent at området vert nytta til friluftsliv.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystlettelandskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Vestlandets skogsåser, med verdi 4. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Innspelet ligg på ein tydeleg kolle i terrenget. Ei vidare utbygging i området vil medføre terrenginngrep og negative konsekvensar for landskap, sjølv om det allereie er etablert fleire tiltak i nærområdet.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det ligg eit automatisk freda kulturminne (gravminne) innanfor innspelet.	Innspelet vil vera i konflikt med kulturminnet.	-2/-3
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspela	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Det er vegtilkomst til området, og det er truleg enkel tilgang på nødvendig infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i ytterkanten av etablert bustadfelt, og grensar til VA-føremål med høgdebasseng.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike område innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		X
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Etablering av telekommunikasjonsanlegg vil vera positivt med omsyn til samfunnsnytte, men ei utbygging i områda som er utan tiltak i dag vil vera negativt i eit miljøperspektiv.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			

Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennlinjer innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, i overkant av 1 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	-2/-3	0	+1	0	0	X


Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, for tema naturmangfald, landskap og kulturminne. Innspelet legg til rette for telekommunikasjonsanlegg, noko som vil vera samfunnsnyttig, og etablert bygg knytt til høgdebassenget. Området ligg hensiktsmessig plassert med omsyn til infrastruktur. Innspelet er i konflikt med eit automatisk freda kulturminne, og vert på bakgrunn av dette justert tilrådd positivt.

ROS-analyse: Ingen registreringar




Fagleg vurdering: Positiv justert tilråding.

Politisk endring: Juster avgrensinga.



3.10 Langevåg

3.10.1 Langevåg 1a og 1b – gnr/bnr 59/6 – Fritidsbusetnad og småbåthamn

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Fiske (KL)	Arealendring 
Planlagt arealbruk 1a: fritidsbusetnad 1b: småbåthamn	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1a: 10,9 daa 1b: 3,3 daa
Skildring av området	Innspela ligg i Vedvika, nord for Langevåg. Det er ikkje vegtilkomst ned til området, som er ubygd.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone, friluftsliv, fiske og akvakultur.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område	-1

	Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: like utanfor 1a: villeple (VU) og rødt honningvokssopp (VU). Framande artar 1a: sitkagran (SE) Fuglar i området; storskarv (NT) Markslag: 1a: barskog av særskilt høg, høg og middels bonitet, samt impediment. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert.	som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er registrert raudlista fugleartar i området. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor innspela. Like nord ligg Vedvika, eit statleg sikra friluftsområde. Områder er kartlagt og vurdert som eit svært viktig friluftsområde, av typen Leke- og rekreasjonsområde. Området er registrert med stor brukarfrekvens. Arealet i 100-metersbeltet er klassifisert som potensielt tilgjengeleg. Det er varierende hellingsgrad i området. Området er tilgjengeleg frå sjøsida.	Utyggingsføremål knytt til småbåthamn og fritidsbustader vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området, i tillegg til å indirekte påverke det statleg sikra friluftsområdet Vedvika negativt.	-2
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Beskyttet indre småkupert kyst-slette. Innspela ligg innanfor landskapsområde Lanevågen-Vorlandsvågen, landskapstype Våg- og smalsundlandskap. Verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg innanfor Sjø og vassdrag generelt, eks. AK i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspela ligg i Vedvika, like nord for Langevåg. Sørleg del av vika er bygd, medan nordre del er ubyggt, med unntak av tilretteleggingstiltak knytt til det statleg sikra friluftsområdet. Strandsona og området er kupert. Området er skogkledd, med enkelte myrlendte parti og svaberg mot sjø. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i strandsona er sårbart for tett utbygging. Arealet ligg på eit ubyggt område i Vedvika, der det i frå før er inngrep i sørleg del av vika. Innspela opnar for inngrep i eit kupert område i strandsona, som vil gi negative verknadar for landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det ligg ingen SEFRAK-registrerte bygg eller kulturmiljø innanfor innspela eller i nærleiken. Det ligg ingen automatisk freda kulturminne innanfor areala, men like nordvest for 1a ligg det eit auto-	Innspela er ikkje i direkte konflikt med SEFRAK-registrerte bygg, registrerte kulturminne eller kulturmiljø. 1a vil kunne påverke det automatisk freda kultur-	1a: -2 1b: 0

	matisk freda gardsanlegg (tuft). På Krokneset ligg det ei automatisk freda gravrøys. Lenger sør er det registrert kulturminnerik strandsone.	minnet negativt i den landskapsmessige konteksten det ligg i.	
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	1a: barskog av sær s høg bontet (3,2 daa), høg bonitet (3,3 daa), middels bonitet (0,5 daa). 1b: overlappar med kaste- og låssettingsplass i KPA (ikkje registrert kaste- og låssettingsplass i Yggdrasil).	1a: Innspelet overlappar med fulldyrka jord (3,5 daa), overflatedyrka jord (1,8 daa) og innmarksbeite (2,9 daa). 1b: Ingen direkte arealkonflikt, men ei arealføremålsending vil ha negative konsekvensar for framtidig kaste- og låssettingsplass (KPA).	-1
Teknisk infrastruktur	Det går veg fram til området, men få tiltak i nærområdet som ny utbygging truleg kan kople seg til.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspela ligg i eit ubygd område, der området lenger sør er spreitt utbyggt med bustader, fritidsbustader, naust og andre tiltak.		+1
Karbonrike areal	Utbygging av urørt natur er generelt negativt med omsyn til klima og energi, og det er registrert karbonrike areal innanfor innspel 1a (barskog av sær s høg og høg bontet).		1a: -1 1b: 0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er småbåthamn og fritidsbusetnad. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Innspel 1a er ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for fritidsbusetnad i strandsona. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknyting til annan busetnad. Innspel 1b er dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om felles anlegg (småbåthamn), der området til dels er lokalisert i tilknyting til anna busetnad, men det opnar for utbygging i urørt strandsone.		
Samfunnsnytte og berekraft	Fritidsbustad vil være positivt for kommunens attraktivitet og kan styrkje grunnlaget for lokale tilbod. Det vil elles ha avgrensa samfunnsnytte utover den positive verknaden for den einskilde brukaren av området. Vidare utbygging av området vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	1a: Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Lausmassane i området består av forvittringsmateriale, ikkje inndelt etter mektigheit.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn


	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspela vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	1a: Det går ei høgspennlinje om lag 45 meter i frå området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Langevåg, om lag 2 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-2	1a: -2 1b: 0	-1	-1	+1	1a: -1 1b: 0	X
Det er negative konsekvensar av innspela, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap, kulturminne og naturressursar. Arealen omfattar innspel om fritidsføreml og småbåtanlegg i strandsona i eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området.								
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding innspel 1a og 1b								
Politisk endring: Ta inn. Fritidsbustad trekt litt opp på land, med fellesanlegg til sjø.								

3.10.2 VA-anlegg Eidesvik

Skildring av arealendringa:

Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk VA-anlegg	

Arealstorleik planlagt arealbruk	0,8 daa
Skildring av området	Innspelet ligg ved Eidesvik, Langevåg, og er ei utviding av eksisterande VA-anlegg i området. Arealet består av skog og kratt.
Aktuelle problemstillingar	Urørt natur, strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Innmarksbeite, open fastmark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ikkje kjent at området vert nytta til friluftsliv.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype våg- og smalsundlandskap, med verdi 2. Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg, og ligg i Strandsona. Det er fleire tiltak i nærområdet. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Landskapet i området er relativt flatt, med eit tydeleg høgdedrag like sør for innspelet. Tiltak i området vil ikkje medføre vesentlege terrenginngrep, men innspelet ligg i strandsona, som er sårbar for inngrep. Det er likevel ikkje vurdert at innspelet vil medføre vesentlege negative landskapsmessige konsekvensar.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet. Innspelet er del av Søre Bømlø – Hespriholmen – Steinalderlandskap, kulturmiljø og landskap av nasjonal interesse.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg. Arealet er avgrensa, og ligg i tilknytning til andre tiltak, det er difor ikkje vurdert at innspelet vil vera i konflikt med KULA-området.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert dyrka mark i form av innmarksbeite innanfor innspelet.	Innspelet vil medføre nedbygging av eit mindre areal med innmarksbeite	-1
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ei utviding av eksisterande VA-anlegg. Det er vegtilkomst til området i dag, og innspelet kan truleg koplast til eksisterande infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen. Det ligg bustadhus og naust tett på innspelet, noko som potensielt kan vera ei uheldig samlokalisering.		-1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av innmarksbeite innanfor innspelet.		-1

Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant
Strandsone	Innspelet ligg i 100 meterbeltet mot sjø, og ønska arealbruk er VA-anlegg. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, som til dømes næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. VA-anlegg er ikkje å rekna som eit reint næringstiltak, men er nødvendig infrastruktur. Dette er ikkje føremål som nødvendigvis treng å ligga i strandsona, men dette er ei utviding av eksisterande anlegg, og utvidinga er plassert i bakkant av eksisterande bygg.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Arealet er dels urørt i dag, og ei utbygging vil vera negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. BVA har spela inn at det er behov for arealet for å ha høve til utviding av eksisterande reinseanlegg, noko som vil vera samfunnsnyttig

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemd i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrerte høgspennlinjer i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, i underkant av 1 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	-1	+1	-1	-1	X
Det er nokre negative konsekvensar av innspela, mellom anna for tema naturmangfald, landskap, naturressursar, nærmiljø og karbonrike areal, men desse konsekvensane er ikkje vurdert til å vera vesentlege. Innspelet ligg i strandsona, noko som er uheldig i forhold til strandsoneverdiane i området. Innspelet er også plassert tett på bustadhus og naust. Innspelet legg til rette for ei utviding av eksisterande anlegg, noko som vil ha stor samfunnsnytte. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd.								

ROS-analyse: Kvikkleire
Fagleg vurdering: Positiv tilråding

3.10.3 VA-anlegg Langevåg

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk VA-anlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	4,8 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i tilknytning til eksisterande VA-anlegg, høgdebasseng, ved Løningsvatnet. Det er vegframføring til området, og arealet er i gjeldande kommuneplan Ovist som LNF-føremål.
Aktuelle problemstillingar	Urørt natur, kystlynghei

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet ligg innanfor den utvalde naturtypen kystlynghei. Området er registrert med middels verdi. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Barskog, open fastmark.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Området er registrert som kystlynghei med middels verdi, og innspelet vil såleis medføre negativ konsekvens, ved at den registrerte naturtypen vert nedbygd i området.	-2
Friluftsliv	Området er registrert som eit viktig friluftslivområde; Mørkedalsfjellet. Området er skildra som eit utfartsområde, med ganske stor brukarfrekvens, og middels tilgjengelegheit. Turløypa/rundløypa Mørkadalsfjellet går rundt Løningsvatnet, og innspelet, og er	Innspelet vil kunne ha negative konsekvensar for friluftsliv, i og med at det ligg midt i eit område som er registrert som viktig for friluftsliv. Det er likevel ikkje vurdert at innspelet vil medføre vesentlege negative konsekvensar for friluftsliv, då innspelet er ei utviding av	-1

	såleis ikkje i direkte kontakt med innspelsområdet eller eksisterande anlegg i området.	eksisterande anlegg, og ligg langs tilkomstvegen.	
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype kystheiene, med verdi 3. Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg, i eit område utan andre tiltak, men med vegtilkomst. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Landskapet i området er del av eit større kystslettelandskap, og innspelet ligg på eit høgdedrag i bakkant av eksisterande anlegg. Landskapet er sårbart, og nytt tiltak vil vera godt synlege i området. Innspelet vil medføre negative landskapsmessige konsekvensar.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRABYGG i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRABYGG-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Det er vegtilkomst til området i dag, og nye tiltak kan truleg koplast til eksisterande infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen, og ligg relativt langt frå andre tiltak.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av kystlynghei innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Arealet er i stor grad urørt i dag, og ei utbygging vil vera negativt i eit miljøperspektiv. Positiv tilråding av slike område skal såleis grunnast i behovsvurdering. BVA har spela inn at det er behov for arealet for å ha høve til utviding av eksisterande høgdebasseng, noko som vil vera samfunnsnyttig.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.
Støy	Liv og helse Ytre Miljø Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.
Stråling frå høgspent	Liv og helse Ytre Miljø Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrerte høgspentliner i nærleiken av innspelet.
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, som ligg i underkant av 1 km frå innspelet i luftlinje

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-1	-1	0	0	+1	0	-1	X
Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, friluftsliv, landskap og karbonrike areal. Innspelet legg til rette for utbygging på eit areal som er registrert som den utvalde naturtypen kystlynghei, registrert med middels verdi. Innspelet er ei utviding av eksisterande høgdebasseng, noko som vil ha stor samfunnsnytte. På bakgrunn av dette er innspelet positivt tilrådd.								
Fagleg vurdering: Positiv tilråding								

3.10.4 Langevåg - Tenesteyting – utvida areal

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk Tenesteyting	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 3,2 daa
Skildring av området	Innanfor eksisterande tenesteyting-føremål er det etablert bensinstasjon/næringsbygg og opparbeidd uteområde. Innspelsarealet er ubygd, og klassifisert i AR5 som open fastmark. Grensar mot arealføremål LNF, samt R-36.

Aktuelle problemstillinger	
-----------------------------------	--

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Naturtypane semi-naturleg eng og kystlynghei ligg innanfor innspelet. Del av større kystlynghei-område. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Open fastmark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område med viktige naturtypar. Kystlyngheia i området er registrert med svært stor verdi.	-2
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er heller ikkje kjent at området vert nytta til friluftsliv, men det er vist nokre stiar i området i grunnkartet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Ytre fjordbygder på Vestlandet, landskapstype Våg- og smalsundlandskap, med verdi 2. Terrenget er relativt flatt innanfor innspelet. Sjå 3d-kart her: 3d.kommunekart.com/	Området kan byggjast på utan større terrenginngrep, og det vil vera ei naturleg utviding av eksisterande utbygd areal. Det vil likevel vera negative landskapsmessige konsekvensar av å byggje ut eit område som i dag er naturleg terreng.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRABYGG i nærleiken eller innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område) Søre Bømlo – Hespriholmen – Steinalderlandskap.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRABYGG-registrerte bygg. KULA-området er sårbart for utfylling og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ei utviding av eksisterande føremål, med etablert bensinstasjon/næringsbygg og opparbeidd uteområde. Det er såleis truleg enkel tilgang på nødvendig infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg sentralt plassert i Langevåg, og ei vidare utvikling av tenesteyting-føremålet i dette området kan vera med på å byggja opp under Langevåg sentrum.		+1
Karbonrike areal	Innspelet omfattar karbonrike areal i form av registrert kystlynghei.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting.		+1

Strandsone	Innspelet ligg ikkje i 100 meterbeltet mot sjø.
Samfunnsnytte og berekraft	Utviding av areal til tenesteyting er positivt med omsyn til samfunnsnytte. Vidare utbygging i urørte område, og tap av kystlynghei, som er ein utvald naturtype, vil vera negativt i eit miljøperspektiv.


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet grensar til aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor gul støysone frå Hovlandsvegen. Det er etablert næringsverksemd innanfor eksisterande føremål, noko som potensielt kan medføre støy i området.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ei høgspennlinje like nord for innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, om lag 1,4 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	0	-1	-1	0	+1	+1	-1	+1

Det er vesentleg negative konsekvensar av innspelet for tema naturmangfald, på grunn av overlapp med registrert naturtype kystlynghei. Innspelet legg til rette for utviding av tenesteyting-føremålet, noko som vil vera positivt for utvikling i Langevåg. På bakgrunn av dette er deler av innspelet positivt tilrådd, slik at føremålet kan utvidast bort til naturtyperegistreringa.

Arealet i gjeldande kommuneplan er i dag nytta til bensinstasjon/ næringsbygg, og innspelet er ei utviding av dette. På bakgrunn av eksisterande bruk ikkje er i retning tenesteyting, tilrår ein å endre føremålet til næringsføremål for eksisterande og framtidig utbyggingsføremål.




ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, støy

Fagleg vurdering: Justert positiv tilråding og endre føremål til næring.

Politisk endring: Ta inn.

3.10.5 Bustad til leikeplass (R – 72)

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Jordbruk og bustad	Arealendring 
Planlagt arealbruk Uteoppholdsareal (1) Leik	
Arealstorleik planlagt arealbruk	0,7 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Langevåg, og er del av reguleringsplanen Bømmelhamn – Lønning – Hovland (R-72) frå 1997. Arealet ligg dels innanfor jordbruksføremål og dels innanfor bustadføremål i planen. Arealet er i stor grad opparbeidd som leikeplass.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
---------------------	-------	------------

Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: I all hovudsak bebygd areal	Leikeplassen er allereie opparbeidd, og innspelet vil ikkje medføre negative konsekvensar for naturmangfald.	0
Friluftsliv	Området er opparbeidd som leikeplass. Det er elles ingen registrerte friluftslivområde i nærleiken av innspelet.	Innspelet vil sikre leikeplassen i området.	+1
Landskap	Innspelet ligg innanfor Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse (NiN). Innspelet ligg innanfor Kystbygdene på Vestlandet, landskapslandskapstypen Kystheiene, med verdi 3. Sjå 3d-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Terrenget er i hovudsak flatt innanfor innspelet. Området er bygd ut som leikeplass, og innspelet vil ikkje medføre negative konsekvensar for landskap.	0
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet er allereie bygd ut som leikeplass.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er allereie bygd ut som leikeplass. Bustadområdet ligg relativt tett på Langevåg sentrum.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike område innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet ligg ikkje innanfor 100 meterbeltet mot sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er allereie opparbeidd som leikeplass. Innspelet vil sikre leikeplassen i området.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspelet vil endra tilhøve knytt til framkome eller trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		


	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
Støy	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
Stråling frå høgspent	Det er ikkje registrert høgspenteleidningar innanfor innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, om lag 1 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
0	+1	0	0	0	+1	+1	0	X
Det er utelukkande positive konsekvensar ved innspelet, og innspelet vert såleis positivt tilrådd.								
ROS-analyse: Ingen registreringar								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding								

3.11 Espevær

3.11.1 Espevær 1a og 1b – gnr/bnr 46/6, 55, 73, 106, 120, 121, 153, 154 – LNF spreidd bustad/næring og bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bustad (med krav om regulering) I planframlegg KPA til høyring var arealet på øya synt som LNF. Planlagt arealbruk 1a: LNF spreidd bustad/næring 1b: Bustad	Arealendring 

Arealstorleik planlagt arealbruk	1a: 36,4 daa 1b: 1 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Dørøy på Espevær. Det er i dag ikkje vegtilkomst til området, og det er ikkje etablert bustader på øya. Det er etablert eitt naust på vestsida av øya, og eit bygg registrert som seterhus/sel/rorbu på austsida av øya.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone, kulturminne og kulturmiljø

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Heile Dørøy er registrert som funksjonsområde for lomvi (kritisk trua) Artar: Artsregistreringar Markslag: Skog og open fastmark	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Utbygging i området vil vera negativt for den kritisk trua lomvibestanden.	-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Det er få tiltak i området, og strandsone er tilgjengeleg i eit friluftslivsperspektiv. Området er tilgjengeleg frå sjøsida.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Innspelet vil medføre arealbeslag og privatisering av strandsone, i eit område som elles vil vera tilgjengeleg for ålmenta.	-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslättelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, dels innanfor landskapstype Indre øy-, holme og skjærgårdslandskap med verdi 4 – Stor verdi landskap med verdi over gjennomsnittet, og dels innanfor landskapstypen Ytre Skjærgård med verdi 3 – Middels verdi. Innspelet ligg på Dørøy, som er utan vegtilkomst og utan fast samband til Espevær. Øya er kupert, og består i stor grad av urørt strandsone. Sjå 3D-kart her: https://3d.kommunekart.com/	Landskapet i strandsone er sårbart for utbygging. Utbygging i området vil medføre terrenginngrep i urørt strandsone, og innspelet vil gi negative verknadar for landskap.	-2

Kulturminne og kulturmiljø	Det ligg eit automatisk freda kulturminne innanfor areal 1 Innspelet ligg innanfor Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område) Søre Bømlo – Hespriholmen – Steinalderlandskap.	Ei utbygging i området vil medføre vesentlege negative konsekvensar for kulturminne for areal 1a. For areal 1b er det ingen kjende konsekvensar. KULA-området er sårbart for utfylling og bygging i dei lågtliggjande draga i landskapet	1a: -2 1b: 0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert tilkomstveg i området, og heller ingen tiltak i nærområdet som ny utbygging kan kople seg til.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg usentralt plassert med omsyn til sentrumsområde i kommunen, og vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen. Innspelet ligg i eit ubyggd område		-1
Karbonrike areal	Utbygging av urørt natur er generelt negativt med omsyn til klima og energi, men det er ikkje registrert spesielt karbonrike areal innanfor innspelet		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		X
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er bustad. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strand-sona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspela er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela vil medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Arealet er i dag urørt strandsone, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg dels innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for risiko for stormflo og havnivå-stigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegtilkomst til områda.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspennlinjer i området.		

Innsatstid brann	Det er ein lokalstasjon på Espevær, som ligg om lag 200 meter frå innspela i luftlinje.
------------------	---

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-2	1a: -2 1b: 0	0	-1	-1	0	X

Det er negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap, kulturminne og nærmiljø/stadutvikling. Ei utbygging i området vil medverke til privatisering av ei strandsone som i dag er tilgjengeleg for ålmenta. Arealet er i dag i stor grad urørt strandsone, og ei utbygging vil vere negativt i eit miljøperspektiv i eit område som er sårbart for inngrep.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning


Fagleg vurdering: Negativ tilråding

Politisk endring: Delvis inn.



3.11.2 Tenesteyting til fritid og turisme og uteopphaldsareal, gbnr 46/108 Espevær

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Tenesteyting	Arealendring

Planlagt arealbruk Fritid og turisme i vest. Uteopphaldsareal i aust	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Fritid- og turismeføremål: Ca. 4,5 daa Uteopphaldsareal: Ca 3,2 daa
Skildring av området	Innspelet omfattar tidlegare barnehage på Espevær med uteområde. Ubygde delar av føremålet er registrert som open fastmark, skog og utbygd areal.
Aktuelle problemstillingar	

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Deler av innspelet overlappar med naturtype kystlynghei, registrert med svært stor verdi. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Tjeld (nær trua) Markslag: Bebygd, open fastmark, skog av middels bonitet	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Føremålet overlappar med kystlynghei, og vil medføre vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald.	-2
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftslivsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Deler av området er tilrettelagt med leikeapparat og ballbinge, og vert truleg nytta som leikeområde.	Ei endring i føremål til uteopphaldsareal kan medverke til å sikre leikeareala.	+1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Kystbygdene på Vestlandet, landskapstype Indre øy-, holme og skjærgårdslandskap, med verdi 4. Sjå 3d-kart her:	Dei ubygde delane av føremålet består av kupert terreng, og ei vidare utbygging i området vil medføre terrenginngrep og negative landskapsmessige konsekvensar.	-1

	https://3d.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspelet. Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg i nærleiken eller innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor KULA (Kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse)-område Søre Bømlo – Hespriholmen. Steinalderlandskap.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspelet	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Det er vegtilkomst til området, og det er truleg tilrettelagt med infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg på Espevær, og ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen. Det er spreidd busetnad i området.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av kystlynghei innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Endring til fritid- og turismeføremål kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting.		+1
Strandsone	Innspelet ligg dels i 100 meterbeltet mot sjø, men ikkje i sjøkanten. Ønska arealendring er frå tenesteyting til fritid- og turisme og uteopphaldsareal. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Når det gjeld reiselivsanlegg peikar strandsonerettleiaren for Vestland på at det er positivt i reiselivssamheng å sikre allemannsretten og tilgang til friluftsområde. Det er difor også viktig for reiselivsnæringa at dei nære sjøområde får liten utbygging og at berre dei delane av næringstiltaket som må ligge til sjø vert etablert der. Strandsonerettleiaren seier vidare at i sone 3 skal behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, til dømes satsing på reiseliv og turisme, tilleggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Innspelet ligg i stor grad ikkje i direkte visuell kontakt med sjøen, eksisterande barnehage-bygg ligg bak eit høgdedrag, og det er busetnad ned mot sjøen i området. Føremålsendinga er såleis ikkje vurdert å vera vesentleg negativ med omsyn til strandsonevurderingar.		
Samfunnsnytte og berekraft	Fritid- og turismeføremålet kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og på denne måten verke samfunnsnyttig, men samstundes vil det også kunna medverke til privatisering. Endring til uteopphaldsareal er positivt med omsyn til å sikra dei opparbeidde leikeareala. Ei vidare utbygging i dei urørte delane av området vil vera negativt i eit miljøperspektiv.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant		

Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er lite biltrafikk på Espevær, og lite truleg at føremålsendringa vil endra tilhøve til trafikktryggleik.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ei høgspentlinje gjennom innspelet.		
Innsatstid brann	Det er brannstasjon på Espevær, om lag 350 meter frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	+1	-1	-1	0	+1	0	-1	+1

Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald og landskap. Fritid- og turismeføremålet kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og det er positivt dersom ein kan nytta eksisterande barnehage-bygg. Endring til uteopphaldsareal er positivt med omsyn til å sikra dei opparbeidde leikeareala. Ei vidare utbygging i dei urørte delane av området vil vera negativt i eit miljøperspektiv. På bakgrunn av dette er innspelet justert positivt tilrådd, til fritid- og turismeføremål og uteopphaldsareal. Området som ligg innanfor naturtypen kystlynghei og opparbeida areal kring barnehagen og leikeplass er tilrådd endra til LNF-føremål.




ROS-analyse: Kvikkleire, stråling frå høgspent.

Fagleg vurdering: Justert positiv tilråding

4 Konsekvensutgreiing og ROS-analyse av akvakultur-innspel

4.1.1 Selsfjorden

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Akvakultur	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) Innspelet går på å fjerne tre akvakulturføremål.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1a: 41 daa 1b: 57 daa 1c: 31 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i Selsfjorden, mellom Stongjo og Rolvsnes, nord for Svortland. Det er ikkje akvakulturverksemd eller løyve knytt til akvakulturføremåla. Det ligg sletta lokalitetar innanfor 1a (Osparøy NV) og 1b (Hollandsholmen Ø). Det er ingen aktive søknader i området, eller etablerte lokalitetar i området.
Potensial/avgrensingar	Innspelet er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Sjøområda rundt er synt som sjø og vassdrag generelt, eks. AK og gyteområde.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsomr.: Ikkje registrert. Arter: Ingen innanfor innspelet, men fleire i nærområdet; lomvi (CR), svartstrupe (EN), granmeis (VU), fiskemåke (VU). Anadromt vassdrag: Næraste kartfesta vassdrag er Åreidssaleelva i	Fjerning av akvakulturføremål gir ikkje grunnlag for produksjon i området. Potensiell påverknad av akvakulturverksemd er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Dette vil vera positivt då arealet ligg inne i ein relativt stengt poll. +2

	Børøyfjorden og Kjærelva i Fitjar kommune. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: 1a og 1b: Gytefelt torsk (lokalt viktig). Gytefeltet ligg like utanfor innspel 1c. Kystvassførekomst: Selsfjorden. Moderat økologisk tilstand og god kjemisk tilstand.		
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde: Ingen innanfor, eller i nærleiken. Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor, men lenger sør ligg Stongarvågen/Steinfjellet, vurdert som viktig friluftsområde. Areal på land er regulert til LNF-område. Det er ingen etablerte tiltak innafor føremåla, eller i nærleiken.	Innspelet er ikkje direkte arealkonflikt med registrerte friluftsområde. Fjerning av akvakulturføremål gir ikkje grunnlag for produksjon eller bandlegging av areal til anlegg og ferdsel/fiskeforbodssone. Dette vil vera positivt for generelt friluftsliv.	+1
Landskap	Del av landskapstype (NiN); Beskytta indre småkupert kystslette. Landskapsverdi Hordaland: Verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng, Småfjord- og storsundlandskap, samt Kystheiene. Areal på land er regulert til LNF. Det er ingen etablerte tiltak innanfor føremåla eller i nærleiken.	Endringa medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Dette vil vera positivt for landskapsopplevinga i området.	+1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø. Ingen registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-bygg i nærleiken på land. Kulturlandskap, KULA: Ikkje registrert.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Ikkje registrert. Fiskeplassar – passive reiskap: Ikkje registrert. Låssettingsplass: Ikkje registrert. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert	Endringa medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg med fortøyingar. Det er ingen fiskerieressurser i området. Endringa har ingen kjent verknad for fiskeri.	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg inne i Selsfjorden, der det ikkje er tiltak eller inngrep i dag. Ferdsel i vågen er i hovudsak knytt til fritid. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Endringa medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg med fortøyingar med tilhøyrande ferdselsforbod. Endringar har noko positiv verknad for ferdsel i vågen.	+1
Nærmiljø og stadutvikling	Areal på land er regulert til LNF. Det er ingen etablerte tiltak innanfor føremåla, eller i nærleiken.	Endringa medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Dette er positivt for nærmiljøet då det er korte avstandar inne i vågen.	+1
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet fjernar arealmessig grunnlag for etablering av akvakulturanlegg.		-1

Samfunnsnytte og berekraft	Det vil vere positivt både i eit samfunnsnytte- og i eit berekraftsperspektiv å fjerne føremål som ikkje lenger er relevante eller hensiktsmessige.
-----------------------------------	---

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Ikkje relevant.		
Ekstremvær Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Ikkje relevant.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Uluke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Endringa medfører at det ikkje vert etablert flytande anlegg med fortøyingar med tilhøyrande ferdselsforbod. Dette reduserer potensiale for uhell mellom fritidsbåt og anlegg.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Ikkje relevant		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
+2	+1	+1	0	0	+1	+1	-1	x

Det er i hovudsak berre positive konsekvensar av å fjerne planmessig grunnlag for etablering av akvakulturanlegg i Selsfjorden.

Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding

4.1.2 Selvågneset

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)	Arealendring 
Planlagt arealbruk Akvakultur Innspelet går på å utvide arealføremålet for å tilpasse arealet til ny merdteknologi. Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 39 daa utvida akvakulturføremål.
Skildring av området	Innspelet ligg på vestsida av Bømlo, i Selvågen, sørvest for Kulleseid på Finnås. Det er ikkje etablert anlegg i området i dag. Firmaet Fremskritt Laks har sendt inn søknad for ny lokalitet med oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure.
Potensial/avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for arealmessig grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvensutgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakulturføremålet. Arealet ligg like aust for lokalitetane Lelandsholmen, Hiskholmen, Lyklingholmen N, og like vest for lokaliteten Vordnesholmen. Innspelet er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Skjellsand, vurdert som viktig. Om lag 1,4 km lenger nordvest er det registrert Større kamskjellforekomster (Bømlo). Naturvern: Ikkje registrert. På andre sida av Storhaug, om lag 1 km lenger nordaust, ligg sjøfuglreservatet Trøytarosskjeret. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: Ingen innanfor. I området rundt er det registrert lomvi (CR), gråmåke (VU), grønnefink (VU), ærfugl (VU), granmeis (VU), storskarv (NT).	Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomsmitte. Endringa er relativt liten i arealutstrekning, men vil påverke den registrerte skjellsandførekomen. Fortøyingar vil kunne gå utover akvakulturføremålet. Potensiale for konflikt mellom andre kjente registreringar enn skjellsand og fortøyingar er liten. Utviding av føremålet kan potensielt gi plass for eit større anlegg og større produksjon. Dette vil igjen kunne ha

	Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Åreiddals-elva, avstand ca. 4,3 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Bømlo-indre. Naturleg god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	verknad for villfiskbestandane og kystvass-førekomst.	
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde: Ingen innanfor, eller i nærleiken. Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor. Om lag 1,8 km lenger nordvest ligg Hiskjø, eit svært viktig friluftsområde med stor brukarfrekvens. Områdetype Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål.	Innspelet er ikkje direkte arealkonflikt med registrerte friluftsområde. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakulturanlegg på 100 og 20 meter. Ev. nye fortøyinglinjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart utanfor ferdselssona. Utvida areal vil stenge tilkomst til Selvågen.	-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette. Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Hiskosen-Ådnnesosen, landskapstype Brede fjordløp og åpne fjordmunninger. Verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg innanfor arealsone Akvakultur i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål. Det er nokre få bustader/fritidsbustader og tiltak på land. Det er ikkje etablert anlegg i området, men 1 km lenger nord ligg det eit matfiskanlegg.	Innspelet gir grunnlag for eit større anlegg. Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet er utviding av eksisterande føremål. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, med i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan ha negativ verknad for landskapsopplevinga, og kjem vesentleg nærare holmane og strandlinja i aust.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturmiljø, kulturminne i sjø eller på land. Det er fleire eldre bygg/SEFRAK-registreringar på land. Det er utsikt til området.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne, SEFRAK-registrerte bygg eller kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: overlappar dels med Børøyfjorden /Bømlo sør, der det vert fiska etter makrell og sei. Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet overlappar dels område Børøy-fjorden-Hiskosen, skildra som mykje brukt felt, garn og harp.	Gjeldande akvakulturføremål går inn i fiskeplass for passive- og aktive reiskap, samt kaste- og låssettingsplass. Utvida arealføremål til akvakultur avgrensar og forringar bruken av felta og låssettingsplassen. Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	-2

	Låssettingsplass: overlappar dels med Selvågen, skildra som noko brukt. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert.		
Teknisk infrastruktur	Ligg i hovudsak i grøn sektor frå lykta Hiskjo i vest og grøn sektor frå lykta Melandsvåg lykt i nord. Farleia, bilei, Alsvåg ligg vest for innspelet, ca. 1 km. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Det er ikkje etablert anlegg i området, og innspelet gir grunnlag for større anlegg. Sjøstrekket har mykje trafikk og som til tider kan vera vêrhardt. Bileia går tett mot Litla-hiskjo, på andre sida av Ådnanes-osen. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0/-1
Nærmiljø og stadutvikling	Dei nærmaste areala på landsida er LNF-føremål og det er etablert nokre få bustader/fritidsbustader her. Store deler av akvakulturføremålet er skjerma av øyar mot «fastland» Bømlø. Det er noko spreidd busetnad på Fylkesneset og Hiskjo med innsyn til innspelet. Innspelet går inntil land.	Innspelet gir grunnlag for eit utvida akvakulturføremål som vert meir eksponert mot busetnad enn dagens kommuneplan. Innspelet er om lag 100 meter nærare busetnaden i området enn eksisterande akvakulturføremål. Avstand til busetnad er på det minste om lag 230 m. Det er ikkje etablert anlegg her i dag, og innspellet vil kunne medføre auke i støy/skje-mmande aktivitet.	-2
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for fleksibilitet med omsyn til etablering av lokalitet på eksisterande akvakulturføremål, samt framtidige endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet. Ev. endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil leggja til rette for akvakulturnæringa i området, noko som kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og såleis samfunnsnyttig. Dette må vurderast opp mot dei negative miljøkonsekvensane som kan følgje av oppdrettsverksemd.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar dels med aktsemdsområde for jord- og flomskred og snøskred.		
Ekstremvêr Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg på vestsida av Bømlø, i eit relativt eksponert område. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan, der endringa opnar for å kunne etablere anlegget meir skjerma i frå bølger. Kvart anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvêr er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Uluke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Innspelet ligg ved bileia Alsvåg, ca. 1 km lenger vest. Innspelsarealet ligg lenger vekk enn avgrensing i dagens kommuneplan. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar. Det kan skje uhell mellom fritidsbåt og anlegget, samt uhell mellom brønnbåt og anlegget. Det er krav om merking av anlegget, samt at generelt fiske- og ferdselsforbod reduserer risikoen for ulykke. Båtførarar må vise aktsemd ved anlegget. Den viktigste føresegna i fartsforskriften er den generelle aktsomhetsnorma i § 2 (generell fartsbegrensning).		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet opnar for etablering av anlegg om lag 100 meter nærare eksisterande busetnad ifht. dagens kommuneplan. Avstand til busetnad er på det minste om lag 230 m.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-2	-2	-2	0	-2	0/-1	-2	+1	x
Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir grunnlag for at dagens arealavgrensing kan realiserast, i eit semi-eksponert område som konkret oppdrettsfirma har spelt inn. Innspelet opnar for fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Innspelet har negative konsekvensar då det er overlappande verdier/interesser knytt til naturmangfald, friluftsliv, landskap og naturressursar, og er med bakgrunn i dette ikkje tilrådd. ROS-analyse: skred, støy								
Samla fagleg vurdering: Negativ tilråding								
Politisk endring: Ta inn.								

4.1.3 Hiskholmen

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Akvakultur Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF) Omsynssone friluftsliv (H530_6) Planlagt arealbruk Akvakultur Innspelet går på å utvide arealføremålet for å tilpasse arealet til ny teknologi. Fortøyingar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet.	Arealendring 
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 831 daa.
Skildring av området	Innspelet ligg på vestsida av Bømlo, sør for Hiskjo. Det er etablerte anlegg i området i dag, lokalitet Hiskholmen og Lelandsholmen. Firmaet Fylkesnes Fisk driv her oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure. Lokalitetane er godkjent for høvesvis 2340 tonn MTB og 1560 tonn MTB.
Potensial/avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for arealmessig grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I tillegg vil fortøyingar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvensutgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyingar utanfor akvakulturføremålet. Om lag 1,4 km lenger sør ligg lokaliteten Lyklingholmen, der det òg vert drive oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure. Om lag 2,2 km lenger aust er det omsøkt ny lokalitet med oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure, sjå KU for Selvågeneset over. Innspelet er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Større kamskjellforekomster (Bømlo), med verdi viktig. Ein mindre del overlappar med skjellsand, verdi viktig. Naturvern: Ikkje registrert.	Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte.	-2

	Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: Ingen innanfor. I området rundt er det registrert eit funksjonsområde for Svartbak (reproduksjon), eit funksjonsområde for stær (NT), samt eit funksjonsområde for gråmåke (VU) og svartbak (LC). I tillegg er det fleire registreringar av fugleartar. Anadromt vassdrag: Næraste kartfesta vassdrag er Åreiddalselva, avstand ca. 7,4 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Bømlø-indre. Naturleg god økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	Endringa omfattar areal som vil påverke dei registrerte kamskjell- og skjelsandførekomstane. Fortøyingar vil kunne gå utover akvakulturføremålet. Potensiale for konflikt mellom andre kjente registreringar enn skjelsand og kamskjell og fortøyingar er liten. Utviding av føremålet kan potensielt gi plass for eit større anlegg og større produksjon. Dette vil igjen kunne ha verknad for villfiskbestandane og kystvassførekomst.	
Friluftsliv	Statleg sikra friluftsområde: Ingen innanfor, eller i nærleiken. Kartlagde friluftsområde: Nordre del går inn i Hiskjø, eit svært viktig friluftsområde med stor brukarfrekvens. Områdetype Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål.	Innspelet er i direkte arealkonflikt med registrert friluftsområde i nordleg del. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakulturanlegg på 100 og 20 meter. Ev. nye fortøyinglinjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtut fart utanfor ferdselssona.	-1/-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-området Ekstremt bølgeeksponert, småkupert kystslette på ytterste kyst. Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Hiskosen-Ådnesnesosen, landskapstype Brede fjordløp og åpne fjordmunningar. Verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg innanfor arealsone Akvakultur i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål. Det er nokre få bustader/fritidsbustader og tiltak på land. Det er etablert andre anlegg i området.	Innspelet gir grunnlag for eit større anlegg. Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet er utviding av eksisterande føremål. Anlegga vil vera godt synleg i nærområdet, med i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan ha negativ verknad for landskapsopplevinga.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø. Det er ingen registrerte kulturminne eller kulturmiljø i området. Det er tre vedtaksfreda bygningar på Hiskholmen. I nord er det registrert kulturminner i strandsone.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne, SEFRAK-registrerte bygg eller kulturmiljø. Dei vedtaksfreda bygningane er ikkje i direkte visuell kontakt med innspelsområdet.	0

Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: overlappar dels med Børøyfjorden /Bømlo sør, der det vert fiska etter makrell og sei. Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet overlappar dels område Børøyfjorden-Hiskosen, skildra som mykje brukt felt, garn og harp (sei), samt område Ådnanesosen, der det vert fiska etter breiflabbb. Låssettingsplass: ingen registreringar innanfor arealet. Lenger vest ligg Hiskasundet, ein noko brukt kaste- og låssettingsplass, der fisk teke lenger ute i havet vert låssett. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert.	Innspelet går lenger inn i fiskeplass for passive- og aktive reiskap enn gjeldande akvakulturføremål. Ein kjem òg tettare på kaste- og låssettingsplass. Utvida arealføremål til akvakultur avgrensar og forringar bruken av felte og låssettingsplassen. Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i raud, grøn og kvit sektor frå lykta Hiskjo i vest. Farleia, bilei, Alsvåg går inn i innspelsarealet. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Det er etablert anlegg i området, og innspelet gir grunnlag for større anlegg. Sjøstrekket har mykje trafikk og som til tider kan vera vêrhardt. Innspelet strekk seg lenger inn i bileia enn dagens akvakulturføremål. Det er gjeve løyve til ein lokalitet her. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	-2
Nærmiljø og stadutvikling	Dei nærmaste areala på landsida er LNF-føremål og det er etablert nokre få bustader/fritidsbustader her. Store deler av akvakulturføremålet er skjerma av øyar mot «fastland» Bømlo. Det er noko spreidd busetnad på Lykling og Hiskjo med innsyn til innspelet. Innspelet går inntil land.	Innspelet gir grunnlag for eit utvida akvakulturføremål som vert noko meir eksponert mot busetnad enn dagens kommuneplan. Avstand til busetnad er på det minste om lag 140 m, men er topografisk ådskilt. Det er etablert anlegg her i dag, og innspelet vil kunne medføre auke i støy/skjemmande aktivitet.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for fleksibilitet med omsyn til etablerte lokalitetar, samt framtidige endringar på anlegga og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokalitetane, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokalitetane. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet. Ev. endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil leggja til rette for akvakulturnæringa i området, noko som kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og såleis samfunnsnyttig. Dette må vurderast opp mot dei negative miljøkonsekvensane som kan følgje av oppdrettsverksemd.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdsområde for skred.		
Ekstremvær Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg på vestsida av Bømlo, i eit relativt eksponert område. Kwart anlegg skal godkjennast med anleggs sertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert		

	tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvær er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ulukke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i bileia Alsvåg. Innspelsarealet går lener inn i farleiarealet, og i farlei-linja, men det er allereie gjeve konsesjon til eit anlegg her. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar. Det kan skje uhell mellom fritidsbåt og anlegget, samt uhell mellom brønnbåt og anlegget. Det er krav om merking av anlegget, samt at generelt fiske- og ferdselsforbod reduserer risikoen for ulykke. Båtførarar må vise aktsemd ved anlegget. Den viktigste føresegna i fartsforskriften er den generelle aktsomhetsnorma i § 2 (generell fartsbegrensning).		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg om lag med same avstand i frå den næraste busetnaden.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-2	-1/-2	-1	0	-2	-2	-1	+1	x
Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegga er i tråd med kommuneplanen, samt gir fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegga, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Det er negative konsekvensar av innspelet då innspelet er ei vesentleg utviding av etablerte anlegg og akvakultur-føremål i kommuneplanen. Dette gir negative verknadar for m.a. naturmangfald, friluftsliv, landskap, naturressursar og teknisk infrastruktur. ROS-analyse: ingen.								
Samla fagleg vurdering: Negativ tilråding								
Politisk endring: Ta inn.								

4.1.4 Nappaholmen

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)	Arealendring
Planlagt arealbruk Akvakultur	
Innspelet går på å utvide arealføremålet for å sikre naudsynthe, framtidsetta arealjusteringar.	
Fortøyningar vil vera lokalisert utanfor akvakulturføremålet.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Ca. 36 daa.
Skildring av området	Innspelet ligg på austsida av Bømlo, sør i Stokksundet ved Spissøy. Det er etablert anlegg i området i dag. Firmaa Fjelberg fjordbruk, Nordsjø fjordbruk og Røvær fjordbruk driv oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure.
Potensial/avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for arealmessig grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyningar. I tillegg vil fortøyningar kunne lokalisast utanfor akvakulturføremålet. Konsekvensutgreiinga omfattar også vurderingar av fortøyningar utanfor akvakulturføremålet. Arealet ligg like sør for lokaliteten Klungervikneset, med oppdrett av matfisk av laks, aure og regnbogeaure. Innspelet er synt som arealsone akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: Ingen innanfor. I området rundt er det registrert makrellterne (EN), svartand (VU), gråmåke (VU).	Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Fortøyningar vil kunne gå utover akvakulturføremålet. Potensiale for konflikt mellom kjente registreringar og fortøyningar er liten.	-1

	Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Åreiddals-elva, avstand ca. 5,5 km i luftlinje. Kjærelva i Fitjar ligg om lag 18 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Stokksund. Moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	Utviding av føremålet kan potensielt gi plass for eit større anlegg og større produksjon. Dette vil igjen kunne ha verknad for villfiskbestandane og kystvass-førekomst.	
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor, eller i nærleiken. Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor. Om lag 800 meter lenger aust ligg Føyno-Nautøy, eit svært viktig friluftsområde med ganske stor brukarfrekvens. Områdetype Strandsone med tilhørende sjø og vassdrag. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte friluftsområde. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakulturanlegg på 100 og 20 meter. Ev. nye fortøyinglinjer kan avgrense arealbruk for friluftsliv og rekreasjon. Fortøyingar vil ikkje vera til hinder for båtutfart utanfor ferdselssona.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-området Relativt Åpent fjordlandskap med bebyggelse/infrastruktur. Innspelet ligg innanfor landskapsområdet Sagvågsfjorden-Stokksund, landskapstype Middels brede fjordløp. Verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg innanfor arealsone Akvakultur i Regional kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-føremål. Det er nokre få bustader/fritidsbustader og tiltak på land. Det er etablert anlegg i området.	Innspelet gir grunnlag for eit noko større anlegg. Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet er utviding av eksisterande føremål. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, med i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan ha negativ verknad for landskapsopplevinga.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø i området. På land er det ingen SEFRAK-bygg eller kulturmiljø, men det er registrert mange kulturminne langs fv. 542. Det er utsikt til området. Det er registrert kulturminnerik strandsone i området.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte kulturminne, SEFRAK-registrerte bygg eller kulturmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: ingen registreringar. Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet overlappar dels område Spissøy, skildra som mykje brukt felt, garn og harp (sei).	Gjeldande akvakulturføremål går inn i fiskeplass for passive reiskap. Utvida arealføremål til akvakultur går ikkje lenger inn i den registrerte fiskeplassen.	0/-1

	Låssettingsplass: ingen registreringar. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert.	Plassering av fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	
Teknisk infrastruktur	Ligg i hovudsak i raud sektor frå lykta Stokkbleikjene i nord. Innspelet ligg i/ved bileia Stokksund-Nyleia. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Det er etablert anlegg i området, og innspelet gir grunnlag for større anlegg. Sjøstrekket har mykje trafikk. Innspelsarealet går noko lenger inn i farleiaarealet enn avgrensinga i dagens kommuneplan. Plassering av anlegg og fortøyingar må vurderast i samband med akvakultursøknad.	0/-1
Nærmiljø og stadutvikling	Dei nærmaste areala på landsida er LNF-føremål og det er etablert nokre få bustader/fritidsbustader her. Det er noko busetnad i Sætravika og i Sagvåg på Stord med innsyn til innspelet. Innspelet går ikkje inntil land.	Innspelet gir grunnlag for eit noko utvida akvakulturføremål som vert tilnærma likt eksponert mot busetnad som i dagens kommuneplan. Avstand til næraste fritidsbusetnad er på det minste om lag 1,3 km, der det er om lag 3 km til bustad i Stord kommune. Det er etablert anlegg her i dag, og innspelet vil ikkje medføre auke i støy/skjemmande aktivitet.	0/-1
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for fleksibilitet med omsyn til etablert lokalitet på eksisterande akvakulturføremål, samt framtidige endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet. Ev. endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.		+1
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet vil leggja til rette for akvakulturnæringa i området, noko som kan vera positivt for næringsliv og sysselsetting, og såleis samfunnsnyttig. Dette må vurderast opp mot dei negative miljøkonsekvensane som kan følgje av oppdrettsverksemd.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdsområde for skred.		
Ekstremvêr Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg på austsida av Bømlø, sør i Stokksund, som ikkje er eit særleg eksponert område. Kvart anlegg skal godkjennast med anleggssertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvêr er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Uluke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ved bileia Stokksund-Nyleia, og innspelsarealet går noko lenger inn i farleiaarealet enn avgrensing i dagens kommuneplan. Endringa i kommuneplanen er avgrensa ifht. dagens kommuneplan. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar. Det kan skje uhell mellom fritidsbåt og anlegget, samt uhell mellom brønnbåt og anlegget. Det er krav om merking av anlegget, samt at generelt fiske- og ferdselsforbod reduserer risikoen for ulykke. Båtførarar må vise aktsemd ved anle-		

	gget. Den viktigste føresegna i fartsforskriften er den generelle aktsomhetsnorma i § 2 (generell fartsbegrensning).		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet opnar for etablering av anlegg noko nærare eksisterande busetnad ifht. dagens kommuneplan, men endringa er vurdert å ha avgrensa verknad.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-1	-1	-1	0	0/-1	0/-1	0/-1	+1	x
Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir grunnlag for fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegget, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling. Det er få store negative konsekvensar av innspelet då innspelet er ei utviding av etablerte anlegg og akvakultur-føremål i kommuneplanen. ROS-analyse: ingen.								
Samla fagleg vurdering: Positiv tilråding								

5 Konsekvensutgreiing låssettingsplassar – innspel frå fiskarlaget

Låssettingsplassar vert nytta av lokale fiskarar og er ofte nytta gjennom generasjonar. Låssettingsplassar er etablert med grunnlag i naturgjevne føresetnader, gjerne i skjerna viker og vågar eller inne mellom holmar og skjær. Plassen må først og fremst gje tilstrekkeleg vern mot vêr, vind og straum. Det er nødvendig for å hindre tap av fangst ved dårleg vêr, skade og stress på fisken, og slitasje og øydelegging av utstyr. I tillegg er stabil gjennomstrøyming av friskt sjøvatn viktig. Temperaturtilhøva, salthaldigheita og oksygeninnhaldet i sjøen kan vere viktig. Det er også viktig at plassane er lokalisert i rimeleg nærleik til der fisken vert fanga.

Låssetting er ein fangstmetode der fisken levande vert halde i ei lukka not (lås) i sjøen for ein periode før levering. Dette betrar kvaliteten på fisken. Det kan variere kor lenge fisken står i lås, men det er over ein kortare periode på sommarhalvåret. Nota/låset er ikkje permanente tiltak, og vert fjerna når den ikkje er i bruk. Det er ikkje tiltak på sjøbotn utover ankringsfeste av nota.

Låssetting krev areal i vassoverflata, i vassøyla og på sjøbotnen: til sjølve nota/merden, til fortøyingar, til manøvrering av nota, og til området som er omfatta av haustings- og ferdsleforbodet som gjeld når låssettingsplassen er i bruk, jamfør havressurslova § 27 andre ledd: *«Det er forbode å hauste nærare enn 100 meter og å ferdast nærare enn 20 meter frå slepekast eller steng som er fortøydde i land eller oppankra på annan måte».*


Låssettingsplassar kan bandleggje og kreve areal på landsida, i form av fortøyingpunkt. Havressurslova § 27 første ledd gjev fiskarane rett til slik fortøying i samband med låssetting: *«Alle som haustar med not, har rett til å fortøye slepekast i land når det skjer i rimeleg avstand frå hus der det bur folk, eller hytte som er i bruk, og utan utilbørleg fortrengsle eller ulempe for andre.»*

I arealplanlegginga knytt til låssettingsplassar er det viktig å sjå arealbruken i sjø og på land i samanheng. Når det gjeld samlokalisering med andre arealformål, også på landsida, er det viktig å vere merksam på både at nye tiltak/aktivitetar på land kan verte til ulempe for fiskeria, og at låssettingsaktivitet kan kome i konflikt med eventuell ny bruk av landareala.


Det er behov for ope areal kring sjølve låset til å manøvrere nota på plass, men sjølve låset/nota er ikkje arealkrevjande utover fortøyingane og ankerfeste.

I konsekvensutgreiinga er innspelskarta synt med arealføremål i forslag til ny kommuneplan sendt til 1.gangshøyring som grunnkart. Innspelet om utvida eller nytt areal er synt med svart eller lyseblått omriss. Mørke blå farge i kommuneplankartet er areal avsett til fiskeføremål.

5.1.1 Innspel A, Barmahaugane, Straumfjorden

Storleik: ca. 66,5 daa						
Innspelet er ei utviding av låssetting (LÅS) i dagens KPA og Fiskeridirektoratet sin database. Arealet er i følgje Fiskarlaget svært viktig for låssettings-fiske etter makrell.						
Areal på landsida er avsett til LNF i dagens kommuneplan. Sjøområdet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag (NFFF).						
Det er registrert friluftsliv-område på vestsida av vågen (markaområde Hallaråker-fjella) og det er vilttrekk sør i innspelet (Hallerakersundet).						
Fagtema / Registreringar / Arealkonflikt						
Akvakultur	Fiskeplassar med aktive reiskap	Gyte-område	Ankrings-område/ riggplass/ opplag	Forslag marint verne-område	Marine naturtypar	Ferdsel på sjø
Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Ja
Samla verknad og vurdering		Utvida areal for låssetting er ikkje i direkte konflikt med kjente fagtema, utover hjortetrekk og låssettingsplassen strekk seg over heile Halleråkersundet. Dette er einaste ferdselsåra sjøvegen inn til Grunnavågen/Straumfjorden. Arealføremålet vil gi grunnlag for å stenge tilkomst til Grunnavågen. Sjølv om dette vil vera for kortare periodar, vil ein tilrå å ikkje endre kommuneplanen i tråd med innspelet. Areal til låssetting bør ikkje setjast lengre ut i sundet enn i gjeldande kommuneplan.				
Tilråding		Positiv justert tilråding til areal aust i sundet. 				

5.1.2 Innspel B, Furuholmen, Straumfjorden

Storleik: ca. 14,5 daa						
Innspelet er nytt areal for låssetting. Arealet er ikkje kartfesta i Fiskeridirektoratet sin database. Arealet er i følge Fiskarlaget svært viktig for låssettings-fiske etter makrell.						
Areal på landsida er avsett til LNF i dagens kommuneplan. Sjøområdet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag (NFFF).						
Fagtema / Registreringar / Arealkonflikt						
Akvakultur	Fiskeplassar med aktive reiskap	Gyte-område	Ankrings-område/ riggplass/ opplag	Forslag marint verne-område	Marine naturtypar	Ferdsel på sjø
Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei
Samla verknad og vurdering		Nytt areal for låssetting er ikkje i direkte konflikt med kjente fagtema. Arealet ligg tett inntil land/øyar og stenger ikkje for ferdsel på sjø.				
Tilråding		Positiv tilråding				


5.1.3 Innspel C, Breivika, Straumfjorden

Storleik: ca. 15,5 daa Innspelet er nytt areal for låssetting. Arealet er ikkje kartfesta i Fiskeridirektoratet sin database. Arealet er i følgje Fiskarlaget svært viktig for låssettings-fiske etter makrell. Areal på landsida er avsett til LNF i dagens kommuneplan. Sjøområdet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag (NFFF).						
Fagtema / Registreringar / Arealkonflikt						
Akvakultur	Fiskeplassar med aktive reiskap	Gyte-område	Ankrings-område/ riggplass/ opplag	Forslag marint verne-område	Marine naturtypar	Ferdsel på sjø
Nei	Nei	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
Samla verknad og vurdering		Nytt areal for låssetting er ikkje i direkte konflikt med kjente fagtema, utover at det grensar til gyteområde i vest. Dette arealet er avsett til Fiske – gyteområde i dagens kommuneplan.				
Tilråding		Positiv tilråding				

5.1.4 Innspel D, Barmen

Storleik: ca. 53 daa						
Innspelet er nytt areal for låssetting. Arealet er ikkje kartfesta i Fiskeridirektoratet sin database. Arealet er i følgje Fiskarlaget svært viktig for låssettings-fiske etter makrell.						
Areal på landsida er avsett til LNF i dagens kommuneplan. Sjøområdet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag (NFFF).						
Fagtema / Registreringar / Arealkonflikt						
Akvakultur	Fiskeplassar med aktive reiskap	Gyte-område	Ankrings-område/ riggplass/ opplag	Forslag marint verne-område	Marine naturtypar	Ferdsel på sjø
Nei	Nei	Ja	Nei	Nei	Nei	Ja
Samla verknad og vurdering		Nytt areal for låssetting er ikkje i direkte konflikt med kjente fagtema, utover at det grenser til gyteområde i nordaust. Dette arealet er avsett til Fiske – gyteområde i dagens kommuneplan. Innspelet er delvis innanfor farleiareal og rødsektor frå fyrlykt. Arealet ligg tett inntil øyar og stenger ikkje for ferdsel på sjø.				
Tilråding		Positiv tilråding				

5.1.5 Innspel E, Sakseidvågen

Storleik: ca. 580 daa	
Innspelet er ei utviding av låssetting (LÅS) i dagens KPA og Fiskeridirektoratet sin database. Arealet er i følge Fiskarlaget svært viktig for låssettings-fiske etter makrell.	
Areal på landsida er avsett til LNF, fritidsføremål (detaljregulert), kombinert føremål i dagens kommuneplan. Sjøområdet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag (NFFF), fiske – gyteområde (GYO), akvakultur og småbåthamn.	

Fagtema / Registreringar / Arealkonflikt						
Akvakultur	Fiskeplassar med aktive reiskap	Gyte-område	Ankrings-område/ riggplass/ opplag	Forslag marint verne-område	Marine naturtypar	Ferdsl på sjø
Ja	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	Ja
Samla verknad og vurdering		Nytt areal for låssetting er i direkte konflikt med kjente fagtema. - Det er regulert for hyttefelt ved Markavegen nordaust for innspelet. - Det er avsett akvakulturføremål i KPA, men det er ikkje godkjent løyve innanfor arealet. Låssetting bør prioriterast før akvakultur. - Arealet overlappar med areal for småbåthamn ved Beitelsvika. Småbåthamna er ikkje realisert, og er i planvask vurdert vidareført pga. ingen direkte arealkonflikt. Låssetting bør prioriterast før småbåthamn i området. - Arealet overlappar med fiskeområde for aktive reiskap (notfiske sei og makrell) og passive reiskap (garn og harp). - Innspelet dekkar heile Sakseidvågen. Låssetting kan stenge for ferdsel på sjø.				
Tilråding		Det er stort areal som er spelt inn og det er arealkonfliktar. Føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag opnar for m.a. fiske og dermed også låssetting. Ein tilrår difor ikkje innspelet.				
		Ein tilrår samstundes at akvakulturføremål og småbåthamn til bruk og vern av sjø og vassdrag.				

5.1.6 Innspel H, Trøytarosen/Kuleseid

Storleik: ca. 36 daa	
----------------------	--

Innspelet er ei utviding av låssetting (LÅS) i dagens KPA og Fiskeridirektoratet sin database. Arealet er i følge Fiskarlaget svært viktig for låssettings-fiske etter makrell.

Areal på landsida er avsett til LNF i dagens kommuneplan. Sjøområdet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag (NFFF).




Fagtema / Registreringar / Arealkonflikt

Akvakultur	Fiskeplassar med aktive reiskap	Gyte-område	Ankrings-område/ riggplass/ opplag	Forslag marint verne-område	Marine naturtypar	Ferdsel på sjø
Nei	Ja	Ja	Nei	Nei	Nei	Nei
Samla verknad og vurdering		Nytt areal for låssetting er ikkje i direkte konflikt med kjente fagtema, utover at det overlappar delvis med fiskeplass for aktive reiskap (notfiske sei og makrell) og passive reiskap (garn og dorg/harp/snik). Arealet ligg relativt tett inntil land og stenger ikkje for ferdsel på sjø. Det vil i avgrensa grad hindre fiske med aktive/passive reiskap.				
Tilråding		Positiv tilråding				


5.1.7 Innspel G, Håvikvika

Storleik: ca. 150 daa						
Innspelet er ei utviding av låssetting (LÅS) i dagens KPA og Fiskeridirektoratet sin database. Arealet er i følgje Fiskarlaget svært viktig for låssettings-fiske etter makrell.						
Areal på landsida er avsett til LNF i dagens kommuneplan. Sjøområdet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag (NFFF).						
Store deler av området i sjø er registrert som friluftsliv-område (Kanalane og sjøareal i nærleiken).						
Fagtema / Registreringar / Arealkonflikt						
Akvakultur	Fiskeplassar med aktive reiskap	Gyte-område	Ankrings-område/ riggplass/ opplag	Forslag marint verne-område	Marine naturtypar	Ferdsl på sjø
Nei	Ja	Nei	Ja	Nei	Nei	Ja
Samla verknad og vurdering		Utvida areal for låssetting er i direkte konflikt med kjente fagtema; fiskeplass for aktive reiskap (notfiske etter makrell og sei), fiskeplass for passive reiskap (garn og dorg/harp/snik) og friluftslivområde i sjø. Arealet strekk seg ikkje over heile sundet i retning Børøya i vest, og det vil vera passasje inn til Finnåsvika. Det er ankring- og opplagsområde sør for innspelet. Det er ikkje konflikt med desse.				
Tilråding		Positiv tilråding				

5.1.8 Innspel F, Aga

Storleik: ca. 865 daa						
Innspelet er ei utviding av fleire mindre låssetting (LÅS) i dagens KPA og Fiskeridirektoratet sin database.						
Arealet er i følge Fiskarlaget svært viktig for låssettings-fiske etter makrell.						
Areal på landsida er avsett til LNF, næring ved Langøya i sør, samt naust/småbåtanlegg ved Rutlaholmen i dagens kommuneplan. På Aga er det ein reguleringsplan for hytter, naust og småbåtanlegg mm.. Sjøområdet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag (NFFF).						
Fagtema / Registreringar / Arealkonflikt						
Akvakultur	Fiskeplassar med aktive reiskap	Gyte-område	Ankrings-område/ riggplass/ opplag	Forslag marint verne-område	Marine naturtypar	Ferdsel på sjø
Ja	Nei	Nei	Nei	Nei	Nei	Ja
Samla verknad og vurdering		Utvida areal for låssetting er ikkje i direkte konflikt med kjente fagtema. Det er godkjent lokalitet for akvakultur Klubbeosen (bløtdyr, krepsdyr, pigghuder). Godkjent areal ligg mellom Monsvikholmane og Bergjaholmen. Det er byggeområde på landsida der det potensielt kan oppstå arealkonflikt dei få og kortvarige periodane fisk står i lås. Arealføremålet vil gi grunnlag for å stenge ferdsel i sundet. Sjølv om dette vil vera for kortare periodar, vil ein tilrå å ikkje endre kommuneplanen i tråd med innspelet.				
Tilråding		Det er stort areal som er spelt inn og det er arealkonfliktar. Føremålet bruk og vern av sjø og vassdrag opnar for m.a. fiske og dermed også låssetting. Ein tilrår difor ikkje innspelet				

5.1.9 Innspel I, Vorlandsvågen


Storleik: ca. 260 daa						
Innspelet er ei utviding av låssetting (LÅS) i dagens KPA og Fiskeridirektoratet sin database. Arealet er i følge Fiskarlaget svært viktig for låssettings-fiske etter makrell.						
Areal på landsida yst i Vorlandsvågen er avsett til LNF i dagens kommuneplan. Inst i Vedvika er det eit Friområde (statleg sikra friområde). Det er reguleringsplan for bustad, kai/næring og naust, samt i KPA grøstruktur på land sørvest for Rundøya. Sjøområdet er avsett til bruk og vern av sjø og vassdrag (NFFF) og friluftsområde i sjø (KPA til 1.gangshøyring).						
Fagtema / Registreringar / Arealkonflikt						
Akvakultur	Fiskeplassar med aktive reiskap	Gyte-område	Ankrings-område/ riggplass/ opplag	Forslag marint verne-område	Marine naturtypar	Ferdsl på sjø
Nei	Ja	Nei	Nei	Nei	Ja	Ja
Samla verknad og vurdering		Nytt areal for låssetting er i direkte konflikt med kjente fagtema. - Det er regulert for bustadar etc. ved Hetlandstangen i søraust. I tillegg til grøstruktur i KPA. - Det er eit statleg sikra friluftsområde inst i Vedvika (badeplass) og friluftsføremål i sjø. - Arealet overlappar med fiskefelt for aktive reiskap (notfiske makrell) og passive reiskap (garn og dorg/harp/snik). - Arealet overlappar med marin naturtype Større kamskjelføre-komstar og skjelsandførekost. Naturtypane vert ikkje vesentleg påverka av låssetting. - Innspelet omfattar heile Vorlandsvågen. Låssetting kan stenge for ferdsel på sjø.				
Tilråding		Positiv tilråding for areal ytst i Vorlandsvågen, med føresegrar i KPA som sikrar fri ferdsel i sundet ved låssetting. Negativ tilråding lengst sør ved Hetlandstangen og arealet ved Vedvika friområde.				

6 Revidert konsekvensutgreiing og ROS-analyse av enkeltareal

Dette kapittelet inneheld konsekvensutgreiingar som er revidert etter førstegongs høyring av planframlegget.

6.1 Brandasund

6.1.1 Brandasund 2a og 2b, gnr/bnr 151/8, 16, 24, 25 – Strandpromenade (blågrøn struktur) og naust

Gjeldande arealbruk LNF Bruk og vern av sjø og vassdrag	Arealendring 
Planlagt arealbruk 2a: Strandpromenade (blågrøn struktur) 2b: Naust	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2a: 1,2 daa 2b: 1,9 daa
Skildring av området	Området ligg på Kvernanes på Vikøy, og innspelsområdet er ein del av vika Pollen. Området kring innspelet omfattar bustader, naust og småbåt-anlegg. Det er ønskeleg å vidareføra grønstruktur/strandpromenade i tilgrensande reguleringsplan i vest, og leggje til rette for naust i aust. Det er opparbeidd teknisk infrastruktur som vatn, avløp, straum og fiber i området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Veg og parkeringstilhøve knytt til naustområdet. Det er stor høgdeforskjell mellom naustinnspelet og Kvernanesvegen. Innspelet 2a overlappar med aktsemdområde for snøskred.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: Ikkje registrert innanfor innspelsareala. I området rundt er det registrert svartand (VU), stor-	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Deler av områda er i dag steinfylling på nedsida av veggen. Innspelet gir grunnlag for tiltak i sjøområdet.	1a: -1 1b: -2

	skarv (NT), stær (NT), skjoldblad (NT), trollnype (VU). Markslag: Lauvskog av høg bonitet. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: ikkje registrert.	Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivs-område innanfor, eller i nærleiken av innspela. Heile innspela ligg i 100-meters-beltet mot sjø. Den austlege delen av innspel 2a og heile innspel 2b er av SSB definert som potensielt tilgjengeleg strandsone. Hellingsgraden i innspela er stor (10-25 grader) og veldig stor (>25 grader).	Ingen kjende konsekvensar for kartfesta friluftsområde. Tilrettelegging for strandpromenade er positivt for allmenn tilgjenge til strandsona, men endra føremål til utbygging knytt til naust vil medføre auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsona i området.	1a: +1 1b: -2
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspela ligg innanfor landskaps-type Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap, og har verdi 4 - stor verdi. Innspela ligg innanfor området Fitjarøyane, som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Lyngheilandskap, maktsete og handel i leia. Innspela ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Areal er på nedsida av fylkesvegen, og er dels steinfylling knytt til veg. Det er dels bratt terreng mot sjø. Sjå 3D-kart over området: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i Fitjarøyane og KULA er sårbart for tett utbygging. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framståande stader i landskapet både på sjø og land. Tiltak som krev større terrenginngrep innanfor arealsone landskap og KULA er i utgangspunktet negativt. Det er avgrensa innsyn til områda då det er skjerma av nærliggande øyar. Området i og ved innspela framstår som inngrepsnært og nærområdet er mindre sårbart for inngrep. Innspela ligg i strandsona, og opnar for større terrenginngrep i sjø og på land, som vil gi negative landskapsmessige verknadar.	-2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte kulturminne innanfor innspela, men det er registrert nokre kulturminne nordvest for innspela. Det er ikkje registrert SEFRABYGG i nærleiken, eller innanfor innspela.	Innspela er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRABYGG-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark innanfor innspela, og det er ikkje registrert marine ressursar i tiliggjande sjøområde.	Ingen kjende konsekvensar.	0

Teknisk infrastruktur	Områda vest for innspela er tilrettelagt med vatn, avløp, straum og fiber. Etablering av veg like ved nausteigedomane gir relativt lett tilgjeing og moglegheit for avkøyrsløse på oppsida av innspelsområdet, men det er bratt terreng i området. Nærområdet er relativt godt tilrettelagt med teknisk infrastruktur.	0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg ikkje i nærleiken av definerte senter i kommunen. Tilgrensande reguleringsplan i vest regulerer mellom anna areal til bustad, naust og grøntstruktur. Naust og strandpromenade vil vera ei naturleg vidareføring av føremåla som ligg i tilgrensande reguleringsplan i nordvest.	+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspela, som t.d. myr eller større skogområde.	0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.	
Strandsone	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust og strandpromenade. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samløst og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Strandsonerettleiaren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Rettleiaren gir råd om at fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Innspela er såleis i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om naustområde, der tiltaka er lokalisert i tilknytning til eksisterande naust og kai.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande bustader og naust, og er ei naturleg vidareføring av dette området. Innspela er dels i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet 2a, strandpromenade, ligg innanfor aktsemdområde for snøskred. Føremålet opnar ikkje for varig eller lengre opphald.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg under marin grense. Lausmassane i området er registrert som bart fjell, stadvis tynt lausmassedekke.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsområde for flaum. Det er ingen bekkar innanfor innspelsområda.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Areal ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er etablert vegtilkomst, og vegen har greie siktilhøve på strekninga.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje kjente registreringar av forureina grunn i området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje høgspennlinjer tett på innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 11 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
2a: -1	2a: +1	-2/-3	0	0	0	+1	0	X
2b: -2	2b: -2							

Innspela ligg i tilknytning til utbyggingsområde, og vil såleis utgjera ei naturleg utviding av desse områda. Strandpromenade er positivt for allmenn tilgjenge til strandsona. Det er negative konsekvensar av innspela med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap, og dels kulturminne og kulturmiljø (KULA-område).


Innspela vert ikkje tilrådd med bakgrunn i at utbygging av naustområde vil medføre større terrenginngrep i urørt strandsone - eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området. Det ligg fleire naustområde på Vikøy der det er ledige tomter, som bør byggjast ut før ein vurderer å legge inn nye areal.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding innspel 2a og 2b

Politisk endring: Ta inn.

6.1.2 Brandasund 3, gnr./bnr. 152/1 – LNF-spreidd bustad

Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk LNF – spreidd bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 69 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på øya Selsøy, mellom fylkesvegen, Brandasundvegen, og Brandasund. Torgjo, som ligg sør for innspelet, med to faste busetnader og ein fritidsbustad er utan vegframføring til tunet. Forslagsstillar skriv at ved opning for bustadbygging i området vil veg kunna førast til tunet frå brufestet ved Brandasundbrua.

Aktuelle problemstillinger	Strandsone Innspelet grensar til LNFS-område i sør, som ligg tettare på tunet i Torgjo. Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling
-----------------------------------	--

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Sjøområdet ved Brandasund er registrert som funksjonsområde for svartand (VU) og svartbak. Arter: Makrellterne (EN), gråmåke (VU), heipiplerke og gråspett er registrert innanfor innspelet. Markslag: Open grunnlendt fastmark, lauvskog, innmarksbeite	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er ingen tiltak innanfor arealet i dag med unntak av høgspenlinje. Området framstår som naturområde med typisk lågt voksende kyst-vegetasjon. Området er ikkje kartlagt med omsyn til naturtypar, men har potensiale for kystlynghei i følgje rapport frå 2012. Deler av innspelet ligg i strandsona. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-2
Friluftsliv	Ikkje registrerte friluftslivområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Deler av innspelet ligg i 100-metersbeltet. Strandsona i området er i stor grad definert som potensielt tilgjengeleg (SSB), med relativt stor hellingsgrad, særleg tettast på sjøen.	Ingen kjende konsekvensar for kartfesta friluftsområde. Etablering av bustader i området vil medføre privatisering av strandsona, men det er ikkje kjend at området er brukt til friluftsliv i dag.	-1/-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område svært eksponert ytre slakt til småkupert kystslättelandskap. Innspelet ligg innanfor landskapstype Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap, og har verdi 4 -stor verdi (landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng). Deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Innspelet ligg innanfor området Fitjarøyane, som er eit kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA). Lyngheilandskap, maktsete og handel i leia. Innspelet ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan	Landskapet innanfor KULA-området Fitjarøyane er sårbart for tett utbygging. Fitjarøyane er sårbare for gjengroing av lyngheilandskapet, og for nye bygningsstrukturar på visuelt framstående stader i landskapet både på sjø og land. Plasseringa innanfor arealsone landskap og KULA gjer at ein skal vera varsam med plassering av nye tiltak i området, og tilpassa desse mellom anna til landskapet. Deler av areala mot sjø og dei høgaste toppane er eksponert, elles er store deler innpå land skjerma av kupert terreng. Innspelet er spreidd bustadbygging som såleis gir eit	-2/-3

	for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Området ligg aust for Brandasund og er utan tekniske inngrep med unntak av høgspenlinje. Områda langs fylkesvegen framstår som spreidd utbygd. Området er typisk kystlandskap med kupert terreng. Høgaste punktet i området er i overkant av 40 m.o.h. Sjå 3D-kart: https://3dx.kommunekart.com/	avgrensa omfang av tiltak og inngrep. Innspelsområdet er naturområde der deler vil vera sårbart for inngrep.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. Det er fleire kulturminne og SEFRAK-bygg i områda kring innspelet, inkludert i sjølve Brandasund, på vestsida av vågen. Brandasund, som ligg på andre sida av Brandasund-vågen er omfatta av omsynssone bevaring kulturmiljø i gjeldande kommuneplan.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med kjende kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg. Innspelet er spreidd bustadbygging som såleis gir eit avgrensa omfang av tiltak og inngrep. Deler av areala er eksponerte og vil ha ein visuell negativ verknad for kulturmiljøet i Brandasund.	-2
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet overlappar med om lag 4 daa innmarksbeite	Oppføring av bustader innanfor innmarksbeitet vil medføre tap av dyrka mark.	-1/-2
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje vegframføring inn i området i dag. Utbygging i området vil krevje relativt store terrenginngrep, mellom anna knytt til vegframføring.		-2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje tett på etablerte eller registrerte senter i kommunen. Innspelet vil ikkje bygga opp under etablerte senter i kommunen, og det er relativt lang veg til skular og barnehagar. Innspelet vil bygge opp under staden Brandasund.		-1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspelet, som t.d. myr eller større skogområde.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Innspelet ligg dels innanfor 100-metersbeltet, og legg til rette for spreidd bustadbygging. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Strandsonerettleiaren for Vestland fylke peikar på at for nye tiltak innanfor LNF-spreidd føremål må prinsipp frå SPR for plassering av tiltak og areal leggst til grunn. Innspelet er til dels i samsvar med SRP og rettleiaren då den legg til rette for spreidd bustadbygging der det i nærområdet er spreidd utbygging. Utbyggingsføremålet er trekt noko frå sjø.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg relativt usentralt plassert i eit område der det ikkje er vegframføring i dag. Fylkesvegen ligg likevel tett på området, så det er relativt kort til veg. Innspelet gir likevel grunnlag for spreidd utbygging i kommunen.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. Verdiar/samfunn
	Deler av innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. Verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert bekker eller elver innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. Verdiar/samfunn
	Deler av innspelet ligg i strandsona, men terrenget stig bratt opp frå sjøen, og området vil ikkje vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. Verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegtilkomst til området i dag. Ei utbygging med nokre bustader innanfor området vil truleg ikkje utgjere ei vesentleg endring i trafikksituasjonen eller trafikktryggleiken i området		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. Verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. Verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar så vidt med/grensar til gul støysone frå Brandasundvegen Innspelet vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemdar eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. Verdiar/samfunn
	Det går ei høgspennlinje gjennom innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg om lag 12,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-1/-2	-2/-3	-2	-1/-2	-2	-1	0	x


Innspelet gir grunnlag for spreidd busetnad i Brandasund, men medfører negative konsekvensar for fleire av temaa i konsekvensutgreiinga. Området er ikkje naturtypekartlagt, men er vist med den utvalde naturtypen kystlynghei i kartleggingsrapport frå 2012. Det er fleire LNF-spreidd- og bustadområde i nærleiken, og det er såleis ikkje vurdert at det er behov for meir areal til bustader i området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stråling frå høgspenn

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

6.2 Goddo

6.2.1 Goddo 2, gnr/bnr 64/1 – Fritidsbusetnad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bustad	Arealendring 
Planlagt arealbruk Fritidsbusetnad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 30 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på austsida av Goddo, nordvest for Kruneneset, sørvest for Krunenesvik. Området er avsett til bustad, med krav om reguleringsplan. Det ligg nokre bustader på Krunenes, på nedsida av Goddevegen. Elles er det lite busetnad i nærområdet. Det ligg ein reguleringsplan for fritidsbustader 2-300 meter lenger nord (Klungervika, Goddo) frå 2019. Innspelet strekk seg frå Goddevegen i aust.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering for bustadareal i området.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: Ikkje registrert. Markslag: Open grunnlendt fastmark, barskog. I rapporten Kartlegging av kystlynghei i Hordaland frå 2012 er området vist som Lynghei i attgroing. Det er ikkje gjennomført naturtypekartlegging (NiN) i området, og verdien på lyngheia i området er uvisst.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er registrert kystlynghei i området, som er ein utvald naturtype. Området er relativt stort, og urørt i dag.	-2
Friluftsliv	Innspelet ligg innanfor det svært viktige friluftslivområdet Goddo. Dette er skildra som eit ope turterreng med store variasjonar i landskapet, og merka stiar. Det er markert ein sti som går gjennom innspelet på kartet.	Etablering av fritidsbustadfelt i området vil redusera verdien på friluftslivområdet.	-2
Landskap	Innspelet er ein del av skjerma indre, slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Landskapstypen i området er i hovudsak småfjord- og storsundlandskap, med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal	Utbygging av fritidsbustader i området vil medføre terrenginngrep i eit område som er urørt i dag. Det er ingen andre tiltak i området.	-2

	samanheng. Den vestlege delen av innspelet er ein del av landskapstypen Kystheiene, med verdi 3 – middels verdi. Innspelet ligg i eit kupert kystlandskap. Terrenget stig opp til om lag 63 meter frå Goddevegen, som ligg på om lag 39 m.o.h. Det er lite andre tiltak i nærområdet til innspelet. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Området er registrert som open grunnlendt fastmark, med noko barskog av høg bonitet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert infrastruktur i området, og det er heller ingen andre tiltak på oppsida av vegen, som ein kan kopla seg til.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje i tilknytning til eller i nærleiken av etablerte senter i kommunen. Etablering av fritidsbustader i området vil kunna verka positivt for stadutvikling for Krunenes/Erevikområdet.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i strandsona.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med kommunale arealstrategiar.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdsområde for skred i området.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg over marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet er ikkje omfatta av fare- eller aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje verta påverka av stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje etablert vegtilkomst til området. Trafikktryggleik må avklarast i plan.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Områda tettast på Goddovegen overlappar med gul støysone.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ei høgspentlinje gjennom innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er på Svortland, om lag 6 km i luftlinje til innspelet.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-2	0	0	-1	0	0	X

Innspelet ligg i eit område utan tiltak i dag, og det er heller ikkje etablerte tiltak i tilgrensande område. Innspelet er i konflikt med eit svært viktig friluftslivområde, og ei utbygging vil ha negative konsekvensar med omsyn til naturmangfald, då det er eit relativt stort areal, med registrert kystlynghei.


I gjeldande plan er området sett av til bustad. Området er i dag ikkje utbygd. Ei eventuell vidareføring av dette bustadføremålet må sjåast i samanheng med overordna behov for bustadareal i kommunen, og plassering av bustadområde, til dømes i forhold til senterstruktur.

ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy, stråling frå høghspant

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

6.3 Rolfsnes

6.3.1 Rolfsnes 1b, gnr/bnr 76/2 - Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring
Planlagt arealbruk Bustader	
Arealstorleik planlagt arealbruk	2 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Rolfsnes, i eit område som består av spreidd busetnad og jordbruks-areal. Det er ikkje etablerte tiltak innanfor innspelet, som grensar til veg og bustad-område.
Aktuelle problemstillingar	Urørte naturområde Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: I området er det registrert storskarv (NT), gråmåke (VU), gjøk (NT) og svartbak. Markslag: open fastmark, med avgrensa areal med fulldyrka mark og skog (impediment).	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Mindre deler av innspelsarealet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Det er etablerte tiltak mellom arealet og sjø. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor, eller i nærleiken av innspelet. Mindre deler av innspelsarealet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Strandsone i området er i stor grad registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, pga. nærleik til bustadar.	Ingen kjende konsekvensar for friluftsliv. Mindre deler ligg i strandsone, men det er etablert tiltak mellom innspelsarealet og sjø.	0/-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Moderat bølgeeksponert småkupert kystlette. Innspelet ligg innanfor landskapsområde Rolvsnes, og er del av landskapstypen Kystheiene, med verdi 2 – vanleg forekomande landskap. Innspelet ligg i eit område med spreidd busetnad, og noko jordbrukslandskap. Terrenget i området er relativt kupert., og ei utbygging i området vil medføre vesentlege terrenginngrep. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspelet ligg i eit område med spreidd bustader. Ei utbygging i området vil medføre vesentlege terrenginngrep i eit kupert landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAX-bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	I hovudsak open fastmark, med avgrensa areal med fulldyrka mark (0,08 daa) og skog (impediment).	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje etablert infrastruktur i områda. Det er tilgrensande bustadområde som ein truleg kan kopla seg til.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknytning til spreidd busetnad, og sentralt plassert på Rolvsnes. Næraste definerte lokalsenter i kommunen er Rubbestadneset, som ligg om lag 7 km frå innspela i luftlinje.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Berre ein avgrensa del av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er bustad. Det er etablert tiltak mellom innspelsarealet og sjø, og strandsone er klass-		

	ifisert som ikkje potensielt tilgjengeleg. Strandsoneretteleiar for Vestland peikar på at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggast i strandsona, men SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsoneretteleiar og SPR.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad-område, og bustad ved sjøen.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdsområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, og det er aktsemd kvikkleire. Registrert laus-massestype i området er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdsområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko knytt til stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegframføring til områda via Rolvsnesvegen. Veggen har fortau/GS-veg på deler av strekninga. Innspelet vil ikkje generere store trafikkmengder.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemd i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 8 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	0/-1	-2	0	0	+1	0	0	X


Det er nokre negative konsekvensar av innspelet, mellom anna for tema naturmangfald, friluftsliv og landskap. Terrenget innanfor innspelet er relativt kupert, og ei utbygging vil medføre vesentlege terrenginngrep.. Mindre deler av arealet ligg i 100-metersbeltet til sjø. Innspelet ligg tilknytt spreidd busetnad, men området ligg ikkje i tilknytning til definerte senterområde i kommunen, og det er ein del ledig bustadareal i området. På bakgrunn av dette vert innspelet negativt tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

Politisk endring: Ta inn.

6.3.2 Rolfsnes 2, gnr/bnr 76/131 – Naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk Naust	
Arealstorleik planlagt arealbruk	0,4 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Rolfsnes, mellom to større område for fritidsbustad. Inn-spelet var opphavelig vist som naust i kommuneplanen, mens området nord for innspelet var LNF. Området nord for innspelet vart seinare omdisponert, først til naust, og seinare til fritid, mens innspelet vart ved rulleringa av kommuneplanen i 2013 tilbakeført til LNF. Området er ferdig planert.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: Ikkje registrert. Markslag: Open fastmark, sjø.	Tiltaket vil medføre arealbe- slag og nedbygging av eit om- råde som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1

	Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: ikkje registrert.	Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde i området, men like utanfor ligg det registrerte friluftslivsområdet Hisøy, svært viktig verdi, med ganske stor brukarfrekvens. Strandsona i området er registrert som ikkje potensielt tilgjengeleg, då det ligg fritidsbustader tett på, både i sør og i nord. Terrenget i bakkant av innspelet er svært bratt, og området er lite tilgjengeleg. Området har lite verdi som strandsona for allmenn bruk. Sjå også 3D-kart under tema landskap under. Området utanfor innspelet er omfatta av omsynssone friluftsliv i gjeldande kommuneplan (Hisøy).	Området ligg inneklemt mellom to større rorbuområde, som er bygd ut. Det er ein bratt skrent i bakkant av innspelet, og området er ferdig planert. Området har svært liten verdi for friluftsliv i dag, og ei endring av føremål frå LNF til naust vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for friluftsliv.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette (NiN). Landskapstypen i området er Indre øy-, holme- og skjærgårdslandskap, med verdi 4 – stor verdi. Innspelet ligg midt i ei lengre rekke med fritidsbustader/rorbuer. Det er svært bratt i bakkant. Området er allereie planert. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging innanfor innspelet vil ikkje ha vesentlege landskapsverknader. Området er allereie planert, og det ligg i eit område som allereie er utbygd med rorbuer. Det vil krevja noko terrenginngrep å etablere tilkomstveg frå sør.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRSK-registrerte bygg innanfor innspelet. Området er ein del av registrert kulturminnerik strandsona.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert naturressursar eller marine ressursar innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg tett på etablerte rorbuområde i sør og nord, og det vil truleg vera enkelt å kople seg på etablert infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i eit etablert rorbuområde. Næraste senterområde er Rubbestadneset, som ligg om lag 8 km frå innspelet. Innspelet ligg til utbygd område, der det elles i frå før er etablert naust og andre tiltak. Innspelet vil vera ei naturleg vidareføring av føremåla, og det er i frå før etablert tiltak på aktuelle areal.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsona	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og		

	lokaliserast i tilknytning til annan busetnad. Strandsonerettleiaren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Rettleiaren gir råd om at fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren då naustarealet ligg tilknytt annan busetnad.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande tiltak, og er ei naturleg vidareføring av dette området. Det er i frå før etablert tiltak på aktuelle areal, og det vil vera betre å etablere naust her enn i ubygde område. Innspelet er dels i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense og det er synt aktsemd kvikkleire. Registrert lausmassestype i området er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ei utbygging i området vil ikkje medføre stor trafikkauke. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til trafikktryggleik i området, men tilkomstvegen manglar tilbod for mjuke trafikantar på deler av strekninga.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemdar i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje høgspentleidningar innanfor innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 9 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	0	+1	+1	0	x


Innspelet omfattar eit mindre areal som ligg inneklemt mellom to større rorbuområde som er ferdig utbygd.

Området har liten funksjon som «grøn lunge», eller som rekreasjonsområde, då det er ferdig planert, og lite tilgjengeleg, både pga terrenget i området, og tilgrensande rorbuer som ligg tett på. Det er heller ikkje vesentlege landskapsmessige konsekvensar ved å byggje ut dette området.

Det er etablert fritidsbustader, naust og kaiar/flytebrygger i området i frå før. Innspeletarealet er dels bygd ned i frå før, og slike område kan byggjast ut utan like negative konsekvensar som ved urørte område.


Innspelet er tilrådd positivt justert, slik at ein unngår terrenginngrep i skråning i bakkant.

ROS-analyse: Stormflo/havnivåstigning



Fagleg vurdering: Justert positiv tilråding

Politisk endring: Juster avgrensing i bakkant.



6.4 Rubbestadneset

6.4.1 Rubbestadneset 1, gnr./bnr. 79/9, LNF-spreidd bustad

Skildring av arealendringa:

Gjeldande arealbruk


LNF

Turistføremål med krav om reguleringsplan

Planlagt arealbruk

LNF-spreidd bustad

Arealendring



Arealstorleik planlagt arealbruk	9,3 daa
Skildring av området	Innspelet er ved Gjøsætre nord for Rubbestadneset på veg ut til Rolvsnes. Arealet er knytt til etablert busetnad og infrastruktur, ei blanding av einebustadar og fritidsbustadar. Arealet grenser til fritidsføremål i nord og turistføremål i aust.
Aktuelle problemstillingar	Endring frå turisme til spreidd bustadføremål som ikkje gir grunnlag for næringsverksemd, men fast busetjing. Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: Ikkje registrert. Markslag: lauvskog (impediment), fulldyrka jord, og ein mindre del bebygd og open jorddekt fastmark.	Det er allereie ein del etablerte tiltak i området, men ei ytterlegare utbygging vil medføre meir nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor, eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Beskytta indre småkupert kystslette. Området er registrert med verdi 3 – middels verdi. Innspelet ligg i all hovudsak innanfor landskapsområdet Rolvsnes, landskapstype Kystbygdene på Vestlandet. Verdi 2 – vanleg førekommande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg til Kvigetjørna. Terrenet er kupert. Sjå 3D kart her .	Det er etablert busetnad i området. Det er kupert terreng i området og deler av innspelet er mindre kollar og høgder. Utbygging i området vil likevel ikkje medføre silhuettverknad eller vesentleg fjernverknad pga. eksisterande tiltak og høgare terreng i bakkant av området.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Området er klassifisert som lauvskog (impediment) og fulldyrka jord.	Innspelet byggjer ned fulldyrka jord (om lag 2,3 daa).	-2/-3
Teknisk infrastruktur	Det er etablert tilkomstveg i området. Innspelet ligg tett på bygd område, og det er truleg enkel tilgang til annan infrastruktur i området. Det vil krevje lite for å etablere teknisk infrastruktur for spreidd bustad.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området, men relativt langt unna definerte sentrumsområde i kommunen. Innspelet vil ikkje vera med på å byggje opp under sentrumsområda i kommunen.		0
Karbonrike areal	Det er registrert spesielt karbonrike område innanfor innspela, fulldyrka jord.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Endring frå turisme til spreidd bustadføremål gir ikkje grunnlag for næringsverksemd, men fast busetjing.		0

Strandsone	Ikkje relevant.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med mål om å forhindre nedbygging av skog.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Registrert lausmassestype i området er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar med aktsemdområde for flaum sør for Gjøsætervegen.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området i dag. Tilkomstvegane har ikkje eit tilbod til mjuke trafikantar i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet. Det er private avløpsanlegg i området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet. Ikkje registrert støysone frå hovudveg inn på arealet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 6 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	-2/-3	+1	0	-1	0
Innspelet gir grunnlag for spreidd busetnad ved Gjøsæter. Ei endring av føremål vil medføre nedbygging av dyrka mark. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd. Området må sjåast i samanheng med overordna bustadbehov i kommunen og i delområdet.								
ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding								

6.4.2 Rubbestadneset 3b og 3c, gnr./bnr. 81/4, 5, 7, 27 - Naust og småbåtanlegg

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Bustad Friluftsområde i sjø	Arealendring
Planlagt arealbruk 3b: Naust 3c: Småbåtanlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	3b: om lag 2,2 daa 3c: om lag 4,4 daa
Skildring av området	Areala er lokalisert inst i Søre Stongarvåg i tilknytning til område avsett til framtidig bustadføre mål. I dag er områda utan tiltak med unntak av sti/traktorveg vest for innspela på vestsida av vågen, og fylkesveg på austsida av vågen.
Aktuelle problemstillingar	Omdisponering av utbyggingsføre mål. Tilrettelegging for friluftsliv og folkehelse. Djupneforhold for småbåtanlegg. Overordna behovsvurdering for naust og småbåtanlegg.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: Ikkje registrert innanfor innspelet, men i området rundt er det registrert svartand (VU), stor-skarv (NT), gjøk (NT), stær (NT). Markslag: skog. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: ikkje registrert.	Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er fleire raudlista fugle-artar i området. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspelet opnar for nye tiltak i sjø med småbåtanlegg.

-2

Friluftsliv	Innspela overlappar med registrert friluftsområde Stongarvågen/Steinfjellet. Dette er klassifisert som eit viktig område med lett turterreng med delvis grusa sti. Innspela ligg i strandsona og heilt til sjøkanten. Arealet er definert som potensielt tilgjengeleg strandsona. Det er ikkje spesielt bratt terreng i og kring innspela, som er tilgjengelege frå sjøsida.	Innspela er i arealkonflikt med friluftregistreringar. Endra føremål til utbygging knytt til naust og småbåtanlegg vil medføre auka grad av arealbeslag og privatisering av urørt strandsona i området.	-2
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Beskytta indre småkupert kystslette. Områda er registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Innspela ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsonoplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Det er ein del utbygging i dei austlege delane av Stongarvågen, men mindre i dei vestlege delane av vågen. Sjå 3D kart her.	Landskapet ligg i urørt strandsona. Strandsona er sårbar for tett utbygging. Det er ingen permanente inngrep i området i frå før, og det er innsyn til området i frå busetnaden lenger aust. Etablering av naust og småbåtanlegg vil gi nærverknadar for landskap, grunna nye tiltak i sjø.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av areala. Areal ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsona.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Områda er klassifisert som barskog med høg bonitet og jorddekt. Ikkje registrert fiskeriinteresser ved innspela.	Innspela i vest fjernar grunnlaget for skogsdrift, men det er snakk om mindre arealbeslag.	0
Teknisk infrastruktur	Areal ligg i ubygde område som er avsett til bustadføremål i KP2013. Det er naturleg at innspela vert regulert saman med tilgrensande bustadområde. Isolert vil innspela ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur, men det kan sjå ut som sjøområdet inst i vågen er relativt grunt og det kan såleis vera utfordrande å få etablert anlegg i sjø her.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg tett på annan busetnad i området og areal regulert til framtidig bustad og ny fylkesvegtrase. Innspela ligg relativt sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen og vil vera med på å byggje opp under Rubbestadneset som eit av senterområda i kommunen. Vurderinga føreset realisering av bustadføremålet i området, og at naustområda vert opparbeidd med godt tilgjenge og fellesskapsløysingar.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielt karbonrike område innanfor innspela, som t.d. myr, men areala er skogkledd.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsona	Innspela ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust og småbåtanlegg. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjø i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Strandsonerettleiaren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og		

	fiskereiskap. Rettleiaren gir råd om at fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde.
	Innspele ligg i avsett, men ikkje utbygd, bustadføre mål. Ein må i tilfellet bustadføre-målet ikkje vert endra i ein miljørevisjon, legge til grunn at naustområda naturleg vert regulert saman med tilgrensande bustadområde.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande og framtidig bustadområde, sjølv om ein miljørevisjon av tilgrensande bustadføre mål til strandsona kan medføre endring av den opphavlege avgrensinga av arealføre målet. Innspele er ikkje i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg under marin grense, og det er aktsemd kvikkleire. Registrert lausmasse type er Bart fjell og Hav-, fjord- og strandavsetning, usamanhengende eller tynt dekke over berggrunnen.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdområde for flaum. Det er registrert bekkeløp i grensa til naustføremålet 3b.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Arealet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Vegtilkomst og trafikktryggleik i området må sjåast i samanheng med regulering av nytt bustadfelt.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet. Det er private avløpsanlegg i området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ingen høgspent i området.		
Innsatstid brann	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i overkant av 4,7 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-2	0	0	0	+1	-1	X
Innspele er positive med omsyn til nærleik til Rubbestadneset og planlagt framtidig bustadområde. Innspele har negative verknadar for naturmangfald, friluftsliv og landskap. Innspele ligg i strandsona, der ein skal vera restriktiv med etablering av nye tiltak. Innspele er dels i tråd med SPR og strandsonerettleiaren for Vestland fylke med omsyn til at det er snakk om fellesanlegg for naust og båtplassar. Innspelet ligg i urørt strandsone per i dag, og								

tiltaka utan tilgrensande bustadområde vil vera problematisk, då innspela ikkje ligg i tilknytning til eksisterande naustområde eller andre utbyggingsføremål.

Områda er avsett til utbyggingsføremål i KP2013. Dette er det lagt mindre vekt på i tilrådinga, fordi det er usikkerheit til om ein miljørevisjon knytt til strandsoneverdiar vil endra den opphavlege avgrensinga av arealføremålet. KU ovanfor syner at innspelet har ein del negative konsekvensar for strandsoneverdiar i dette området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Negativ tilråding innspel 3b og 3c.

Politisk endring: Ta inn. Naust tilhøyrande bustadområde som er vidareført etter planvask.

6.5 Svortland

6.5.1 Svortland 11, gnr./bnr. 109/5, Bustad

Skildring av arealendringa:

Gjeldande arealbruk KPA: LNF Rplan R-16: Friområde (park/turveg/leikeplass)	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bustad Innspelet sei at området er attraktivt for fleire aldersgrupper, men særleg for barnefamiljar. I nokre få minuttars gangavstand ligg barnehage, idretts- og symjeanlegg og skular. Det er gangavstand til sentrumskjernen, offentleg transport og daglegvare. Nærleik til Fet-løypa som er universelt utforma, gir dessutan gode høve til tur-, fritids- og helseaktivitet i naturen.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 12,3 daa
Skildring av området	Området ligg aust for Svortland sentrum og skule- og idrettsområde, samt vest for Hollundsdaalen. Det er etablerte bustadfelt i området areala grenser til i nord og vest.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: skog, myrområde i søraust	Tiltak vil medføre arealbeslag, og nedbygging av område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Innspelet er del av eit samanhengande skogområde, og eit myrområde, som kan vera	-1/-2


		viktige område for naturmangfold.	
Friluftsliv	Det er ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Området kan ha ein viktig funksjon som leikeområde for ungar som bur i bustadfeltet eller i nærleiken.	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Ei endring til bustadføremål vil medføre privatisering av eit område som dels kan vera tilgjengeleg for lek og rekreasjon i dag.	-1
Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette med tett busetnad. Området er registrert med verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet er i randssona av etablert bustadfelt. Terrenget er relativt flatt og består i stor grad av naturområde med mindre kollar og knausar. Sjå 3D kart her.	Det er etablert bustadar tett på innspelet. Terrenget er relativt flatt og der er ikkje fare for silhuettverknad av nye bygg. Det er mindre behov for terrenginngrep for å etablere byggeland. Arealet vil framstå som ein naturleg del av etablert bustadfelt. Områda nærmast som vert bygd på vert endra, men verknaden er avgrensa.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne eller sefrak bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsone	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med registrerte automatisk freda kulturminne eller bygningsmiljø.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ein mindre del registrert fulldyrka mark innanfor innspelet (0,1 daa). Det meste av arealet er registrert som barskog med høg bonitet.	Innspelet medfører noko omdisponering av registrert fulldyrka mark og skog.	-1
Teknisk infrastruktur	Arealet er ubyggd, men det grenser til bustadfelt med infrastruktur som nye tiltak truleg kan kople seg til. Det nye arealet vil ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur Innspelet ligg ikkje langt frå hovudveg med fortau/GS-veg og eksisterande busetnad. Det vil fremje gange/sykling i området.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området, grønt-/turområde og skule, idrett og barnehage. Innspelet ligg sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen, og innanfor 1km til matbutikk og skule. Innspelet til bustad vil vera med på å byggje opp under Svortland som sentrumsområde i kommunen.		+2
Karbonrike areal	Deler av innspelet er skog og myr, som har store karbonlager.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		x
Strandsone	Innspelet ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet.		

Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande bustadområde og Svortland sentrum. Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til bustader, nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum.
-----------------------------------	---

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Arealet ligg ikkje i strandsona		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er eige felt for mjuke trafikantar langs dei nærmaste vegane. Innspelet vil truleg medføre noko auka trafikk gjennom etablerte bustadfelt. Tilkomst og trafikktryggleik må avklarast i plan.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i nærleiken av næringsområde (i aust). Det er ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ingen høgspent innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, som ligg i underkant av 1 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	-1	-1	0	-1	+2	+2	-1	x
Innspelet er positivt med omsyn til nærleik til Svortland og nærleik til bustadfelt, skule, idrett og barnehage. Innspelet har negative verknadar for naturmangfald, landskap og naturressursar (skogbruk). Det lite ledig utbyggingsland til bustad i denne delen av Svortland. På bakgrunn av dette vert innspelet positivt justert til den vestlege delen av arealet, som ligg utanfor registrert myrområde. Det må utarbeidast reguleringsplan for området. ROS-analyse: Trafikktryggleik, støy								



Fagleg vurdering: Justert positiv tilråding, til området som ligg utanfor registrert myr.

6.5.2 Svortland 16, gnr./bnr. 89/6, 79, Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring
Planlagt arealbruk Bustad	
Innspelet sei at i samband med utbyggingsplanar for naboområdet på gnr. 89, bnr. 19 mfl. er det fremja ynskje om å legge litt om på tilkomstvegen gjennom gnr. 89, bnr. 6. Grunneigar av bnr. 6 og bnr.79 ynskjer då samstundes at delar av LNF-område vert omregulert til bustad for framtidig utbygging.	
Arealstorleik planlagt arealbruk	
Skildring av området	Om lag 9,1 dekar
Aktuelle problemstillingar	Arealet ligg like nordaust for Svortland sentrum langs Hollundsvegen. Storavatnet er aust for arealet. Det er ein del spreidd bustad, bustadfelt, gardsbruk og barnehage i nærområdet til innspelet. Området er i dag hovudsakleg ope jordbruksområde.
	Jordvern Sentrumsnært bustadområde Overordna behovsvurderingar og arealstrategiar knytt til bustad

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område	-1


	Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ikkje registrert Markslag: Innmarksbeite, fulldyrka mark, samt ein mindre del med skog og bebyggd i aust	som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg ikkje i strandsona.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Landskap	Arealet er klassifisert som beskytta indre småkupert kystslette med tettstad. Områda er registrert med verdi 3 – vanleg førekommande landskap i regional samanheng. Innspelet ligg utanfor registrert KULA og landskapssone i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Innspelet er ikkje i strandsona. Det er ein del bustadbygg langs Hollundsvegen nord og sør for innspelet. Landskapet er dels ope og består av bakkar og kollar med lite høg vegetasjon. Sjå 3D kart her .	Arealet ligg lavt i terrenget, her vil utbygging være synleg frå vegen og naboar i området men vil ikkje få silhuettverknad eller fjernverknad.	0/-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne og SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet ligg ikkje i kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse eller registrert kulturminnerik strandsona	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Områda er klassifisert som dyrka mark; - Innmarksbeite 5,5 daa - Fulldyrka mark 1,3 daa Innmarksareala grenser til teigar klassifisert som dyrka mark i nord.	Utbygging vil få negative konsekvensar for landbruksareala.	-2
Teknisk infrastruktur og klima/energi	Arealet er i hovudsak ubygd, men grenser til areal som er utbygd og avsett til noverande og framtidig bustad i kommuneplanen. Endring av føremål og dei nye areala vil ikkje krevje stort ifht. å etablere teknisk infrastruktur. Innspelet i aust ligg tett på fylkesveg med fortau/GS-veg og eksisterande busetnad. Det vil fremje gange/sykling i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg tett på annan busetnad i området og areal regulert til framtidig bustad. Nordaust for arealet er det etablert barnehage. Innspelet ligg sentralt plassert med omsyn til definerte sentrumsområde i kommunen, det er under 1 km til matbutikk og		+2

	skule. Innspelet vil vera med på å byggje opp under Svortland som eit av sentrumsområda i kommunen.	
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal (innmark og høgbonitet skog) innanfor innspelet.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.	0
Strandsone	Innspelet ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande bustadområde og Svortland sentrum. Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å sikre gode og attraktive areal til bustader, nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum. Det er ikkje i tråd med strategi kring sikre jordvern.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ein mindre del i nordvest ligg innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Arealet ligg ikkje i strandsona.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er etablert vegtilkomst fram til innspelet. Trafikktryggleik må vera tema i ein eventuell reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspelet. Ein større del i vest ligg i rød og gul støysone frå Hollundsvegen.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ingen høgspenn i området.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg under 1 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	0/-1	0	-2	+1	+2	-1	0
Det er to store bustadområde som ikkje er påbegynt nært opp til innspelet i tillegg til ein relativt ny vedtatt reguleringsplan. Det er også landbruksareal i området. Tilråd redusert område som opnar for 1-2 nye eigedommar ved vegen i sør. ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik, støy								



Fagleg vurdering: Justert til eit mindre areal i sør.

Politisk endring: Ta inn.

6.6 Meling

6.6.1 Meling 1b-1c, gnr/bnr 99/2, 26, 30 – Bustad

Skildring av arealendringa:

Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1b: 1,7 daa 1c: 3,9 daa

Skildring av området	Innspela ligg i tilknytning til eksisterande bustadområde ved Brekke. Innspel 1b og 1c er ikkje bygd ut.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: I området er det registrert gråmåke (VU), granmeis (VU), grønnefink (VU), gråspurv (NT), bergand (EN), svartand (VU), skjeand (VU), fiske-måke (VU), stær (NT) og taksvale (NT). Markslag: 1b: Innmarksbeite, overflatedyrka mark. 1c: skog.	Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er registrert fleire raudlista fugleartar i området rundt.	-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivområde innanfor innspela.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette. Innspela ligg innanfor landskapsområde Hallaråker, landskapstype Kystheiene. Verdi 3 – middels verdi Innspela ligg i eit område med spreidd busetnad. Landskapet er relativt flatt i området, men innspel 1b ligg på ein knaus i terrenget, og har relativ stor høgdeforskjell, frå 26 til 18 m.o.h. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging med nokre ekstra bustader i området vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap i området. For innspel 1b vil ei utbygging krevja relativt store terrenginngrep, då innspelet har relativt stor hellingsgrad.	1b: -2 1c: -1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-bygg innanfor innspela. Innspela ligg innanfor område definert som kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspel 1b overlappar med innmarksbeite og overflatedyrka mark. Innspel 1c overlappar med barskog av middels bonitet, grunnlendte forhold.	Innspel 1b: Utbygging vil medføre nedbygging av dyrka mark. Innspela ligg som ei vidareføring av allereie utbygde område, og vil såleis ikkje medføre fragmentering av større, samanhengande jordbruksområde. Innspel 1c: Utbygging vil medføre tap av potensiale i skogsdrift i området.	1b: -2 1c: -1
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i eit område med spreidd bustader, og det er truleg relativt enkelt å kopla seg til infrastruktur som allereie er etablert i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i eit område med spreidd busetnad. Det er om lag 2 km i luftlinje til Svortland sentrum. Innspela ligg i underkant av 1 km i luftlinje frå Meling skule.		+1


Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av dyrka mark og skog innanfor innspela.	-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.	X
Strandsone	Ikkje relevant.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på nye bustad-område i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra. Innspelet er ikkje i tråd med strategien om å sikre grønt – og landbruksområde mot vidare utbygging.	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdsområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspel 1b ligg under marin grense og det er synt aktsemd kvikkleire. Registrert lausmassestype er Hav-, fjord- og strandavsetning, usammenhengende eller tynt dekke over berggrunnen.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdsområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Ikkje relevant.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela vil ha tilkomst via Brekkevegen. Denne er smal, og det er ikkje etablert fortau i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspel 1a overlappar med gul støysone frå Brekkevegen. Bremnes Seashore sitt anlegg i Øklandsvågen ligg relativt tett på innspel 1b.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje høgspenteleidningar i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Svortland, om lag 2 km i luftlinje frå innspela.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	1c: -1 1b: -2	0	1b: -2 1c: -1	+1	+1	-1	X
Innspel 1b er i konflikt med innmarksbeite og overflatedyrka mark. Innspel 1b ligg i eit kupert terreng, der ei utbygging vil krevja relativt store terrenginngrep. På bakgrunn av dette er innspelet negativt tilrådd. Innspel 1c har nokre negative konsekvensar, men ingen som er vurdert å vera vesentlege. På bakgrunn av dette vert innspelet positivt tilrådd.								
ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy								
Fagleg vurdering innspel 1b: Negativ tilråding								
Fagleg vurdering innspel 1c: Positiv tilråding								

6.6.2 Meling 3, gnr/bnr 100/27 m.fl. – Naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Bruk og vern av sjø og vassdrag	Arealendring 
Planlagt arealbruk Naust	
Arealstorleik planlagt arealbruk	5,2 daa
Skildring av området	Innspelet ligg ved Brekkesjøen/Øyjordspollen, i tilknytning til eksisterande naustområde. Området er spelt inn av Bremnes Seashore, som eit alternativt naustområde å tilby som erstatning der verksemda overtek naustområde i området kring næringsverksemda ved Øklandsvågen.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er registrert heipiplerke like sør for innspelet. Ingen registreringar innanfor innspelet. Markslag: Open grunnlendt fastmark, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor innspelet. Det går ein sti gjennom området. Strandsone i området er registrert som potensielt tilgjengeleg, med varierende hellingsgrad, i hovudsak stor helling (10-25 grader)	Utbygging vil føre til meir privatisering av strandsone, og vil være i konflikt med stien i området.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystlettelandskap (NiN). Innspelet ligg innanfor landskapstypen Indre øy-, holme og skjærgårdslandskap, med verdi 3 – middels verdi.	Innspelet ligg relativt skjerma til, men vil være synleg frå bustadar, hytter, rorbuer og naust i nærleiken. Grunna dagens terreng vil bygging også kunne bli synleg frå naturområda rundt, spesielt bygging ute på nesa.	-2

	Innspelet ligg i strandsona, i eit relativt kupert terreng. Terrenget stig til om lag 9 m.o.h. innanfor innspelet. Det ligg eit naust innanfor innspelet i dag, elles er området ikkje utbygd. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsona.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert naturressursar innanfor innspelet, på land eller i sjø.	Ingen kjende konsekvensar	0
Teknisk infrastruktur	Området er ikkje utbygd, men det ligg eitt naust innanfor innspelet. Det vil truleg vera behov for å etablere veg og infrastruktur til området.		-1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet vil ikkje vera med på å bygge opp nærmiljø eller sentrum i kommunen		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet		0
Næringsliv og sysselsetting	Er ikkje direkte næring, men arealet er tenkt brukt som erstatning til nausteigarar som eig i Øklandsvågen der Bremnes Seashore ynskjer å kjøpe opp for mogleg utviding av drifta der.		+1
Strandsone	Strandsonerettileiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettileiaren.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Området vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegtilkomst til området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje medføre støy, og det er ikkje kjent at det er støyande verksemdar i nærleiken av innspelet.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennleidningar innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, i overkant av 2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-2	0	0	-1	0	0	+1

Det er eit bygg i området i dag, men elles er arealet ubygd. Det er sti til området. Det er mykje ledig naustareal i nærområdet, som bør byggjast ut før ein vurderer å legge inn eit stort nytt areal. Tilrådinga er negativ for området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

6.6.3 Meling 4a – 4b, gnr/bnr 101/41 – Naust og småbåtanlegg

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk 4a: Naust 4b: Småbåtanlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	4a: 0,2 daa 4b: 0,2 daa
Skildring av området	Innspelet ligg ved Karihavet, Meling. Det er etablert mindre tiltak innanfor innspela i dag, og arealet ligg til utbygd rorbu-område i vågen
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert.	Det er i frå før etablerte tiltak i området. Tiltaket vil medføre	-2

	Naturvern: Karihavet naturreservat ligg like nord for innspela. Dette er del av verneplan for sjøfugl. Vilt/funksjonsområde: Ingen innanfor innspela, men like i nærleiken ligg det funksjonsområde for tjeld og gråtrost. Artar: Det er registrert tjeld og fiske-måke like nord for innspela. Markslag: Open fastmark og sjø. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert.	ytterlegare arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Tiltak innanfor innspela vil medføre forstyrringar for registrert naturreservat og funksjonsområde for fugl i området. Det er nyleg tillate med fleire andre tiltak i same område. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivsinter-esser innanfor, eller tett på innspela. Strandsone innanfor innspela er registrert som potensielt tilgjengeleg, med i hovudsak 3-10 grader helling (SSB).	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Utvida utbyggingsføremål knytt til naust vil medføre ei auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsone i området.	-1
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Eksponert ytre slakt til småkupert kyst-slettelandskap med jordbruksdominans. Landskapstypen i området er Våg- og smalsundlandskap, med verdi 2 – vanleg førekommande landskap. Terrenget i området er småkupert. Det ser ut frå flyfoto som det er grunt i våg-en. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet i strandsone er sårbart for tett utbygging. Arealet ligg i ein liten og skjerma våg der det i frå før er inngrep. Nye tiltak vil vera god synleg og eksponert for dei nære områda. Fjernverknaden er noko avgrensa ettersom arealet ligg i ein våg.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK- bygg innanfor innspela. Innspela ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Ingen registreringar. Det er ikkje registrert marine ressursar i nærleiken av innspela.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Det er vegtilkomst. Tilgrensande område er utbygd med fritidsbustader, og det er truleg enkelt å kopla seg på desse.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i eit område med spreidd busetnad, landbrukseigedomar, samt naust og fritidsbygg. Det er om lag 2,5 km i luftlinje til Svortland, som er nærmaste senter. Innspelet vil vera ei naturleg vidareføring av føremåla i området, og det er i frå før etablert tiltak på aktuelle areal.		+1
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspela.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant då det vert vurdert naust og småbåtanlegg som arealføremål, og ikkje eit næringsføremål.		X
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust og småbåtanlegg. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samløst og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Strandsonerettleiaren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt		

	og fiskereiskap. Rettleiaren gir råd om at felles-anlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren.
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg tett på eksisterande naust, og er ei naturleg vidareføring av dette området. Det er i frå før etablert tiltak på aktuelle areal, og det vil vera betre å etablere naust her enn i ubygde område. Innspela er dels i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdsområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg under marin grense, og det er aktsemd kvikkleire. Registrert lausmasstype i området er Hav-, fjord- og strandavsetning, usamanhengande eller tynt dekke over berg-grunnen, men bilete syner fjell i dagen på aktuelt areal.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdsområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg til sjø og vil vera utsett for stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg i tilknytning til Strandavegen. Etablering av eitt naust vil ikkje medføre store endringar i trafikksituasjonen i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje medføre støy, og det er ikkje kjent at det er støyande verksemdar i nærleiken av innspelet.		
Stråling frå høgspenst	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenstlinjer innanfor eller i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er på Svortland, om lag 2,5 km frå innspela i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-1	-1	0	0	+1	+1	0	X


Det er etablert nokre mindre tiltak i området, samt tilkomstveg. Ei vidare utbygging i området vil medføre negative konsekvensar for fleire tema. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Negativ tilråding.

Politisk endring: Ta inn.

6.6.4 Meling 9, gnr/bnr 101/15 – Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	15,3 daa
Skildring av området	Innspelet er ei utviding sørover av eksisterande bustadfelt ved Melingsheio.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling.

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Innspelet overlappar med funksjonsområde for gråspett, rødstilk (NT), heipiplerke, grønnfink (VU) og vandrefalk. Artar: Ikkje registrert Markslag: Barskog, innmarksbeite, open fastmark, overflatedyrka jord, bebyggd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor innspelet	Ingen kjende konsekvensar for friluftsliv.	0
Landskap	Innspela ligg innanfor eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med jordbruksdominans (NiN). Innspelet ligg dels innanfor landskapstypen våg- og smalsundlandskap med verdi 2 – vanleg førekomande landskap, og dels innanfor landskapstypen Kystheiene, med verdi 3 – middels verdi. Innspelet ligg i tilknytning til eksisterande bustadområde. Terrenget er småkupert,	I område nord for innspelet er det regulert til bustad, det er bygd ein del her. Utbygging nord for vegen vil føre til ei ny eining på linje, og høgde, med eksisterande. Sørvest vil være meir eksponert i landskapet. Øst i innspelet er landskapet flatt og utbygging vil ikkje få	-1

	og består dels av skog, dels av jordbrukslandskap. Så 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	vesentlege landskapsmessige konsekvensar.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. Området er ein del av registrert kulturminnerik strandsone.	Tiltaka har ingen kjende konsekvens for registrerte kulturminneinteresser i området.	0/-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet overlappar med overflatedyrka jord, innmarksbeite og barskog av middels bonitet	Det vil være negative konsekvensar for innmarksbeite og dyrka jord ved utbygging av innspelet.	-2
Teknisk infrastruktur	Innspelet er ikkje utbygd, men ligg i tilknytning til eksisterande bustadfelt, og kan truleg relativt enkelt koplast på infrastruktur frå dette området.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknytning til eksisterande bustadfelt. Næraste senter er Svortland, som ligg i overkant av 2 km frå innspelet i luftlinje. Innspelet ligg i underkant av 1 km i luftlinje frå Meling skule.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av skog av middels bonitet, overflatedyrka mark og innmarksbeite innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		0
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på nye bustadområde i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra. Innspelet er ikkje i tråd med strategien om å sikre grønt – og landbruksområde mot vidare utbygging.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg dels under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje aktsemdområde for flaum innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Området er ikkje utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Trafikktryggleik må avklarast i samband med reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Deler av innspelet overlappar med gul støysone frå Melingsheio.		
Stråling frå høgspenning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ei høgspenninglinje gjennom innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0/-1	-2	+2	+1	-1	0

Det er registrert jordbruksareal, i form av innmarksbeite og overflatedyrka mark, innanfor innspelet. Ei endring av føremål vil såleis medføre nedbygging av dyrka mark. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspeint.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

6.6.5 Meling 11, gnr/bnr 101/14 – LNF-spreidd bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk LNF-spreidd bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	9,1 daa
Skildring av området	Innspele ligg i eit område med spreidd bustadbygging. Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspele.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling. Dyrka mark.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert innanfor innspelet. I nærleiken er det registrert funksjonsområde for tjeld (NT) og gråtrost.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.
		-1

	Artar: Ikkje registrert. Markslag: 11: Innmarksbeite, fulldyrka mark, bebygd, open fastmark.		
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Eksponert ytre slakt til småkupert kystslette-landskap med jordbruksdominans. Landskapstypen i området er i hovudsak Våg- og smalsundlandskap, med verdi 2 – vanleg førekomande landskap. Ein mindre del av innspel 11 ligg innanfor landskapstypen Kystheiene, med verdi 3 – middels verdi. Terrenget i området er småkupert. Det er spreidde bustader og jordbrukslandskap i området kring innspela. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging i området vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet. Innspelet ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsonen.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet 11 består i hovudsak av innmarksbeite, men òg noko fulldyrka mark.	Utbygging vil medføre nedbygging av jordbruksareal.	-2
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje tiltak innanfor innspelet i dag, men ligg i tilknytning til eksisterande bustader, og det er truleg relativt enkelt å kople til infrastruktur.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknytning til eksisterande bustader. Næraste senter er Svortland, som ligg i overkant av 2 km frå innspelet i luftlinje.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av innmarksbeite og dyrka mark innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Ikkje relevant.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære bustad-, nærings- og friluftsområde, bustad- og næringsutvikling ved sjøen.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fare- eller aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Registrert lausmassestype i området er Hav-, fjord- og strandavsetning, usamanhengande eller tynt dekke over berggrunnen.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar med aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje vera utsett for risiko for stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til området, og Hiskavegen har fortau.		

Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet vil ikkje medføre støy, og det er ikkje kjent at det er støyande verksemdar i nærleiken av innspelet.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenteleidningar innanfor eller tett på innspelet.		
Innsattid brann	Næraste brannstasjon er på Svortland, om lag 2,5 km i luftlinje frå innspelet.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	0	-2	+1	+1	-1	x
Det er registrert jordbruksareal, i hovudsak i form av innmarksbeite innanfor innspelet. Ei endring av føremål vil såleis medføre nedbygging av dyrka mark. På bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd. Området må sjåast i samanheng med overordna bustadbehov i kommunen og i delområdet.								
ROS-analyse: Kvikkleire, flaum								
Fagleg vurdering: Negativ tilråding.								
Politisk endring: Ta inn.								

6.6.6 Meling 5a-5c, gnr/bnr 103/1 og Meling 6 (gnr/bnr 103/98) – LNF, LNF-spreidd, bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 5a: LNF-spreidd bustad 5c: LNF- spreidd bustad og VA 5b og 6: LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk 5a: LNF 5b: LNF-spreidd bustad 5c: Bustad 6: LNF-spreidd bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	5a (LNF): 9,4 daa

	5b (LNF-spreidd): 4,7 daa 5c (bustad): 4,4 daa 6 (LNF-spreidd): 1,6 daa
Skildring av området	Innspela ligg på Nesse, med tilkomst via Nesosvegen. Det er spreidde bustader i området, og landbrukseigedomar. Innanfor innspel 5a og 5c er det ikkje etablerte tiltak i dag, mens innspela 5b og 6 er bebygd med einebustader.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling VA-føremål

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Det er registrert fleire funksjonsområde i områda sør for innspela; for hønsehauk (VU), rosenfink (NT), gråspett, fiskemåke (VU), tjeld (NT), storspove (EN), stær (NT), gråtrost, gråmåke (VU), bjørkefink Arter: Det er registrert villeple (VU) innanfor innspel 5c. Det er registrert fleire fugleartar i områda like sør for innspela (sjå funksjonsområde over) Markslag: 5a: Barskog (høg bonitet), fulldyrka jord, open fastmark, innmarksbeite. 5b: Uproduktiv lauvskog, bebygd, fulldyrka jord. 5c: Innmarksbeite, bebygd. 6: Bebygd, open fastmark.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for natur-mangfald lokalt. Innspel 5b er allereie dels utbygd, og innspel 6 er utbygd. Ei føremålsendring vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for naturmangfald.	5a: +2 5b: 0 5c: -1 6: 0
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor innspela. Innspela ligg ikkje innanfor 100-metersbeltet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Landskap	Innspela ligg innanfor landskapsområdet Svært eksponert ytre slakt til småkupert kystsekklandskap (NiN). Innspela ligg innanfor landskapstypen våg- og smalsundlandskap med verdi 2 – vanleg førekommande landskap. Terrenget i området er relativt flatt, og innspela ligg i eit område med spreidd busetnad kombinert med jordbruksareal. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspel 5b og 6 er allereie utbygd, og ei endring av føremål vil ikkje medføre endringar i konsekvens for landskap. Ei utbygging i område 5c med nokre få einingar vil ikkje medføre vesentlege negative verknader for landskap. Ei endring til LNF-føremål for innspel 5a vil ha positive konsekvensar for landskap.	5a: +2 5b: 0 5c: -1 6: 0
Kulturminne og kulturmiljø	Det ligg eit automatisk freda kulturminne like vest for Nesosvegen, tilgrensande innspel 5c. Det ligg eit automatisk freda kulturminne like sør for innspel 5b. Det er ikkje sefrak-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspela. Områda er del av registrert kulturminnerik strandsone.	Innspela 5b og 5c ligg tett på registrerte automatisk freda kulturminne. Det er ikkje direkte påverknad, men ei utbygging kan medføre negativ påverknad for innspela.	5a: 0 5b: -2 5c: -1 6: 0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert dyrka mark innanfor innspel 5a (fulldyrka og innmarksbeite), 5b (innmarksbeite og fulldyrka mark) og 5c (innmarksbeite).	For innspel 5a vil ei endring til LNF-føremål vera positivt med omsyn til naturressursar.	5a: +3 5b: -1 5c: -2 6: 0

		For innspel 5b vil ei endring til LNFS dels vera negativt med omsyn til naturressursar For innspel 5c vil ei endring til bustadføremål vera negativt med omsyn til naturressursar. Det andre innspelet er i stor grad utbygd, og har ingen registreringar knytt til naturressursar.	
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i eit område med spreidde bustader, og det er truleg relativt enkelt å kopla seg til infrastruktur som allereie er etablert i området. NB! Innspel 5c overlappar med eksisterande VA-føremål. Det må avklarast om dette føremålet kan endrast.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i eit område med spreidd busetnad. Det er om lag 2,5 km i luftlinje til Svortland sentrum. Innspela ligg tett på Meling skule (om lag 1 km i luftlinje).		+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonsike areal i form av skog med høg bonitet og dyrka mark innanfor innspela 5a og 5c.		5a: +2 5b: 0 5c: -1 6: 0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er positivt med omsyn til å satse på nye bustadområde i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra. Innspelet er ikkje i tråd med føringar om å sikre grønt – og landbruksområde mot vidare utbygging.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Områda vil ikkje vera utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Deler av områda er utbygd, og endring av føremål vil ikkje medføre endringar i trafikktryggleik. Tilkomst er via Nesevegen og Nesosvegen. Vegane er smale, og det er ikkje etablert fortau i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela vil ikkje medføre støy, og det er ikkje kjent at det er støyande verksemdar i nærleiken av innspela.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspennleidningar innanfor eller i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2 km i luftlinje frå innspelet.		


Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysseissetting
5a: +2	0	5a: +2	5a: 0	5a: +3	+1	+2	5a: +2	x
5b: 0		5b: 0	5b: --2	5b: -1			5b: 0	
5c: -1		5c: -1	5c: -1	5c: -2			5c: -1	
6: 0		6: 0	6: 0	6: 0			6: 0	

Det er ingen vesentlege negative konsekvensar for registrerte tema og interesser. Det er registrert innmarksbeite innanfor innspel 5c, og ei utbygging her er negativt for naturressursar. Området er dels avsett til LNF-spreidd bustad i gjeldande kommuneplan, og ei eventuell utbygging i området skal tilpassast jordbruksinteresser. Deler av innspelet er VA-føremål i dag. Dette føremålet bør vidareførast, mellom anna på grunn av luktproblematikk.

Innspel 5a har utelukkande positive konsekvensar, og vert tilrådd.

Innspela 5b og 6 er dels utbygd. For innspel 6 vil ei endring til LNF-spreidd bustadføremål har lite negative konsekvensar, og vert tilrådd. For innspel 5b er det tilrådd ei justert positiv tilråding, til i hovudsak bebygd areal.



ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik


Fagleg vurdering 5a og 6: Positiv tilråding

Fagleg vurdering 5b: Justert positiv tilråding

Fagleg vurdering innspel 5c: Negativ tilråding, dvs vidareføring av LNF-S og VA.

6.7 Gilje

6.7.1 Gilje 6, 113/5 – Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 44 daa
Skildring av området	Innspelet ligg i tilknytning til bustadfeltet Buhamrane på Fylkesnes, og inneber ei utviding av dette bustadfeltet søraustover.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i delområda.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: Ikkje registrert. Markslag: Barskog, open fastmark, ferskvatn, innmarksbeite, overflatedyrka mark. Området er ikkje ein del av nyare NiN-kartlegging av naturtypar, men kan ha potensiale for kystlynghei.	Tiltaket vil medføre arealbe- slag, og nedbygging av eit om- råde som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Området er relativt stort, og urørt i dag.	-1/-2
Friluftsliv	Det er ingen registreringar knytt til fri-luftsliv innanfor, eller i nærleiken av inn-spelet.	Ingen kjende konsekvensar for registreringar, men området sin funksjon som nærtuområ-de forsvinn ved ei utbygging.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet er i hovudsak ein del av land-skapstypen Kystheiene, med landskaps-verdi 2 – vanleg	Innspelet ligg i eit relativt flatt kystslettelandskap, utan store høgdeforskjellar. Områda nord og vest for innspelet er i stor grad utbygd. Ei utbygging i om-rådet vil ikkje medføre vesent-	-1/-2

	førekomande landskap. Den vestlege delen er ein del av land-skapstypen Våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 – middels verdi. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	lege landskapsmessige konsekvensar.	
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller SEFRAX-bygg innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet overlappar 11,3 daa med regi-strert innmarksbeite, og 1,6 daa med overflatedyrka jord.	Ei utbygging i området vil medføre tap av dyrka mark.	-2
Teknisk infrastruktur	Det er ingen etablerte tiltak i innspelsområdet i dag, men det er etablerte bustadområde i tilgrensande område. Ny utbygging truleg kan kople seg til infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i overkant av 3 km frå kommunesenteret Svortland, og ligg mellom Svortland og lokalsenteret Finnås. Det er relativt kort veg til skule. Innspelet vil ikkje medverke til å byggje opp under sentera i kommunen. Det er etablerte bustadfelt tett på innspelet, og området vil såleis vera del av eit større bustadområde.		+1
Karbonrike areal	Det er noko karbonrike areal innanfor innspelet, barskog av middels bonitet og dyrka mark.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Ikkje relevant.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med strategien om nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra, strategien om å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging, eit strengt jordvern, strategien om å forhindre nedbygging av skog og strategien om å sikre grønt- og nærturområde.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdsområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Deler av innspelet ligg under marin grense, med aktsemd kvikkleire. Registrert laus-massetype er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor fareområde for flaum, men deler av innspelet ligg inn-anfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje etablert veg inn i området. Trafikktryggleik må vera tema i ein ev. regu-leringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemdar i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg tett på høgspentlinje i nordvest.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 3,2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	-1	-1/-2	0	-2	+1	+1	-1	X


Området er urørt i dag, og ei utbygging vil medføre negative konsekvensar for fleire tema, m.a. naturressursar. Området ligg i tilknytning til eksisterande bustadfelt. Innspelet ligg på Gilje, relativt usentralt plassert med omsyn på senterstruktur i kommunen, og er i konflikt med fleire av dei kommunale arealstrategiane. Innspelet ligg tett på Gilje skule, og vil vera med på å bygge opp under skulekrinsen. Det er generelt relativt god tilgang på ledig bustad-areal i området, på bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik, høgspent

Fagleg vurdering: Negativ tilråding.

Politisk endring: Ta inn.

6.7.2 Gilje 7a-7c, gnr/bnr 113/6 mfl. – Næring, naust

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk Næring, bustad, naust, FFNF (i sjø)	Arealendring 
Planlagt arealbruk Næring Naust	Kart over justert avgrensing av Næringsføremålet etter høyring:


Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspelet er ein del av landskapstypen Våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 – middels verdi. Innspelet ligg på Fylkesnes, i eit område med einebustader og fritidsbygg. Landskapet er relativt flatt i området, men kupert langs sjøen. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei utbygging i områda vil medføre terrenginngrep i eit kupert kystlandskap. Det er allereie etablert eit anlegg i området i dag, og området er såleis påverka av tiltak og næringsaktivitet.	-2/ -1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. Det ligg fleire sefrak-registrerte bygg (grå kategori – ruin eller fjerna bygning) innanfor innspel 7a, og 4 sefrak - registrerte bygg (ruin eller fjerna bygg) i vågen mellom innspel 7b og 7c.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Innspelet 7a overlappar litt med lauvskog av varierende bonitet. Det er ikkje registrert marine ressursar i sjøområda.	Utbygging av næringsområdet vil medføre tap av noko lauvskog i nord.	7a: 0/-1 7b- c: 0
Teknisk infrastruktur	Området innanfor innspel 7a er i stor grad opparbeidd, og det er etablert infrastruktur og vegtilkomst. Innspelet 7b og 7c ligg i nærleiken av område med etablerte tiltak, men har ikkje tilknytt infrastruktur og vegsamband.		7a: +2 7b- c: +1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i overkant av 3 km frå kommunesenteret Svortland, og ligg mellom Svortland og lokalsenteret Finnås. Innspelet vil ikkje medverke til å byggje opp under sentra i kommunen. Det er etablerte bustadområde og fritidsbustader i området.		0
Karbonrike areal	Det er registrert noko karbonrike areal innanfor innspel 7a (lauvskog av høg bonitet.)		7a: 0/-1 7b- c: 0
Næringsliv og sysselsetting	Ei utviding av næringsområdet vil vera positivt for næringsliv og sysselsetting i området. 7b-c er tenkt som kompensasjon for at næringa tar i bruk område sett av til naust i gjeldande plan.		7a: +2 7b- c: +1
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er næring og naust. Strandsonerettleiaren for Vestland seier at næringsområde med tilgang til sjø skal sikrast i kommunal planlegging og prioriterast for sjøretta næring. Rettleiaren peikar vidare på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger, naust og næringstiltak. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspelet 7c er i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om næring som er sjøretta, og området ligg i tilknytning til eksisterande busetnad. Det bør presiserast at næringar som skal etablerast i området må vera næringar som treng å liggja til sjø. Innspelet 7b og 7c er dels i tråd med strandsonerettleiaren, då føremålet er naust, men områda ligg ikkje i tilknytning til etablerte område.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære næringsområde, næringsutvikling ved sjøen, ha eigna område til næringsføremål i strandsona, og eigna sjøareal til marin næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg i strandsona, og er utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er etablert veg fram til næringsområdet og til naustområdet 7c. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til trafikktryggleik i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje kjent at det er spesielle støyande verksemdar i nærleiken av innspelet. Næringsverksemda innanfor innspelet kan potensielt medføre støy.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje høgspentlinjer tett på innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 3,2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Innspelet vurdering og innføring								
Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0/-1	-2/-1	0	0/-1	+2	0	0/-1	+2
-1				0	+1		0	+1
-2				0	+1		0	+1
Innspelet er ei utviding av eksisterande næringsområde og nye naustareal som kompensasjon for at utvidinga vil ta noko av det avsette naustområdet. Det er fleire tiltak i området kring innspelet, både bustadhus, naust og fritidsbustader. Ei utbygging i området vil vera negativt for mellom anna naturmangfald og landskapsomsyn. Dei positive verknadane er når det gjeld næringsliv og sysselsetting er relativt store. Innspelet om næring er næring, bustad, naust og LNF i dag, mens innspelet til naustareal er LNF i dag. Det er ledig naustareal i området i dag.								
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, støy								
Fagleg vurdering: Positiv for 7a med ønska justert avgrensing etter høyringa								
Fagleg vurdering: Negativ for utviding av naust								

6.7.3 Gilje 9 i og 9j, gnr/bnr 114/1 – Bustad

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Støysone skytebane (H220_1) Sikringssone nedslagsfelt drikkevatt – reservevasskjelde (H110_8)	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	9i: 3 daa 9j: 22,5 daa
Skildring av området	Innspela ligg på Gilje, langs Giljevegen, i eit område med spreidde bustader. Det er ingen tiltak innanfor innspela.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i delområda.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: Ikkje registrert. Markslag: I hovudsak skog.	Tiltaket vil medføre arealbe- slag, og nedbygging av eit om- råde som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte friluftsområde innanfor innspela.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Skjerm- et indre slakt til småkupert kystsletteland- skap (NiN). Innspela er ein del av landskapstypen Kyst- heiene, med landskapsverdi 2 – vanleg førekomande landskap. Terrenget er småkupert i området, og arealet er i hovudsak skogkledd. Nærom- rådet består av spreidd busetnad og land- bruksjord. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspela ligg i eit småkupert landskap, med spreidd buset- nad. Ei vidare utbygging i området vil ikkje ha vesent- lege negativt landskaps- messige konsekvensar.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kultur- miljø eller SEFRASK-registrerte bygg innan- for innspela.	Ingen kjende konsekvensar.	0

Naturressursar Landbruk Marine ressursar	9i: Barskog av høg bonitet 9j: I all hovudsak blandingsskog av middels bonitet. Mindre deler lauvskog, barskog, open fastmark, litt myr i vestlege delen.	Utbygging i områda vil medføre tap av skog med til dels høg bonitet.	-1/0
Teknisk infrastruktur	Områda er ikkje bygd ut i dag, og det må leggest til rette med vegtilkomst og infrastruktur. Det er spreidd busetnad kring innspela og det er såleis truleg tilgang på infrastruktur i området. Innspel 9j ligg dels innanfor Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn – reservevasskjelde (H110_8).		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg i eit område med spreidde bustader. Innspelet ligg relativt tett på barneskulen, men ikkje i tilknytning til eit av dei definerte sentera i kommunen. Innspel 9j ligg innanfor støysone frå skytebane.		0
Karbonrike areal	Innspel 9j overlappar litt i vest med myr. Det er elles registrert karbonrike areal i form av skog med høg bonitet og overflatedyrka mark.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Ikkje relevant.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med dei kommunale strategiane om å forhindre nedbygging av skog, og å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspel 10b ligg dels under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Lausmassane i området er registrert som Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspel 10b overlappar så vidt med aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela er ikkje utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Tilkomst til områda må etablerast via Giljevegen/Ådnanesvegen. Vegen er relativt smal, og det er ikkje etablert fortau i området. Trafikktryggleik må utgreiast i samband med reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg dels innanfor gul støysone frå Giljevegen, og innanfor støysone frå skytebane.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspentlinjer innanfor innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2,8 km frå innspela.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	0	-1/0	0	0	-1	X

Innspela er ikkje i vesentleg konflikt med registreringar i området. Innspela ligg dels innanfor støysone frå skytebanen. Områda er urørte i dag, og ligg relativt lite sentralt plassert med omsyn til senterstruktur i kommunen, i underkant av 3 km frå Svortland. Innspela vil vera positive med omsyn til å bygge opp under Gilje skulekrins. Bruken av områda til bustad må sjåast i forhold til overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i delområda. Det er generelt relativt god tilgang på ledig bustadareal i området, på bakgrunn av dette vert innspelet ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, støy, trafikktryggleik. Dels overlapp med sikringssone drikkevassskjelde

Fagleg vurdering: Negativ tilråding

6.7.4 Gilje 8a, b, gnr/bnr 113/11 mfl. – LNF spreidd, småbåtanlegg

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk LNF-spreidd bustad Småbåtanlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	8a: 29,3 daa (LNF-spreidd) 8b: 1,7 daa (småbåtanlegg)
Skildring av området	Innspelet ligg på Korsnes, på sørvestsida av Giljevatnet, nordaust for Korstjørna. Det ligg i dag ein bustader, fritidsbustader, garasje/uthus, drivhus og løe.
Aktuelle problemstillingar	Innspelet ligg dels i strandsona. Det er etablert ein kanal mellom Giljevatnet og sjøen. Giljevatnet vert rekna som sjøområde, og kjem såleis inn under strandsonavurderingar. Overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i delområda.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Det er registrert purpurlyng (NT) og solblom (EN) innanfor innspelet Markslag: Barskog, lauvskog, bebygd, open fastmark, overflatedyrka jord	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-2/-1
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor innspelet. Innspelet ligg dels i strandsona. Strandsona i området er i hovudsak registrert som ikkje tilgjengeleg i eit friluftslivperspektiv, pga nærleik til eksisterande busetnad.	Føremålsendring frå LNF til LNF-spreidd vil ikkje endre konsekvensen for friluftsliv vesentleg i området. Området er definert som inngrepsnært, med unntak av den sørvestlege delen av 100-metersbeltet.	-1
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN) Innspelet er ein del av landskapstypen Kystheiene, med landskapsverdi 2 – vanleg førekomande landskap. Området består av spreidd busetnad. Det er relativt flatt i området. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Det er allereie etablert ein del bustader i området. Terrenget er relativt flatt, og ei vidare utbygging i området treng ikkje medføre store terrenginngrep.	-2/-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. To av dei eksisterande bygningane i området er sefrak-registrerte (gul kategori). Dette gjeld ein driftsbygning frå 1900-talet første kvartal, og bustadhus frå 1900-talet, fjerde kvartal.	Ei utbygging med fleire bustader i området vil ikkje medføre vesentlege konsekvensar for sefrak-registrerte bygg i området.	0/-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Overflatedyrka jord Barskog og lauvskog av middels bonitet.	Innspelet overlappar med overflatedyrka jord.	-2
Teknisk infrastruktur	Området er allereie dels bygd ut. Dette betyr at det truleg er god tilgang på infrastruktur, og det er allereie etablert veg til området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i eit område med nokre spreidde bustader, men relativt usentralt plassert i forhold til senter i kommunen.		0
Karbonrike areal	Det er registrert noko karbonrike areal innanfor innspelet (overflatedyrka mark og skog av middels bonitet).		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast føre areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet er i samsvar med SPR og rettleiaren då den legg til rette for bustad der det i nærområdet er bustadfelt. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad, og at felles brygger og naust bør prioriterast.		

Samfunnsnytte og berekraft	Innspele ligg tett på eksisterande bustader, og er ei naturleg vidareføring av dette i området. Området ligg relativt langt frå senterfunksjonar.
-----------------------------------	---


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspele.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspele ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspele.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspele ligg i strandsona, og er utsett for stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er etablert veg fram til området. Tilkomstvegen, Korsnesvegen, er smal, og det er ikkje etablert fortau i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert særleg støyande verksemdar i nærleiken av områda, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspele.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje høgspentlinjer tett på innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 3,4 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2/-1	-1	-2/-1	0/-1	-2	+1	0	-1	x

Innspelet ligg i hovudsak i 100-metersbeltet mot sjø. Det er allereie etablert bygg relativt tett på sjøen/vatnet i området. Det bør ikkje tillatast nye bygg tettare på strandlinja enn eksisterande bygg; og heller ikkje på dyrka mark. Eit eventuelt småbåtanlegg i området må vera tilgjengeleg for alle einingane i området.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik



Fagleg vurdering:

8a: Justert tilråding til utanfor dyrka mark.

8b: Positiv tilråding til fellesanlegg til alle einingane i området.

6.7.5 Gilje 9a,-9h, gnr/bnr 114/1 – Diverse + 10a, gnr/bnr 114/4 – bustad

NB! Det er innspel 10a som er revidert, ikkje innspela 9a-9h.

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk 9a-9g: Reguleringsplan R – 147 (2010) Bustad Støysone frå skytebane 9h: Naust, LNF 10a: LNF, LNF-S, støysone frå skytebane	Arealendring
Planlagt arealbruk 9a: Friluftsområde 9b: Naust 9c: Friluftsområde 9d: Friluftsområde 9e: Naust 9f: Småbåtanlegg 9g: LNF spreidd busetnad 9h: Naust 10a: Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	9a: 0,9 daa (friluftsområde) 9b: 0,4 daa (naust) 9c: 0,4 daa (friluftsområde)

	9d: 0,1 daa (friluftsområde) 9e: 0,5 daa (naust) 9f: 1,2 daa (småbåtanlegg) 9g: 26,5 daa (LNF spreidd bustad) 9h: 1,4 daa (naust) 10a: 7,4 daa (bustad)
Skildring av området	Innspela ligg langs Giljevegen, i områda kring barneskulen. Fleire av innspela ligg i strandsona ned mot Giljevatnet. Det er spreidd busetnad i området. Det er ingen etablerte tiltak innanfor innspel 9a, 9b og 10a. Innanfor innspel 9c, d, e og f er det etablert naust med tilkomstveg og flytebrygge. På innspel 9g ligg det eit bustadhus, og innanfor innspel 9h ligg det to eksisterande naust. Innspela 9a – 9g er omfatta av reguleringsplan frå 2010. Denne planen vert oppheva i samband med revisjonen av kommuneplanen.
Aktuelle problemstillingar	Overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i delområda Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: Barskog, innmarksbeite, fulldyrka jord	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	-1/-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor innspela. Innspel 9a-h ligg heilt eller dels i strandsona. Den sjønære strandsona i området er i hovudsak registrert som potensielt tilgjengeleg, med varierende hellingsgrad.	Innspela i strandsona gir grunnlag for arealinngrep og endrar strandsona frå å vera eit naturområde til eit utbygd område	9a: 0 9b: -1 9c: 0 9d: 0 9e: -1 9f: -1 9g: -1/-2 9h: -1 10a: 0
Landskap	Innspela ligg innanfor landskapsområde Skjermet indre slakt til småkupert kystslette-landskap (NiN) Innspela er ein del av landskapstypen Kystheiene, med landskaps-verdi 2 – vanleg førekomande landskap. Terrenget er småkupert i området, og arealet er i hovudsak skogkledd. Nærområdet består av spreidd busetnad og landbruksjord. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Innspela 9a-9h ligg heilt eller dels i strandsona. Det er relativt kupert ved strandlinja i området og utbygging med fleire tiltak i området vil medføre relativt store terrenginngrep i dels urørt strandsona. Den nordlege delen av innspelet består av ein kolle, som strekk seg opp til om lag 40 m.o.h. Bustader i dette området vil anten medføre store terrenginngrep, eller at husa vert liggande svært eksponert i terrenget. Ei utbygging i område 10a vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap.	9a: 0 9b: -2 9c: 0 9d: 0 9e: -1/-2 9f: 0 9g: -2/-1 9h: -2/-1 10a: 0

Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspel 9a – 9f og innspel 10a. Det ligg eit automatisk freda kulturminne frå eldre jernalder i den nordaustlege delen av innspel 9g, som er så vidt innanfor innspels-grensa. Det ligg fleire sefrak-registrerte bygg i områda kring innspela. Dei to nausta som ligg innanfor innspel 9h er sefrak-registrert (gul kategori)	Innspel 9g overlappar så vidt med kulturminne, og innspel 9h har sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet. For dei andre innspela er det ingen kjende konsekvensar som kjende kulturminne.	9a: 0 9b: 0 9c: 0 9d: 0 9e: 0 9f: 0 9g: -1 9h: -1/0 10a: 0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	9a: Lauvskog med høg bonitet 9b: Lauvskog med høg bonitet 9c: I hovudsak bebygd 9d: Sjø 9e: Bebygd/lauvskog med høg bonitet 9f: Sjø 9g: Skog med i hovudsak høg bonitet, innmarksbeite (4,5 daa), bebygd 9h: Barskog med høg bonitet, open fastmark, bebygd 10a: Barskog av høg bonitet, overlapp med innmarksbeite (1,3 daa) og fulldyrka mark (0,7 daa).	Innspel 9g og 10a overlappar med innmarksbeite og fulldyrka mark.	9a: 0 9b: 0 9c: 0 9d: 0 9e: 0 9f: 0 9g: -2 9h: -1 10a: -2
Teknisk infrastruktur	Områda kring innspela er dels bygd ut, og det bør vera god tilgang på infrastruktur i området. Det er ikkje vegtilkomst fram til naustområdet (innspel 9h).		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i eit område med spreidde bustader. Innspelet ligg eit stykke frå kommunesenteret Svortland, men tett på barneskulen på Gilje. Innspel 10a og deler av innspel 9g ligg innanfor støysone frå skytebane.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal innanfor innspela (høgbonitet skog og dyrka mark)		9a: -1 9b: -1 9c: 0 9d: 0 9e: 0 9f: 0 9g: -2 9h: -1 10a: -2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med føringar om å forhindre nedbygging av skog, og å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging; samt eit strengt jordvern		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg heilt (9a, b, c, d, e, f, h) eller dels (9g, 10a) under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn

	Innspela ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Nokre av innspela (9a, b, c, d, e, f, h) vil vera utsett for stormflo/havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegtilkomst til innspela. Tilkomstvegen er relativt smal, og det er ikkje etablert fortau i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela 9g og 10a ligg dels innanfor gul støysone rundt Giljevegen.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ei høgspennlinje inn i innspelet 9g.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, om lag 2,8 km frå innspela.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	9a: 0	9a: 0	9a: 0	9a: 0	+1	+1	9a: 0	x
	9b: -1	9b: -2	9b: 0	9b: 0			9b: -1	
	9c: 0	9c: 0	9c: 0	9c: 0			9c: 0	
	9d: 0	9d: 0	9d: 0	9d: 0			9d: 0	
	9e: -1	9e: -1/-2	9e: 0	9e: 0			9e: 0	
	9f: -1	9f: 0	9f: 0	9f: 0			9f: 0	
	9g: -1/-2	9g: -2/-1	9g: -1	9g: -2			9g: -2	
	9h: -1	9h: -2/-1	9h: -1/0	9h: -1			9h: -1	
	10a: 0	10a: -1	10a: 0	10a: -2			10a: -2	

Innspela 9b, e, g og h er utbyggingsføremaal som vil medføre negative konsekvensar, mellom anna med omsyn til strandsoneverdiar, og landskapsomsyn, samt konflikt med innmarksbeite (9g). Innspelet 10a er ikkje i vesentleg konflikt med registrerte tema, med unntak av naturressursar, då det er overlapp med innmarksbeite og fulldyrka mark. Det er generelt relativt god tilgang på ledig bustadareal i området.

På bakgrunn av desse vurderingane vert innspel 9g tilrådd justert i forhold til strandsone, dyrka mark og landskap. Innspel 10a er ei utviding av eksisterande LNF-Spreidd område, og deler av innspelet kan tilråddast, som LNF-spreidd.




Utbyggingsføremaala i strandsona vert ikkje tilrådd, med unntak av innspel 9e og 9f, der føremaala kan leggjast rundt eksisterande tiltak.

Innspela 9a, c og d er friluftsområde, og vil ikkje ha kjende negative konsekvensar. Innspela vert tilrådd som LNF-område.
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, støy, stråling frå høgspenst, trafikktryggleik
Fagleg vurdering innspel 9a, 9c, 9d: Positiv tilråding som LNF-område
Fagleg vurdering 10a: Justert positiv som LNF-S
Fagleg vurdering innspel 9e, 9f: Positiv justert til eksisterande tiltak
Fagleg vurdering innspel 9g: Justert som bustadføremål i forhold til strandsone, dyrka mark og strandsone.
Fagleg vurdering 9b, h: Negativ tilråding

6.8 Moster

6.8.1 Moster 5a – gnr/bnr 19/2 – Bustad

Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring 
Planlagt arealbruk Bustad	
Arealstorleik planlagt arealbruk	Moster 5a: 4,2 daa
Skildring av området	Bustadområde på Grønås på Moster. Ønskje om bustadføremål på ein del areal som ligg som LNF i dag, men med bustadføremål i områda rundt.
Aktuelle problemstillingar	Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling.

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: 5a: Ikkje registrert 5b: Overlappar med naturtypen hule eiker, høg kvalitet, moderat tilstand og svært stor verdi 6: Overlappar med følgjande naturtypar: - Hagemark, svært høg kvalitet, svært stor verdi - Hagemark, moderat kvalitet og stor verdi - Hagemark, låg kvalitet og stor verdi - Hule eiker, høg kvalitet, svært stor verdi - Naturbeitemark, svært høg kvalitet, svært stor verdi Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Ikkje registrert Markslag: 5a: Fulldyrka jord, skog 5b: Bebyggd, samfersel, open fastmark 6: Innmarksbeite, overflatedyrka jord, fulldyrka jord, samferdsel, bebyggd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	5a: -1
			5b: -1
			6: -2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftsområde innanfor eller i nærleiken av innspela.	Ingen kjende konsekvensar for friluftsliv, då området allereie er utbygd eller landbruksareal.	0
Landskap	Innspela ligg innanfor landskapstypen «vestlandets skogsåser», registrert med verdi 4 – stor verdi, landskap med verdi over gjennomsnittet i regional samanheng.	Det ligg bustadhus i områda kring innspela. Landskapstypen gjeld for store delar av Moster og er omtalt til å blant anna omhandle bustadområder og vidare utbygging vil endre landskapet i liten grad. Ei vidare utbygging i området vil ikkje medføre vesentlege negative konsekvensar for landskap, då det er relativt flatt i området, og ei vidare utbygging vil ikkje krevje store terrenginngrep.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne innanfor eller tett på innspela Det ligg 3 SEFRAK-registrerte bygg innanfor innspelet Moster 6 (to i raud kategori, eitt i grå kategori)	Tiltaka har ingen kjende konsekvens for registrerte kulturminneinteresser i området.	0/-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Moster 5a: Overlapp med fulldyrka jord, 3,9 daa. Deler av dette er omdisponert i samband med utarbeiding av vegen. 0,8 daa er permanent omdisponert og 1,5 daa er midlertidig omdisponert, men skal tilbakeførast til landbruksareal.	Det vil være negative konsekvensar for dyrka jord ved utbygging av innspel 5a og 6. Det vil være negative konsekvensar for	5a: -2
			5b: 0
			6: -2

	Moster 6: Overlapp med innmarksbeite: 15,7 daa Overlapp med overflatedyrka mark: 1,5 daa Overlapp med fulldyrka mark: 3 daa	innmarksbeite ved utbygging av innspel 6. Ingen kjende konsekvensar for 5b.	
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg dels innanfor og dels tett på etablerte bustadområde.		+2/+3
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg relativt tett på Moster, som er kategorisert som eit lokalsenter i samfunnsdelen til kommuneplanen til Bømlo. Det er om lag 1,5 km i luftlinje til Moster skule.		+2/+3
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av dyrka mark innanfor innspela		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		0
Strandsone	Ikkje relevant		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet ligg i eit område som allereie er tilrettelagt med infrastruktur, og relativt nært lokalsenteret Moster. Innspelet er i tråd med mellom anna arealstrategien om nye bustadfelt i sykkel/gangavstand til sentrum av lokalsentra.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor eller tett på innspela.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje bekkar innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg ikkje i strandsona.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er vegframføring til områda, men tilkomstvegen er smal, og har ikkje fortau.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn i området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje kjent at det er støyande verksemdar i nærleiken.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ein høgspentleidning på sørsida av innspela. Næraste avstand frå denne til innspelsgrensene er om lag 75 meter.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, tett på innspela.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-2	0/-1	-2	+2/+3	+2/+3	-1	0
-1				0				
-2				-2				
For område 5b er det i dag utbygd med lager og kontor til næringsdrift. Endring av området til bustad har lite negative konsekvensar og er sentrumsnært. Innspelet vert tilrådd. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.								

6 er i dag i stort sett landbruksareal, og utbygging vil få negative konsekvensar for blant anna naturmangfald, landskap og naturressursar. Innspelet vert ikkje tilrådd.

5a er i dag i stort sett registrert som landbruksareal. Deler av det det registrerte landbruksarealet er omdisponert i samband med utarbeiding av vegen. 0,8 daa er permanent omdisponert og 1,5 daa er midlertidig omdisponert, men skal tilbakeførast til landbruksareal. Utbygging vil få negative konsekvensar for blant anna naturmangfald, landskap og naturressursar. Innspelet vert ikkje tilrådd.


ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Positiv tilråding til 5b.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding til 5a og 6.

Politisk endring: Ta inn eksisterande bustad innanfor Moster 6.

6.8.2 Moster 7, gnr/bnr 25/9 – Fritid/turisme

Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring
Planlagt arealbruk Fritid/turisme	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1,8 daa
Skildring av området	Tunet på «Nerheim» består av Serinahuset, låve, uthus og 3 småbygningar. Tunet er påbegynt renover i samarbeid med Sunnhordland museum og med støtte frå Kulturminnefondet. Det er ønskjeleg å bygge opp eit gardsmuseums-konsept med fokus på historia og liva til dei som budde der. I tilknytning til Serina-tunet er det ønskjeleg å etablere utleigeeiningar.
Aktuelle problemstillingar	Kulturminne

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
---------------------	-------	------------

Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ingen registreringar innanfor innspelet. Bustsivaks (EN) er registrert like utanfor innspelet. Markslag: lauvskog av høg bonitet.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt.	-1
Friluftsliv	Ingen registrerte område innanfor eller like i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette. Innspelet ligg innanfor landskaps-typen middels breie fjordløp, med registrert verdi 3 - middels verdi.	Ei utbygging i området vil ikkje medføre store landskapsmessige konsekvensar.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte SEFRAX-bygg, kulturminne eller kulturmiljø innanfor innspelet. Det ligg tre automatisk freda kulturminne i området. Innspelet ligg innanfor område registrert som kulturminnerik strandsone.	Innspelet er ikkje i direkte konflikt med SEFRAX-registrerte bygg, registrerte kulturminne eller kulturmiljø. Innspelet vil kunne påverke dei automatisk freda kulturminna negativt i den landskapsmessige konteksten dei ligg i.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Overlapp med lauvskog av høg bonitet (1,8 daa).	Ei utbygging i området vil medføre nedbygging av lauvskog av høg bonitet.	-1
Teknisk infrastruktur	Det må etablerast tilkomstveg til området. Det ligg bustader i nærleiken, og det er truleg relativt enkelt å kople seg til teknisk infrastruktur i området.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Ei etablering av fritid- og turistføremål i området vil vera positivt for Spissøy. Ei etablering i området vil ikkje vera med på å bygge opp under etablerte senter i kommunen.		0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av skog av høg bonitet innanfor innspelet.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ei etablering knytt til fritid/turisme i området vil kunne medverke positivt med omsyn til arbeidsplassar og sysselsetting i kommunen.		+1
Strandsone	Ikkje relevant.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i konflikt med dei kommunale arealstrategiane om sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdområde for skred innanfor, eller i nærleiken av innspelet.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd marin leire. Registrert lausmassestype i området er Forvittringsmateriale, ikke inndelt etter mektighet.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er registrert eit par mindre bekkar i området.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje i strandsona.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			

	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
Trafikktryggleik	Det må etablerast vegframføring til området. Tilkomsvegen er smal, og har ikkje etablert fortau i dag.		
	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
Forureina grunn	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet.		
	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
Støy	Det er ikkje kjend at det er støyande verksemdar i nærleiken. Utbygging av området til fritid/turisme vil ikkje medføre støy i området.		
	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
Stråling frå høgspent	Det er ikkje registrert høgspenteleidningar i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, om lag 2,7 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	0	-1	-1	-1	+1	0	-1	+1

Det er negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, landskap, kulturminne og naturressursar. Ei etablering knytt til fritid/turisme i området vil kunne medverke positivt for Spissøy, samt med omsyn til arbeidsplassar og sysselsetting i kommunen.

ROS-analyse: Kvikkleire, trafikktryggleik

Fagleg vurdering: Positiv tilråding

6.8.3 Moster 10a – 10b, gnr/bnr 14/137 – Fritidsbustad, naust

Gjeldande arealbruk LNF	Arealendring
Planlagt arealbruk Fritidsbustad Naust	

Arealstorleik planlagt arealbruk	10a: 2,7 daa (naust) 10b: 14,9 daa (fritidsbustad)
Skildring av området	Innspelet ligg på Grindheimsneset, vest-nordvest for Mosterhamn. Det er eit urørt område i dag, det ligg nokre fritidsbygg på austsida av vågen, og sør for innspelsområdet, ved Grindheimvågen. Det er vegframføring til området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Urørt område

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med naturtypen gammel fattig sumpskog. Tilstanden på naturtypen er vurdert til å vera god, naturmangfaldet er sett til å vera moderat, og det er registrert stor verdi på lokaliteten. I pollen søraust for innspelet er naturtypane strandeng (moderat kvalitet), gamal lågurtospeskog (høg kvalitet) og pollar (lokalt viktig) registrert. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Ingen artar registrert innanfor innspelet Markslag: Barskog	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Naturtypen gammel fattig sumpskog vil verte negativt påverka av tiltak innanfor innspelet 10b.	10a: -1
			10b: -1/-2
Friluftsliv	Det er registrert ein kyststi/fotroute (Grindesmarka – Mosterhamn) som går gjennom innspelet, langs vegen og langs sjøen gjennom innspelet. Store deler av innspelet ligg i strandsone, definert som urørt strandsone (SSB). Hellingsgrada innanfor innspelet frå liten (< 3 grader) til stor helling (10-25 grader).	Utbygging vil være i konflikt med turstien i området og vil bygge ned og privatisere urørt strandsone på eit heilt nytt område.	10a: -2
			10b: -2
Landskap	Landskapstypen i området er definert som våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 (middels verdi – vanleg førekomande i regional samanheng og/eller over gjennomsnittet lokalt).	Innspelet er i dag naturområde. Det er kupert terreng, men med små høgdeforskjellar. Nye tiltak vil vera synleg for dei nære områda på land og frå sjø. Etablering av tiltaka vil medføre terrenginngrep i strandsone.	10a: -1
			10b: -1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg innanfor eller i nærleiken av innspelet. Innspelet er ein del av definert kulturminnerik strandsone.	Ingen kjende konsekvensar.	0

Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Heile arealet er registrert som barskog av høg bonitet.	Utbygging i området vil medføre tap av skog av høg bonitet.	0/-1
Teknisk infrastruktur	Det er vegframføring til området, men truleg lite tilrettelagt med annan infrastruktur, då det er eit naturområde i dag.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg ikkje tett på etablerte senter i kommunen. Ligg samtidig midt mellom skuleområde og sentrum og blir brukt som turområde.		-1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av barskog med høg bonitet i området.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant		0
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritidsbustad og naust. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Innspelet om fritidsbustad er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren då det opnar for hytter i strandsona. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspelet ligg ikkje i tilknytning til eksisterande naustområde, og er såleis ikkje i tråd med strandsonerettleiaren/SPR.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med den kommunale arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspelet.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert bekker eller elveløp innanfor innspelet		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Deler av innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Tilkomst til området vil vera via Jektanesvegen og Steinshaugvegen. Vegane er smale, og har ikkje etablert fortau.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje kjend at det er støyande verksemdar i nærleiken. Etablering av fritidsbustader og naust vil ikkje medføre støy i området.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje høgspennleidningar tett på innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Moster, om lag 2,2 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-1	0	0/-1	0	-1	-1	0
-1/-2	-2	-1						

Dette er eit urørt område midt i eit område med turstier. Utbygging vil få negative konsekvensar for mange at dei vurderte temaa. Tiltådinga er negativ for området.
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Negativ tiltåding

6.9 Finnås

6.9.1 Finnås 6e og 6f – gnr/bnr 122/3 og 76 - Naust, småbåtanlegg

Gjeldande arealbruk LNF Bruk og vern av sjø og vassdrag Omsynssone bevaring kulturmiljø – verneverdige sjøbruksmiljø	Arealendring 
Planlagt arealbruk Naust Småbåtanlegg	
Arealstorleik planlagt arealbruk	6e: 0,9 daa - naust 6f: 0,8 daa - småbåtanlegg

Skildring av området	Innspela ligg ved Sakseidpøyla og Kuleseidkanalen, dels innanfor 100-meters beltet. Det er bustader og naust i området rundt.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone. Innspela er omfatta av omsynssone for kulturmiljø i gjeldande kommuneplan.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: Ingen innanfor innspela. Det er registrert storskarv (NT) og lomvi (CR) i Sakseidpøyla. Markslag: Skog, sjø	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbar for inngrep og arealbeslag.	-1
Friluftsliv	Innspela overlappar med det svært viktige friluftslivområdet <i>Kanalane og sjøareal i nærleiken</i> i sjø. Området er registrert med stor brukarfrekvens. Strandsona innanfor innspela er registrert som potensielt tilgjengelig (SSB), med varierende hellingsgrad.	Etablering av småbåtanlegg i området vil ikkje redusere verdien av det registrerte friluftslivområdet i vesentleg grad. Det er allereie etablert tiltak innanfor innspel 6f. Endring til naustføremål vil medføre ytterlegare privatisering av strandsona i området, sjølv om ein stor del av strandsona allereie er utbygd i området.	-2
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Beskyttet indre kupert kyst-slette. Innspela ligg innanfor landskapsområdet Steinvågen, landskapstype Våg- og smalsundlandskap. Verdi 3 – middels verdi. Innspela ligg innanfor arealsone landskap i Regional Kystsoneplan for Sunnhordland og Ytre Hardanger. Retningslinene til planen seier at nye tiltak innanfor desse sonene skal tilpassast og ivareta dei konkrete verdiane. Innspela ligg i Sakseidpøyla, tett på Kuleseidkanalen. Landskapet er kupert og det er ein del tiltak, med spreidd busetnad og naust i området. Sjå 3d-kart: http://3d.kommunekart.com/	Etablering av naust med småbåtanlegg i området vil vera ei naturleg utvikling av det maritime miljøet kring Kuleseidkanalen. Det er relativt kupert i området, og naustinnspelet opnar for større terrenginngrep i strandsona. Dette vil gi negative verknader for landskap.	-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert SEFRAK-bygg eller kulturminne innanfor innspela. Innspela overlappar med Omsynssone bevaring kulturmiljø – verneverdige sjøbruksmiljø i gjeldande KPA.	Innspela vidarefører arealbruken i området til naust/småbåtanlegg. Det er såleis ikkje vesentlege negative verknader av innspela når det gjeld kulturmiljø.	-1

Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Områda er registrert som barskog av høg bonitet, og sjøområde.	Innspel 6e overlappar med barskog av høg bonitet.	0/-1
Teknisk infrastruktur	Det er ikkje vegtilkomst til innspelsområdet. Det er utbyggingsføremål i nærleiken, og såleis truleg enkel tilgang til infrastruktur i nærleiken. Innspela ligg relativt sentralt plassert på Sakseid/Finnås		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg sentralt plassert i kort avstand til Finnås, som er kategorisert som eit lokalsenter i kommunen. Dei ligg tett på etablert bustadområde, og vil vera gunstig plassert med omsyn til nærmiljø og stadutvikling.		+1
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal (skog av høg bonitet) innanfor innspel 6e.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet ligg dels innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust med tilhøyrande småbåtanlegg. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Strandsonerettleiaren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Rettleiaren gir råd om at fellesanlegg for båtplassar skal prioriterast framfor nye naustområde. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdsområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg under marin grense, og det er synt aktsemd marine leire. Registrert lausmassestype i området er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert fare- eller aktsemdsområde for flaum innanfor innspelet. Det er ikkje bekker eller elver innanfor innspelet.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegtilkomst til området. Det er ikkje sannsynleg at innspela vil endra tilhøve knytt til framcome eller trafikktryggleik på sjø.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande verksemdar i nærleiken av området, og det er heller ikkje planlagt for støyande aktivitetar innanfor innspela.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert høgspenteleidningar i nærleiken av innspela.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 6,5 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-2	-2	-1	0/-1	+1	+1	6e: -1	X
							6f: 0	


Det er negative konsekvensar av innspela, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv, landskap og kulturmiljø. Arealet omfattar innspel om naust og småbåthamn i eit relativt kupert terreng i strandsona - eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området. På bakgrunn av dette vert innspelt ikkje tilrådd.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Negativ tilråding innspel 6e og 6f.

Politisk endring: Ta inn.

6.9.2 Finnås 9a – 9e, gnr/bnr 135/1, fritid- og turisme, småbåthamn

Gjeldande arealbruk LNF Fritidsbusetnad LNF Spreidd bustad Bruk og vern av sjø og vassdrag 9a: Bevaring kulturmiljø (H570_7)	Arealendring 
Planlagt arealbruk 9a: Fritid- og turisme 9b: Fritid- og turisme 9c: Fritid- og turisme 9d: Fritid- og turisme 9e: Småbåthamn	
Arealstorleik planlagt arealbruk	9a: 1,7 daa 9b: 31 daa 9c: 0,8 daa 9d: 1,2 daa 9e: 1,8 daa
Skildring av området	Innspela ligg i tilknytning til Gullvegen Gardstun og Gullvegen Stormhytter AS. Dei ynskjer å fortsetja utviklinga på Lykling, og realisere overnattingskonsept, besøk-

	gardsatsing, samt formidling/oppleving knytt til UNESCO Sunnhordland Geopark. Det er i dag etablerte tiltak innanfor innspel 9c-e.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Manglande infrastruktur Urørte område

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspel 9a og 9b overlappar med naturtypen kystlynghei (lokalitet Barbuneset -Storhaug-Utsletteneset), med svært høg kvalitet, god tilstand og svært stor verdi. Naturtypen skjelsand, med verdi viktig er registrert i sjøen utanfor innspel 9c og 9e. Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Arter: Like aust for innspel 9a er det registrert Røykkøllsopp (NT). Trollnype (VU) er registrert innanfor innspel 9d. Det er elles fleire artsregistreringar i områda rundt innspela. Markslag: Open grunnlendt fastmark, open jorddekt fastmark, lauvskog, innmarksbeite.	Tiltaka vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Innspel 9a og 9b vil medføre vesentleg påverknad og reduksjon i verdi for naturtypar med høg verdivurdering.	9a: -3 9b: -3 9c: -1 9d: -2 9e: -1
Friluftsliv	Ingen registreringar innanfor innspela. Nord for innspela ligg det svært viktige friluftslivområdet Lykling Gullgruveområdet. Innspela ligg heilt eller dels innanfor strandsona. For innspel 9a, 9b og 9e er strandsona definert som potensielt tilgjengeleg, mens for innspela 9d og 9c ligg det tiltak tett på som gjer at strandsona er definert som ikkje tilgjengeleg av SSB.	Etablering av fritid- og turistføremål, samt småbåthamn, kan vera med på å gjera området meir tilgjengeleg, òg i eit friluftslivperspektiv. Innspela som ligg i strandsona vil medføre privatisering av strandsona i området.	-1
Landskap	Innspela ligg innanfor NiN-område Moderat bølgeeksponert småkupert kystslette. Innspela ligg innanfor landskapsområde Geitungosen, landskapstype Brede fjordløp og opne fjordmunningar, med verdi 3 – middels verdi. Innspela ligg i eit kupert kystlandskap, lyngheilandskap, med spredd busetnad. Sjå 3D-kart: http://3d.kommunekart.com/	Innspela 9a og 9b, tenkt som stormhytter og geo-lodges, ligg relativt eksponert plassert, og vil vise godt igjen i landskapet. Innspela 9c-d vil i mindre grad ha stor landskapspåverknad.	9a: -2 9b: -2 9c: -1 9d: -1 9e: -1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturmiljø, kulturminne eller SEFRAK-bygg innanfor innspela. Det ligg eit	Det er ingen kjende direkte konsekvensar av innspela på kulturminne eller SEFRAK-bygg.	0

	registrert kulturminne i sjøen like utanfor innspela 9e og 9c. Dette er eit skipsvrak, med uviss datering og uavklart vernetype. Innspel 9a overlappar med Omsynssone bevaring kulturmiljø i gjeldande KPA. Innspela ligg innanfor område registrert som kulturminnerik strandsoner.	Enkelte av tiltaka/innspela kan vera med på å redusere verdien av kulturmiljøet kring Lykling og gullgruvene. Innspela kan også vera med på å leggje til rette for oppleving av kulturmiljøet.	
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert dyrka mark eller viktige skogressursar innanfor innspela. Innspel 9a omfattar 0,2 daa innmarksbeite.	Innspel 9a vil omdisponere eit avgrensa areal registrert som innmarksbeite. Innspel 9b-e: Ingen kjende konsekvensar.	9a: -1 9b: 0 9c: 0 9d: 0 9e: 0
Teknisk infrastruktur	Det er veg og etablert busetnad i nærleiken, som tiltaka truleg enkelt kan kople seg på. Innspela 9a og 9b baserer seg på tiltak som er fullt reversible, dvs. ingen store infrastrukturtiltak.		0
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela vil i hovudsak ikkje medføre ulemper for bustader i nærområdet, då dei stort sett ligg plassert relativt skjerma frå innsyn. Utvikling av området vil kunne vera positivt for stadutvikling på Lykling.		+2
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert myr eller andre særskilt karbonrike areal. Generelt er utbygging av urørte område negativt med omsyn til klima og energi.		9a: -1 9b: -1 9c: 0 9d: 0 9e: 0
Næringsliv og sysselsetting	Realisering av tiltaka knytt til innspela vil vera med på å utvikle Gullvegen Gardstun og Gullvegen Stormhytter AS, som besøksgard og reislivsdestinasjon.		+2
Strandsone	Innspela ligg heilt eller dels innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealendring er frå LNF/Fritidsbusetnad/LNF Spreidd bustad/Bruk og vern av sjø og vassdrag til fritid- og turisme og småbåthamn i sjø. SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Når det gjeld reiselivsanlegg peikar strandsonerettleiaren for Vestland på at det er positivt i reiselivssamanheng å sikre allemannsretten og tilgang til friluftsområde. Det er difor også viktig for reiselivsnæringa at dei nære sjøområde får liten utbygging og at berre dei delane av næringstiltaket som må ligge til sjø vert etablert der. Strandsonerettleiaren seier vidare at i sone 3 skal behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, til dømes satsing på reiseliv og turisme, tilleggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Strandsonerettleiaren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad, og at felles bryggjer og naust bør prioriterast. Innspel 9e er i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om felles anlegg (småbåthamn) i eit område der det i frå før er etablert tiltak.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med den kommunale arealstrategien om å ha eigna område til næringsføremål/reiseliv i strandsona, men dels ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn


	Innspel 9b, 9c og 9e overlappar dels med aktsemdsområde for snøskred, der innspel 9b og 9e òg dels overlappar med aktsemdsområde for steinsprang.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela 9a, 9c, 9d og 9e ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Registrert lausmasstype i området er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela overlappar ikkje med fare- eller aktsemdsområde for flaum. Det er i hovudsak ikkje bekker eller elver innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspel 9c og 9e ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela vil ha tilkomstveg frå Gullvegen. Vegen er smal og trafikktryggleik må vera eit sentralt tema. Det er ikkje etablert fortau i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemdar eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ei høgspennlinje eit stykke aust for innspel 9d. Dei andre innspela ligg ikkje i nærleiken av høgspennlinjer.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg på Svortland, som ligg om lag 10 km frå innspelet i luftlinje		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
9a: -3 9b: -3 9d: -2	9a: -2 9b: -2 9c: -2	9a: -2 9b: -2	0	9a: -1	0	+2	9a: -1 9b: -1	+2
9c: -1 9e: -1	9d: -1			9b: 0 9c: 0 9d: 0 9e: 0			9c: 0 9d: 0 9e: 0	
	9e: +1	9c: -1 9d: -1 9e: -1						

Innspel 9a og 9b ligg i stor grad i urørte område, der deler av innspelsarealet ligg i strandsona. Det er her registrert naturtype med høg verdi, kystlynghei, som er utvald naturtype. Innanfor innspela er det planlagt for mindre utleigehytter som skal ha minimalt avtrykk i terreng, som skal vera fullt reversible, men innspela vil likevel ha negative konsekvensar for landskap i eit sårbart kystlandskap.

Det må utarbeidast ein heilskapleg reguleringsplan for området, som mellom anna sikrar gode løysingar for tilkomst, og som legg føringar om at utbygging i området bør utførast mest mogleg skånsamt med omsyn til registrert kystlynghei, og med minst mogleg terreng/landskapsinngrep. På bakgrunn av dette vert innspel 9a positivt tilrådd. Innspel 9b vert positivt tilrådd justert til utanfor 100-metersbeltet og utanfor registrert naturtype «rik open sørleg jordvassmyr». Det kan tillatast ein tilkomstveg til området, utanfor registrert naturtype.



Innspel 9c ligg i strandsona, og ei utbygging i dette området vil ha negative konsekvensar, mellom anna for friluftsliv og landskap. Innspelet er på bakgrunn av dette ikkje tilrådd.

Innspel 9d er ikkje i vesentleg konflikt med registrerte interesser, og området er allereie omfatta av utbyggingsføremål i gjeldande kommuneplan (fritidsbusetnad). På bakgrunn av dette vert innspelet (fritid/turisme) tilrådd.

Innspel 9e omfattar kai/gjestehamn, på areal som i frå før innehar tiltak og inngrep. Denne er ikkje i vesentleg konflikt med registreringar i området, og er positivt tilrådd.

ROS-analyse: Skred, kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik


Fagleg vurdering: Positiv tilråding innspel 9a, 9d og 9e.

Fagleg vurdering: Justert tilråding innspel 9b, sjå tekst over.

Fagleg vurdering: Negativ tilråding innspel 9c.

Politisk vurdering: Ta inn alt.

6.9.3 Finnås 13b, gnr/bnr 141/3, naust

Gjeldande arealbruk LNF Omsynssone bevaring kulturmiljø; verneverdige sjøbruksmiljø.	Arealendring 
Planlagt arealbruk Naust	
Arealstorleik planlagt arealbruk	1,5 daa

Skildring av området	Innspelet ligg på Grutle, på vestsida av Grutlefjorden. Det ligg spreidde bustader i tilknytning til området, og det ligg to naust med kaianlegg i området nord for innspelet. Det er ikkje etablert tiltak innanfor innspelet.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Omsynssone bevaring kulturmiljø, verneverdige sjøbruksmiljø

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Det er registrert fleire område med den marine naturtypen skjelsand i sjøområda utanfor innspelet. Områda har verdi viktig. Ingen av områda grensar til innspelet. Naturvern: Ikkje registrert. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Artar: Ingen registreringar innanfor innspelet, men det er registrert kystblåfjell (NT), skjellporelav (VU) og ramsløk (NT) i området rundt. Det er òg fleire raudlista fugleartar i området; lomvi (CR), gråmåke (VU), svartand (VU), ærfugl (VU), storskarv (VU). Markslag: Open grunnlendt fastmark, uproduktiv lauvskog.	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er fleire raudlista fugleartar i området. Innspelet ligg i urørt natur i strandsone. Strandsone er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsone er generelt sårbar for inngrep og arealbeslag.	-2
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivsområde innanfor, eller i nærleiken av innspelet. Strandsone er registrert som tilgjengeleg, med varierende hellingsgrad (3 – 25 grader) (SSB).	Ingen kjende konsekvensar for registrerte friluftsområde. Endra føremål til utbygging knytt til naust vil medføre auka grad av arealbeslag og privatisering av strandsone i området.	-2
Landskap	Innspelet ligg innanfor NiN-område Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap. Innspelet ligg innanfor landskaps-typen Våg- og smalsundlandskap, med verdi 3 – middels verdi. Landskapet i strandsone i området er kupert. Det er om lag 8-9 meter høgdeforskjell innanfor innspelet. Innspelet ligg på ein odde i landskapet, og er utan tiltak i dag. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Landskapet ligg i urørt strandsone, som er sårbar for tett utbygging. Arealet er kupert slik at det vil kunne krevje inngrep for å skape areal for bygningar. Dette vil gi negative verknadar for landskap.	-2/-3
Kulturminne og kulturmiljø	Innspelet ligg innanfor omsynssone bevaring kulturmiljø, verneverdige sjøbruksmiljø. Det er ikkje registrert kulturminne eller SEFRAK-registrerte bygg inn-	Det vil ikkje vera i konflikt med omsynssone å leggja til rette for naust i området, dersom dette vert gjort med god arkitektonisk utforming og tilpassing.	0


	anfor, eller i nærleiken av innspelet.		
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er ikkje registrert landbruksjord eller skog av høg bonitet innanfor innspelet. Det er ikkje registrert marine ressursar eller fiskefelt i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur og klima/energi	Innspelet ligg tett på tilkomstveg som ein kan kopla seg på. Området må tilretteleggast med infrastruktur, men ligg relativt tett på annan busetnad.		+1
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet ligg i tilknytning til naustområde og område med spreidd busetnad, og dei ligg relativt skjerma frå annan busetnad. Innspelet ligg ikkje tett på etablerte senter i kommunen.		0
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant.		X
Strandsone	Innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er naust. Strandsoneretleiareren for Vestland peikar på at SPR gir grunnlag for visse tiltak nær sjøen i sone 3, til dømes brygger og naust. Det er vidare presisert at slike tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Strandsoneretleiareren seier at naust er uthus for oppbevaring av båt, utstyr for båt og fiskereiskap. Innspelet er ikkje i tråd med strandsoneretleiareren då naustarealet ikkje ligg direkte tilknytt annan busetnad og er tiltak i urørt område.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense. Registrert lausmassestype i området er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er veg fram til området i dag. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til trafikktryggleik i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemdar eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje høgspennleidningar i nærleiken av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er i Langevåg, om lag 8 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Det er negative konsekvensar av innspelet, mellom anna med omsyn til naturmangfald, friluftsliv og landskap. Arealet omfattar innspel om naust i urørt strandsone - eit område som er sårbart for inngrep, samt at det vil auke privatiseringa av området. Innspelet ligg på ein odde, og ei etablering av naust i dette området vil krevja relativt store terrenginngrep i urørt strandsone
Det er ikkje etablert naust innanfor innspelsområdet, og det er framleis mykje ledig naustareal lenger nord, som bør byggjast ut før ein vurderer å legge inn nye areal.
ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning
Fagleg vurdering: Negativ tilråding innspel 13b
Politisk endring: Ta inn.

Skilring av arealregning:	
Gjeldande arealbruk 16a: LNF, bustad, næring, fritid/ turisme, bandlegging for regulering 16 b og c: LNF 16d: Friluftsområde i sjø Bruk og vern av sjø og vassdrag Omsynssone friluftsliv 16e: LNF, Næring 16f: Bustad, naust	Arealendring
Planlagt arealbruk 16a: Fritid/turisme/næring 16b: Bustad 16c: Grønnstruktur 16d: Småbåthamn 16e: Næring 16f: Bustad/naust/næring/ turisme	Tillegg etter 1. høyring, 16f:

	
Arealstorleik planlagt arealbruk	16a: 42 daa (kombinert fritid/turisme/næring) 16b: 21 daa (bustad) 16c: 59 daa (grønnstruktur) 16d: 4,2 daa (småbåthamn) 16e: 2,1 daa (næring) 16f: 5,9 daa (kombinert bustad/naust/næring/turisme)
Skildring av området	Innspela ligg ved Kulleseidkanalen, og skal mellom anna medverke til å kunne utvikle turist-/reiselivsanlegg i området.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone Overordna behovsvurdering for bustadareal i kommunen og i delområda

Bømlo kommune har gjennomført konsekvensutgreiinga pga. ABO si ugildskap til innspelet

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Artar: Framandarten høstberberis (svært høy risiko) er registrert innanfor innspel 16a Markslag: Skog, innmarksbeite, bebygd, fulldyrka jord, open fastmark, sjø, 	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag.	16a: -1
			16b: -1
			16c: -1
			16d: -1
			16e: -1
Friluftsliv	Innspela 16a og 16d overlappar med det svært viktige friluftslivområdet Kanalane og sjøareal i nærleiken. Innspela ligg dels i 100-metersbeltet. Mykje av strandsona innanfor innspela er registrert som inngrepsnær, og ikkje tilgjengeleg i	16c er positivt for friluftsliv då det legg opp til å bevare arealet som grøntområde. 16d legg opp til småbåthamn i friluftsområdet. Det aukar tilkomsten til området, men det ligg i friluftsområdet.	16f: -1
			16a: -1
			16b: -1
			16c: +1
			16d: 0
			16e: 0/-1
			16f: 0/-1

	eit friluftsperspektiv. Den tilgjengelege strandsona har varierende bratthetsgrad.	16a og b vil føre til nedbygging av område og at områda ikkje kan bli brukt som friområde. 16f er i stor grad privatisert av eksisterande bustad og naust. Vidare utbygging vil kunne auke privatiseringa noko.	
Landskap	Innspela ligg dels innanfor landskapssone i regional kystsoneplan. Dei austlege delane av innspela ligg innanfor landskapsområde Relativt åpent fjordlandskap med bebygde områder, mens den vestlege delen av innspela ligg innanfor landskapsområde Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Dei austlege delane av innspela ligg innanfor landskapstypen Småfjord- og storsundlandskap, mens den vestlege delen av innspela ligg innanfor landskapstypen Våg- og smalsundlandskap. Innspela ligg ved Kulleseidkanalen, og omfattar dels bebygde område, og dels relativt ope jordbrukslandskap. Terrenget i området er småkupert. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	16c og d har ingen kjende konsekvensar for landskapet. 16d er i sjø og vil være synleg, hovudsakeleg frå sjø. Terrenget er relativt flatt i 16a og e, og ei utbygging i området treng ikkje medføre store terrenginngrep, men området vil framstå som mindre opent. 16b er ein utviding av regulert bustadområde i nord. Terrenget er kupert. Utbygging vil være på ca. same nivå, og lågare enn eksisterande utbygging i vest, så det vil ikkje ha noko stor fjernverknad. 16f er relativt flat, med meir bratt terreng ned til sjøkanten. Ligg på ei flate saman med fleire eksisterande bygg på land. Utbygging i strandsona vil krevje terrenginngrep, men vidare utbygging oppe på land kan gjennomførast utan særlege terrenginngrep	16a: -1
			16b: -1
			16c: 0
			16d: -1
			16e: -1
Kulturminne og kulturmiljø	Det er fleire sefrak-registrerte bygg innanfor innspel 16a (gul og grå kategori). Innspel 16c overlappar med tre automatisk freda kulturminne, busetnad frå eldre steinalder. Eitt av dei ligg innanfor innspelet, for dei to andre ligg sikringssona innanfor innspelet. 16a, d, e og f overlappar med omsynssone bevaring kulturmiljø - verneverdige sjøbruksmiljø i gjeldande KPA.	Utbygging vil kunne få konsekvens for kulturminna, sefrak-registrerte bygg og sjøbruksmiljøet.	16a: -1
			16b: 0
			16c: -1
			16d: 0/-1
			16e: -1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Skog av varierende bonitet Overlapp med fulldyrka jord (innspela 16a, c, e og f)	Det vil være negative konsekvensar for dyrka jord ved utbygging av innspel 16 a, c og f. Innspel 16e går så vidt inn på	16a: -2
			16b: 0
			16c: -2
			16d: -1

	Overlapp med innmarksbeite (innspela 16a og c) Det er registrert fiskeplassar for aktive og passive reiskap i sjøområda kring innspela. Fiskeplassane overlappar med innspelet 16d (småbåthamn).	areal registrert som dyrka, i underkant av 0,2 daa. Det vil være negative konsekvensar for innmarksbeite ved utbygging av innspel 16 a og c.	16e: 0/-1 16f: -1
Teknisk infrastruktur	Innspela ligg i tilknytning til eksisterande utbygde område, og vegtilkomst bør kunna løysast på ein tilfredsstillande måte. Det er truleg enkel tilgang til infrastruktur i nærleiken. Innspela ligg sentralt plassert på Finnås.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspela ligg sentralt plassert ved Finnås, som er kategorisert som eit lokalsenter i kommunen. Dei ligg tett på etablert bustadområde, og vil vera gunstig plassert med omsyn til nærmiljø og stadutvikling.		+2
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal (skog av høg bonitet og fulldyrka mark) innanfor innspela.		-1
Næringsliv og sysselsetting	Realisering av tiltaka knytt til innspela kan vera med på å utvikle reiselivs-/turistanlegg i området		+2
Strandsone	SPR seier at areal til bustad-, sentrums- og næringsutvikling bør som eit utgangspunkt prioriterast framfor areal til fritidsbustader. Retningslinene seier vidare at tiltak bør samlast og lokalisert til annan busetnad. Når det gjeld reiselivsanlegg peikar strandsonerettleiaren for Vestland på at det er positivt i reiselivssamanheng å sikre allemannsretten og tilgang til friluftsområde. Det er difor også viktig for reiselivsnæringa at dei nære sjøområde får liten utbygging og at berre dei delane av næringstiltaket som må ligge til sjø vert etablert der. Strandsonerettleiaren seier vidare at i sone 3 skal behovet for næringsutvikling og arbeidsplassar, til dømes satsing på reiseliv og turisme, tilleggast vekt i vurderinga av tiltak i 100-metersbeltet. Innspela er såleis i tråd med strandsonerettleiaren når det gjeld føremåla fritid/turisme og næring.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspela er i tråd med den kommunale arealstrategien om å ha eigna område til næringsføremål/reiseliv i strandsona, men dels ikkje i tråd med arealstrategien om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta, og ikkje i tråd med strategiane om å sikre grønt- og landbruksområde mot vidare utbygging; eit strengt jordvern.		


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for skred innanfor innspela.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg dels under marin grense.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert aktsemdområde for flaum innanfor innspela.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspela ligg dels i strandsona, og vil vera utsett for stormflo og havnivåstigning.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er dels etablert vegtilkomst til områda, via Kanalvegen. Trafikktryggleik må avklarast i reguleringsplan.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspela.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert støyande aktivitetar i nærleiken av innspela. Næringsverksemd kan potensielt generere støy.		
Stråling frå høgspenst	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ein høgspenstleidning gjennom innspel 16c og 16a.		

Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er på Svortland, om lag 7 km frå innspela i luftlinje.
------------------	---

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1	-1	-1	-1	-2	+2	+2	-1	+2
-1	-1	-1	0	0				
-1	+1	0	-1	-2				
-1	0	-1	0/-1	-1				
-1	0/-1	-1	-1	0/-1				
-1	0/-1	-1	-1	-1				

16a og c: Det er innmarksbeite i området, men det er her gitt dispensasjon frå gjeldande plan for etablering av frisbeegolf-bane på innmarksbeite. Tilrådd justert slik at dyrkamark vidareførast som LNF, og innspelet på fritidsbustad som overlappar med 16a (innspel Finnås14).




16b (Bustad): Det er regulert til bustad tilgrensande dette arealet, utbygging av denne planen er ikkje påstarta. Arealet kan være aktuelt som utviding på sikt, men tas ikkje med i denne omgangen. Negativ tilråding.

16d ligg i friluftsområdet i sjø, men det aukar også tilkomsten til området. Positiv tilråding.

16e er ikkje utbygd i dag, men ligg i hovudsak som næring i gjeldande kommuneplan. Positiv tilråding.

16f er utbygd med bustad og naust i dag. Å opne for næring/turisme også gir moglegheit for vidareutvikling av eksisterande anlegg. Tilrådd justert, slik at ein vidarefører naust, og endrar bustad til kombinert bustad/næring/turisme.



Det må utarbeidast reguleringsplan for områda 16a, 16d og 16f.

ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning, trafikktryggleik, støy, stråling frå høgspenst.

Fagleg vurdering: 16 d og e positiv

Fagleg vurdering: 16 a, c og f justert

Fagleg vurdering: 16b Negativ

6.9.5 Finnås 11 – gnr/bnr 7/6, 12, LNF-spreidd

Gjeldande arealbruk LNF Sikringssone nedslagsfelt drikkevatn	Arealendring
Planlagt arealbruk LNF-spreidd	
Arealstorleik planlagt arealbruk	88,3 daa
Skildring av området	Innspelet ligg på Oldereid, i eit område med eksisterande spreidd busetnad. Det er relativt flatt i området, og arealet mellom Oldereidtjørna og Finnåsvatnet består i hovudsak av landbruksområde.
Aktuelle problemstillingar	Dyrka mark Kulturminne Overordna vurdering av arealbehov og arealstrategiar knytt til bustadutvikling

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens
----------------------------	--------------	-------------------

Naturmangfald land, i sjø og vassdragsnatur	på og	Naturtypar: Ikkje registrert Naturvern: Ikkje registrert Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Det er registrert gjøk (NT), gråspett og bjørkefink innanfor innspelet. Markslag: Skog, bebygd, dyrka mark, myr	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Innspelet er stort, omfattar ein del skog og beiteområde i tillegg til dyrka mark, og grensar til Finnåsvatnet. Dette er område som kan vera viktige for lokalt naturmangfald.	-1/-2
Friluftsliv		Innspelet overlappar så vidt med det svært viktige friluftslivområdet Baståsen. Dette er skildra som ei ringløype, dels langs gamle gongstiar, men også nyare traktorveggar.	Ei utbygging i området vil kunna ha noko påverknad på det registrerte friluftslivområdet, men det er ein liten del som overlappar.	0/-1
Landskap		Innspelet ligg innanfor NiN-område Kystnært innlandsslettelandskap under skoggrensen med bebygde områder. Den nordvestlege delen av innspelet ligg innanfor landskapstypen kystheiene. Den søraustlege delen av innspelet ligg innanfor landskapstypen Vestlandets skogsåser. Begge landskapstypene har verdi 2 – vanleg førekomande landskap i lokal samanheng. Landskapet i området er relativt flatt jordbrukslandskap, med spreidde bustader. Den austlege delen av innspelet er skogkledd, meir kupert, og ligg høgare i terrenget. Innspelet grensar til Finnåsvatnet. Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei vidare spreidd utbygging i området der det allereie er etablert bustader, dvs. kring jordbruksområda, vil ikkje medføre vesentlege landskapsmessige konsekvensar. Det bør ikkje etablerast nye bustader i dei skogkleddede områda i aust, som grensar til Finnåsvatnet. Randsona mot vatnet bør bevarast mest mogleg inngrepsfri.	-2/-1
Kulturminne og kulturmiljø	og	Det ligg eit automatisk freda kulturminne innanfor innspelet; Oldereid – Fetts fk. 1, Kjedarhaugen. Dette er ein gravhaug frå bronsealder – jernalder. Det er fleire sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet, men ingen av desse er meldepliktige.	Innspelet er i konflikt med automatisk freda kulturminne. Innspelet vil ikkje vera i konflikt med sefrak-registrerte bygg.	-2
Naturressursar Landbruk Marine ressursar		Barskog av høg og svært høg bonitet Overlapp med: Innmarksbeite: om lag 14,5 daa Overflatedyrka mark: om lag 5 daa Fulldyrka mark: Om lag 44 daa	I overkant av 70 prosent av innspelet, i overkant av 63 daa, overlappar med dyrka mark. Dei resterande delene av innspelet er i hovudsak bebygd, lauvskog og myr. Ei utbygging i området vil medføre negative konsekvensar for landbruksinteresser.	-3
Teknisk infrastruktur		Det er tilkomstveg i nærleiken som ein kan kopla seg på. Områda må tilretteleggast med infrastruktur, men ligg relativt tett på annan busetnad.		-1
Nærmiljø og stadutvikling		Innspelet vil i liggja relativt tett på annan busetnad i området. Etablering av fleire bustader i området vil kunne vera positivt for Oldereid, men innspelet ligg relativt langt frå næraste lokalsenter, som er Finnås.		0

Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal som myr, skog av svært høg og høg bonitet, og dyrka mark innanfor innspelet.	-2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	x
Strandsone	Innspelet ligg ikkje i strandsona.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet omfattar eit område som er spreidd utbygd, og gir grunnlag for meir spreidd utbygging i kommunen. Arealet ligg relativt langt frå senterfunksjonar.	


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Den vestlege delen av innspelet overlappar med aktsemdområde for snøskred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor aktsemdområde for kvikkleire.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg tett på aktsemdområde for flaum kring Oldereidtjørna i nordvest, og overlappar med aktsemdområde for flaum kring Finnåsvatnet.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vert ikkje påverka av stormflo/havnivåstigning.		
Nedslagsfelt drikkevatn	Liv og helse	Ytre miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg innanfor nedslagsfelt for drikkevatn.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Opning for fleire bustader i området vil potensielt medføre meir trafikk. Det er ikkje kjent at det er spesielle utfordringar knytt til området, men det er ingen tilbod til mjuke trafikantar i området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av området.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemdar eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ei høgspennlinje gjennom den nordvestlege delen av innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon er i Svortland, om lag 6 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-1/-2	0/-1	-2/-1	-2	-3	-1	0	-2	x


Det er relativt store negative konsekvensar av innspelet, mellom anna knytt til naturressursar og kulturminne, og innspelet ligg også innanfor fleire aktsemdområde med omsyn til naturfare. Innspelet må justerast til å omfatta dei områda som allereie er utbygde. Det bør ikkje etablerast nye bustader i randsona til Finnåsvatnet.


ROS-analyse: Skred, kvikkleire, flaum, nedslagsfelt drikkevatn, stråling frå høgspenn.



6.10 Langevåg

6.10.1 Langevåg 2a, gnr/bnr 57/34 og deler av 57/4 – Næring



	Arealet ligg til næringsareal som synt i utkast til ny KPA (1. gangshøyering); 
Arealstorleik planlagt arealbruk	Om lag 2 daa
Skildring av området	Innspelet ligg nord for eksisterande settefiskanlegg i Langevåg. Eidesvik Havfiske ønsker å utvide dagens parkeringsfasilitetar og legge til rette for framtidig utviding av settefiskproduksjon. Innspelsarealet er ubyggt, men det går ein sti ved innspelet.
Aktuelle problemstillingar	Næring Kulturminne

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med naturtypen kystlynghei, registrert med stor verdi. Naturvern: Ikkje registrert. Lenger nord ligg det eit forslått naturvernområde (Sørvestre Bømlø). Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert. Arter: I området rundt er det registrert storspove (EN), grønnfink (VU), granmeis (VU), ask (EN), villeple (VU). Framandarten blankmispel (svært høy risiko) er registrert i området. Markslag: Open fastmark, blandingskog (impediment).	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Det er fleire raudlista artar i området rundt. Ei utbygging av området vil medføre negative konsekvensar for registrerte naturtypar i området.	-2/-3
Friluftsliv	Det er ikkje registrert friluftslivs-område innanfor, eller i nærleiken av innspelet.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Landskap	Innspelet ligg innanfor landskapsområde Middels eksponert ytre slakt til småkupert kystslettelandskap med tettbebyggelse (NiN). Det meste av innspelet ligg innanfor landskapstypen Ytre Skjærgård med verdi 3 – middels verdi. Innspelet består i stor grad av småkupert heilandskap som dels er tresatt. Høgste punkt innanfor innspelet ligg i vest, og er om lag 26 m.o.h. Sjå 3D-kart her:	Ei utbygging i området vil medføre store terrenginngrep i eit relativt sårbart kystlandskap. Innspelet er ei utviding av eksisterande settefiskanlegg, og vidare utbygging vil såleis vera ei naturleg vidareføring av eksisterande næringsområde.	-2

	https://3dx.kommunekart.com/		
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ingen registrerte SEFRAK-bygg eller kulturminne innanfor innspelet. Det ligg fleire kulturminne i området rundt. Innspelet ligg innanfor Kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse (KULA-område) Søre Bømlø – Hespriholmen – Steinalderlandskap. Innspelet ligg innanfor registrert kulturminnerik strandsone.	KULA-området er sårbart for utbygging. Ei utbygging i området vil ikkje medføre direkte påverknad for kulturminne, men vil kunne påverke dei automatisk freda kulturminna negativt i den landskapsmessige konteksten dei ligg i.	-2
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Uproduktiv blandingskog.	Ingen kjende konsekvensar.	0
Teknisk infrastruktur	Området ligg i tilknytning til eksisterande settefiskanlegg. Eksisterande infrastruktur vil truleg kunna nyttast og vidareførast inn i det utvida området.		+2
Nærmiljø og stadutvikling	Innspelet er ei utviding av eksisterande anlegg. Området ligg relativt sentralt plassert i forhold til Langevåg, som er kategorisert som eit lokalsenter i kommunen. Utvidinga av området er i retning vekk frå eksisterande busetnad, noko som er positivt med omsyn til eventuell støy- og luktproblematikk.		+2
Karbonrike areal	Det er ikkje registrert spesielle karbonrike areal innanfor innspelet.		0
Næringsliv og sysselsetting	Ei utviding av næringsområdet vil vera positivt med omsyn til næringsliv og sysselsetting.		+2
Strandsone	Ikkje relevant.		
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er i tråd med den kommunale arealstrategien om å satse på sjønære næringsområde og eigna sjøareal til marin næring.		

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdsområde for skred.		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg under marin grense, og det er synt aktsemd kvikkleire. Registrert laus-massetype er Bart fjell.		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Mindre deler i nord overlappar med aktsemdsområde for flaum.		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje bli påverka av stormflo/havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er tilkomst til dagens settefiskanlegg via Eidesvikvegen. Trafikktryggleik må utgrei-ast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området.		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor innspelet.		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Støy frå anlegget og påverknad på nærliggjande busetnad er eit tema som må utgreiast i samband med reguleringsplan for området.		
Stråling frå høgspent	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje høgspentlinjer innanfor eller i nærleiken av innspelet.		

Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, om lag 800 meter frå innspelet i luftlinje.
------------------	---

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2/-3	0	-2	-2	0	+2	+2	0	+2


Innspelet er i vesentleg konflikt med fleire registreringar, særleg knytt til naturmangfald, landskap og kulturminne. For å unngå særleg negative konsekvensar for kulturminna nord for innspeletsarealet, må arealet avgrensast i nord slik at ein bevarer dei høgaste delane av terrenget som ein visuell landskapsbuffer mot lokalitetane i nord.

Det er store positive samfunnsmessige konsekvensar ved innspelet. Det må gjennomførast ein reguleringsplan for området der tiltaka vert tilpassa registreringane i området.

ROS-analyse: Kvikkleire, flaum, trafikktryggleik, støv

Fagleg vurdering: Justert tilråding, sjå tekst over

6.10.2 Langevåg 7, gnr/bnr 62/3,4,5,7,8,10, LNF-spreidd fritid

Skildring av arealendringa:	
Gjeldande arealbruk LNF Omsynssone friluftsliv (H530_8, Ulvesøyane, Finnåsvika/Børøyfjorden – friluftsområde og statleg sikra friluftsområde.	Arealendring 
Planlagt arealbruk LNF – Spreidd fritid	
Arealstorleik planlagt arealbruk	54 daa
Skildring av området	Innspelet ligg ved Rysseid/Hjartnes, og omfattar fleire fritidsbustader som i dag ligg i LNF-område. Det er ønskeleg at arealføremålet i området samsvarer med faktisk bruk av området. Innspelet ligg dels i strandsona.
Aktuelle problemstillingar	Strandsone

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med 2 område med naturtypen hule eiker (lav og moderat kvalitet), og to område med naturtypen frisk lågurtedellauvskog med svært høy lokalitetskvalitet. Naturvern: Ikkje registrert innanfor innspelet. Tjongspollen naturreservat ligg sør for innspelet. Føremålet med dette reservatet er å ta vare på sjeldan og sårbar natur i eit større naturprega skog- og kystlandskap utan vesentlege inngrep. Vilt/funksjonsområde: Ikkje registrert Arter: Gul pærelav (NT), villeple (VU), ask (EN), hasselrurlav (NT), tornflekklav (VU), alm (EN), kystblåfiltlav (NT), praktfiltlav (VU), kystprikkav (VU), trelegglav (EN), geitsvingel er registrert innanfor innspelet Markslog: Barskog, lauvskog, fulldyrka jord, myr, innmarksbeite, bebyggd	Tiltaket vil medføre arealbeslag, og nedbygging av eit område som kan ha funksjonar for naturmangfald lokalt. Strandsona er utsett for utbyggingspress, og naturmangfaldet i strandsona er generelt sårbart for inngrep og arealbeslag. Det er registrert fleire naturtypar og raudlista artar innanfor innspelet. Ei vidare utbygging i området vil medføre negative konsekvensar for naturmangfald.	-2
Friluftsliv	Innspelet ligg innanfor det svært viktige friluftslivområdet Kanalane og sjøareal i nærleiken. Det er registrert ein kyststi inn i området, som går frå Hjartnesvågen til Bergeseidet. Deler av innspelet ligg innanfor 100-metersbeltet mot sjø. Områda kring dei to fritidsbustadane er definert som ikkje potensiell tilgjengeleg strandsone (SSB), mens områda i bakkant er definert som potensielt tilgjengeleg strandsone med varierende hellingsgrad.	Ei vidare utbygging i området kan medføre negative konsekvensar for det registrerte friluftslivområdet, og vil medføre ytterlegare privatisering av strandsona i området.	-2
Landskap	Landskapet i området er registrert som skjerma indre slakt til småkupert kystslettelandskap (NiN). Landskapstypen er registrert som våg- og smalsundlandskap, med verdi 4 – Stor verdi. Landskapet i området er småkupert, og terrenget stig frå havnivå til om lag 36 m.o.h. innanfor innspelet. Det er spreidd busetnad i området med fritidsbustader Sjå 3D-kart her: https://3dx.kommunekart.com/	Ei vidare utbygging i området vil medføre negative konsekvensar for landskapet i området. Strandsona nærast sjøen i området er allereie utbygd med fritidsbustader.	-1/-2
Kulturminne og kulturmiljø	Det er ikkje registrert kulturminne, kulturmiljø eller sefrak-registrerte bygg innanfor innspelet.	Ingen kjende konsekvensar	0
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Det er registrert lauvskog av høg bonitet, fulldyrka jord og innmarksbeite innanfor innspelet	Ei vidare utbygging i området vil kunne medføre negative konsekvensar for registrert dyrka mark i området.	-2

Teknisk infrastruktur	Innspelet ligg i eit område med eksisterande fritidsbustader, og det er truleg mogleg å kople seg til eventuell infrastruktur i området. Det er ikkje vegtilkomst til området.	0
Nærmiljø og stadutvikling	Det er allereie etablert fritidsbustader innanfor innspelet. Innspelet ligg ikkje tett på etablerte senter i kommunen	0
Karbonrike areal	Det er registrert karbonrike areal i form av myr og skog av høg bonitet i området.	-2
Næringsliv og sysselsetting	Ikkje relevant	
Strandsone	Innspelet ligg dels innanfor 100-metersbeltet, og ønska arealbruk er fritidsbustad. Strandsonerettleiaren for Vestland presiserer at nye område for bustad og fritid skal som hovudregel ikkje leggjast i strandsona, og at ein bør vera tilbakehaldne med å leggja til rette for ny fritidsbusetnad i strandsona. Strandsonerettleiaren seier vidare generelt at tiltak bør samlast og lokalisert i tilknytning til annan busetnad. Innspelet er såleis dels i tråd med strandsonerettleiaren, då det er snakk om område med eksisterande busetnad.	
Samfunnsnytte og berekraft	Innspelet er ikkje i tråd med føringar om å prioritere tilgjengeleg og funksjonell strandsone for ålmenta.	


ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for skred		
Kvikkleire	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Deler av innspelet ligg under marin grense		
Flaum	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet ligg ikkje innanfor aktsemdområde for flaum		
Stormflo/havnivåstigning	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Deler av innspelet vil vera utsatt for stormflo og havnivåstigning		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Trafikktryggleik	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje vegframføring til området		
Forureina grunn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det er ikkje registrert forureina grunn innanfor eller i nærleiken av innspelet		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Innspelet vil ikkje medføre støy. Det er ikkje kjent at det er verksemdar eller tiltak i nærområdet som vil føre til støypåverknad på området.		
Stråling frå høgspenn	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdiar/samfunn
	Det går ikkje høgspennlinjer gjennom innspelet.		
Innsatstid brann	Næraste brannstasjon ligg i Langevåg, om lag 6,5 km frå innspelet i luftlinje.		

Samla vurdering og tilråding:

Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Karbonrike areal	Næringsliv og sysselsetting
-2	-2	-1/-2	0	-2	0	0	-2	x

Det er allereie etablert nokre fritidsbustader i området, og det vil vera naturleg at føremålet vert endra slik at det er i samsvar med eksisterande bruk av området. Innspelet vert såleis tilrådd, til eksisterande tiltak, som LNF-spreidd fritidsbustad. Ei vidare utbygging i området vil medføre negative konsekvensar, mellom anna for naturmangfald,

friluftsliv og naturressursar. Det bør såleis ikkje opnast for fleire fritidsbustader i området enn dei som allereie er etablert.



ROS-analyse: Kvikkleire, stormflo/havnivåstigning

Fagleg vurdering: Justert tilråding, til eksisterande fritidsbustader

6.11 Akvakultur

6.11.1 Sølvøyane

Skildring av arealendringa:


Gjeldande arealbruk

Bruk og vern av sjø og vassdrag (FFNF)
Fiskeri, trålfelt (Fortøyingsareal)
Omsynssone bevaring naturmiljø H560_7

Planlagt arealbruk

Akvakultur

Arealendring



Arealstorleik planlagt arealbruk

Ca. 800 daa, der ca. 530 daa er nytt AK-areal (utvida areal).

Skildring av området	Innspelet ligg nord for Espevær og aust for Nordøyane. Det er firmaet Bremnes Seashore som driv på lokaliteten. I dag har lokaliteten eit produksjonsløyve på inntil 5460 MTB matfisk av laks og regnbogaure.
Potensial/avgrensingar	Utviding av eksisterande akvakulturområde gir moglegheit for flytting eller justering av eksisterande anlegg, samt arealmessig eit grunnlag for større anlegg og produksjon (MTB). Akvakulturføremålet vil omfatte både anlegg og fortøyingar. I dag går fortøyingar til godkjent og etablert anlegg utanfor akvakulturføremålet i gjeldande KPA. Innspelet til akvakultur er synt som arealsone akvakultur og kombinert arealsone med akvakultur i regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger.

Konsekvensutgreiing	Verdi	Konsekvens	
Naturmangfald på land, i sjø og vassdragsnatur	Naturtypar: Innspelet overlappar med kartfesta marine naturtypar større kamskjel-førekomstar med verdi viktig, samt skjelsand med verdi viktig. I nærleiken finn ein fleire registreringar; tareskog og skjelsand. Naturvern: Ikkje registrert innanfor. Om lag 100 m frå innspelet til sjøfuglreservat knytt til øyane Ut-sletteøy, Joøy og Upsøykalven. Vilt/funksjonsomr.: Ikkje registrert. Vestre del av Nordøyane er registrert som funksjonsområde for ærfugl, Eldesvika. Artar: Innanfor innspelet er det registrert Stormsval (VU). Svært mange registreringar i nærleiken og på land. Anadromt vassdrag: Nærmaste kartfesta vassdrag er Kvaleelva ved Haugesund, avstand over 19 km i luftlinje. Gytefelt/oppvekst-/beiteområde: Ikkje registrert. Kystvassførekomst: Bømlo-Indre. Moderat økologisk tilstand og dårleg kjemisk tilstand.	Potensiell påverknad for naturmangfald er knytt til støy/aktivitet, organisk utslepp, lakselus og sjukdomssmitte. Innspelet vil ha noko avgrensa påverknad då det er etablert anlegg på lokaliteten i dag. Endringa omfattar areal som vil påverke dei registrerte kamskjell- og skjelsandførekomstane. Utviding av føremålet kan potensielt gi plass for eit større anlegg og større produksjon. Dette vil igjen kunne ha verknad for villfiskbestandane og kystvassførekomst.	-2
Friluftsliv	Statleg sikra friluftområde: Ingen innanfor, eller i nærleiken. Kartlagde friluftsområde: Ingen innanfor. I nærleiken; Espevær, som er eit svært viktig friluftsområde med spesielle kvalitetar. Roaldsfjorden, som er eit svært viktig friluftsområde for utfart, ligg aust for innspelet. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-område. På landsida aust for innspelet er det også LNF-område.	Innspelet er ikkje i direkte arealkonflikt med registrerte friluftsområde. Det er lovfesta fiske- og ferdselsforbod kring akvakulturanlegg på 100 og 20 meter.	-1

Landskap	Arealet er del av landskapstype (NiN); Marine dallandskap. Landskapsverdi Hordaland: Stor verdi, ytre skjergard. Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-område. På landsida aust for innspelet er det også LNF-område.	Flytande anlegg som er synleg på sjøoverflata. Arealet er utviding av eksisterande føremål, utover fjorden som gir anlegget verta noko meir eksponert enn dagens kommuneplan og anlegg. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, men i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan i ha negativ verknad for landskapsopplevinga, men noko avgrensa pga. eksisterande anlegg.	-1
Kulturminne og kulturmiljø	Ingen registrerte kulturminne i sjø eller på land, eller eldre bygg/SEFRAK-registreringar nærmast på land. Kulturlandskap, KULA: Innspelet overlappar med Søre Bømlo – Hespriholmen. Steinalderlandskap	Innspelet er ikkje i direkte area-konflikt med registrerte kulturminne. Det overlappar med kulturlandskap. Anlegget vil vera godt synleg i nærområdet, med i mindre grad frå fjernare areal. Utviding kan i ha negativ verknad for landskapsopplevinga, men noko avgrensa, då det allereie er etablert anlegg på lokaliteten.	-1
Naturressursar Landbruk Marine ressursar	Fiskeplassar – aktive reiskap: Innspelet overlappar med trålfeltet Vest av Gissøya (reketråling) og Bømlo sørvest som er eit mykje nytta felt for fiske etter sei. Fiskeplassar – passive reiskap: Innspelet overlappar med feltet Nordøyane- Holsøyane som nyttast til garnfiske etter fleire artar. Låsettingsplass: Ikkje registrert. Skjelsandkonsesjon: Ikkje registrert.	Dagens anlegg er lokalisert i fiskeplass for aktive og passive reiskap. Utvida arealføremål til akvakultur avgrensar og forringar bruken av felte ytterlegare, men noko avgrensa pga. etablert anlegg med ankerfesta i området. Innspelet frå møte med lokale fiskarar viser at ev. nye ankerfeste i sør vil øydelegge trålfeltet.	-2/-3
Teknisk infrastruktur	Innspelet i grøn sektor frå lykta Dyrnes. Farleia, bilei, Ryvarden-Goddeskjær ligg aust for innspelet, på det minste ca. 60 m. Innspelet ligg utanfor farleiareal. Ingen registrering av ankrings-, rigg- eller opplagsområde ved innspelet.	Innspelet kjem nærare farleia enn dagens kommuneplan opnar for. Det er god passasje for ferdsel i området.	-1
Nærmiljø og stadutvikling	Areal på land nærmast innspelet er regulert til LNF-område. På landsida aust for innspelet er det også LNF-område. Akvakulturføremålet er eksponert, men pga. avstandar i mindre grad synleg frå busetnad på land.	Innspelet gir grunnlag for større anlegg, men pga. det er etablert anlegg her i dag vil utvidinga truleg ikkje medføre vesentleg auke i støy /skjemmande aktivitet. Innspelet er noko meir eksponert, men det er lang avstand til busetnad.	0
Næringsliv og sysselsetting	Innspelet gir grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt utviding av anlegget. Arealet gir avklarte rammer for framtidig utvikling på lokaliteten, og varige løysingar slik at selskapet		+1

	kan investera i lokaliteten. Innspelet medverkar til føreseielege og trygge arbeidsplassar for dei tilsette i selskapet. Ev. endringar utover dagens situasjon skal handsamast av konsesjonsmynde der ev. vilkår for drift/arealbruk vert sett.	
Samfunnsnytte og berekraft	Gjeldande samfunnsdel til kommuneplanen, #Bømlo2049, inneheld arealstrategiar som er sentrale å følgje opp i ny arealdel. Innspelet er i tråd med følgjande føringar frå samfunnsdelen: Eigna sjøareal til marin næring	

ROS-analyse			
Naturfare			
Skred	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet overlappar ikkje med fare- eller aktsemdsområde for skred.		
Ekstremvær Vind og bølger	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet ligg på vestsida av Bømlo, delvis eksponert men relativt skjerma av øyane kring Nordøyane. Kvart anlegg skal godkjennast med anleggs sertifikat som dokumenterer at anleggskonfigurasjonen skal tole dei lokale naturkreftene. I tillegg er det krav om risikobasert tilsyn, varsling av uvær og krav til alarm. Generelt er sannsyn for skadar på grunn av ekstremvær er vurdert til å vera låg med bakgrunn i gjeldande lovverk, medan konsekvensen er høg. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar.		
Menneske- og verksemdbaserte farar			
Ullukke på sjø	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Innspelet ligg ved bileia Ryvarden-Goddeskjær, minsteavstand ca. 60 m. Endringa gjer at AK-arealet kjem nærare enn dagens KPA. Det er vurdert at endringa ikkje gir auka risiko for hendingar. Det kan skje uhell mellom fritidsbåt og anlegget, samt uhell mellom brønnbåt og anlegget. Det er krav om merking av anlegget, samt at generelt fiske- og ferdselsforbod reduserer risikoen for ulykke. Båtførarar må vise aktsemd ved anlegget. Den viktigste føreseigna i fartsforskrifta er den generelle aktsomhetsnorma i § 2 (generell fartsbegrensning).		
Støy	Liv og helse	Ytre Miljø	Mat. verdier/samfunn
	Det er lang avstand mellom innspelet og eksisterande busetnad og regulerte utbyggingsområde.		

Samla vurdering og tilråding:


Naturmangfald	Friluftsliv	Landskap	Kulturminne og kulturmiljø	Naturressursar	Teknisk infrastruktur	Nærmiljø og stadutvikling	Næringsliv og sysselsetting	Samfunnsnytte og berekraft
-2	-1	-1	-1	-2/-3	-1	0	+1	X

Positive konsekvensar er knytt til at innspelet gir planmessig grunnlag for at dagens lokalisering av anlegget er i tråd med kommuneplanen, samt gir fleksibilitet med omsyn til endringar på anlegga, og moglegheit for framtidig teknologisk utvikling.

Det er negative konsekvensar av innspelet då innspelet er ei vesentleg utviding av etablerte anlegg og akvakulturføremål i kommuneplanen. Dette gir negative verknadar for m.a. naturmangfald, friluftsliv, landskap, naturressursar og teknisk infrastruktur.

Det opphævelege innspelet, som omfatta ei utviding av AK-føremålet sørover, vart konsekvensutgreidd og positivt tilrådd med vilkår at eksisterande akvakulturareal lengst nord vert endra til bruk og vern av sjø og vassdrag. Dette arealet vart såleis lagt inn i kartet til førstegongshøyring. Det er berre arealet som sjølve anlegget i overflata brukar, og ikkje fortøyingssona, som vert lagt inn som akvakulturføremål i kartet. Det vert såleis ikkje opna for at heile fortøyingssona kan visast som akvakulturføremål. På bakgrunn av dette vert tilrådinga lik som til førstegongs høyring.

ROS-analyse: ingen



Samla fagleg vurdering: Justert tilråding til same areal som til førstegongs høyring (sjå kart over)

Politisk endring: Ta inn.